



**Statsforvalteren i Møre og Romsdal**



**Årsrapport 2022**

# Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	8
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	8
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	8
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	10
Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	10
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene	15
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	15
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	17
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	18
3.1.1.6 Andre oppdrag	20
3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	21
3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utrykkes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	23
3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	24
3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	24
3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene	26
3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	27
3.1.1.13 Bærekraftig landbruk	31
3.1.1.14 Andre oppdrag	32
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	32
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	32
3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	34
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	35
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	36
3.1.2.5 Andre oppdrag	37
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne	37
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	37
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	39
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	41
3.1.3.4 Andre oppdrag	44
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	44
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	45

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	46
3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	54
3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	54
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	54
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	56
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	56
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	56
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	56
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	56
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	56
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	56
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	57
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	57
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	57
3.2.9 Landbruksdepartementet	57
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	57
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	88
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	89
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	90
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	90
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	90
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	90
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	90
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	90
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	90
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	91
5 Vurdering av framtidssikter	92
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	92
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	92
6 Årsregnskap	93
7 Vedlegg	94

# 1 Statsforvalterens beretning

**Utfordringane innan samfunnstryggleik og beredskap vart brått mykje større etter** Russland sin invasjon av Ukraina. Heile året vart naturleg prega av dette på mange av Statsforvaltaren sine områder. Heldigvis har busetting og oppfølging av flyktningar gått bra i Møre og Romsdal. Totalt vart 2365 flytningar frå Ukraina busett i kommunane i vårt fylke, av desse 825 barn.

Embetsleiinga har utvikla eit tettare strategisk samarbeid mellom politi, forsvar (HV11) og Statsforvalteren. I tillegg til det operative samarbeidet vi har gjennom Fylkesberedskapsrådet og med kommunane. Seinast i november hadde vi ei felles skrivebordsøving som handla om handtering av ei atomulykke.

Totalforsvaret i Region-Midt har årlege møter, og i fjor haust reiste vi i lag til Brussel. Her møtte vi mellom anna representantar frå Finland og Sverige som snakka om deira sin søknad om NATO medlemskap, og korleis vi kan samarbeide når dei blir medlemmar i NATO. Vi var også hos NATO, noko som var svært relevant og lærerikt. Kvar haust er vi aktivt med i i kampanjen om eigenberedskap, og med krig i eit europeisk land, vart innbyggjarane ekstra oppmerksame dette året.

Vi har oppdatert vår FylkesROS, som har mange relevante hendingar kommunane kan trene på.

**Kommunebesøk:** Som ny statsforvalter hausten 2021, starta eg og assisterande statsforvaltar ein besøksrunde til alle 26 kommunane i fylket. Pga nye og strengere smitteverntiltak, rakk vi berre å besøke 21 kommuner før jul i 2021. Dei resterende 5 kommunebesøka vart gjennomført i mars 2022. Tema var berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og demografiutvikling. Det var nyttig å møte politisk og administrativ leiing og ikkje minst få treffe ungdomsrådsleiarane og høyre kva dei var oppteken av. Meir hjelp til ungdom med psykiske problem, aktivitetstilbod og kollektivtilbod er noko alle ungdomsrådsleiarane er oppteken av.

**Kommuneøkonomi:** Situasjonen i kommunene er prega av høg lånegjeld og bruk av disposisjonsfond. Likevel har vi gått fra 3 til 2 ROBEK kommuner i løpet av 2022. Da regjeringen bestemte at Haram kommune skulle bli eigen kommune, oppretta vi ein jevnleg dialog med administrativ og politisk leiing i Ålesund. Dette for å gje støtte i ei krevjande tid, med stor usikkerhet knytt til økonomi i omstillingsarbeidet.

## Forventningsbrev til kommunane:

I starten på nytt år sender vi ut eit "forventningsbrev" til alle våre kommunar. Her oppsummerer vi i bredt kva for nasjonal politikk som gjeld, og dermed også forventningar til kommunane. Dette har blitt eit veldig godt og tydeleg dokument, som kommunane melder er nyttig. Det er med på å gje både politikarar og administrativ leiing ei god oversikt over oppgåver og kommande endringar gjennom nye lover mm,

**Kongebesøk:** I slutten av august kom endeleg Kongeparet på fylkesreise til Møre og Romsdal. Dette var tredje forsøk på å få til fylkesbesøk for Kongeparet, men pandemien stoppa det både i 2020 og i 2021. Denne gongen var det kommunane; Fjord, Sykkylven, Vanylven, Sande og Hareid som fekk besøk. Vi la ned mykje arbeid saman med politi, hoffet og kommunane, for at det skulle bli fem unike folkefestar. Og det vart det! Kongeparets besøk betyr mykje for å bygge samhald, lokal identitet og stoltheit. Og med sol frå skyfri himmel 3 dagar til ende, vart det meir som eit eventyr. Og snipp snapp snute, så har Kongeparet besøkt alle kommunane i Møre og Romsdal. I etterkant laga vi ei bok om denne unike fylkesreisa, som kongeparet og alle kommunane fekk til jul. Sjølve reisa og opplevingane både ombord i kongeskippet og på land, blei skildra av statsforvaltaren i boka.

**Møre og Romsdal 2025** er eit samarbeid med fylkeskommunen som har gitt gode resultater mellom anna innfor digitale satsingar, utanforskap, ungt entreprenørskap og ikkje minst arbeidet med berekraft. Kartlegging av kommunane opp i mot FNs berekraftsmål viser at vi må bli mykje flinkare innan sirkulær økonomi, hindre utanforskap, og betring av tilstanden med vann og avløp.

Nyttårskonferansen, som også er ein del av dette samarbeidet, vart i 2022 utsett frå januar til april pga pandemien. Dermed vart det nyttårskonferanse med vårkjensle, og det fungerte bra.

**Sommarmøte 2022:** I fjor sommar var det vår tur til å arrangere sommarmøte for alle statsforvaltarane. Møtet vart lagt til Ålesund, og vi tok dei med til Framtidslabben. Her vart det mykje fokus på Berekraftsutfordringar globalt, nasjonalt og smarte løysingar lokalt.

**Spesielt krevjande saker:** Vi har hatt store og krevjande saker innan forureining. Miljøservice Eide AS vart politianmeldt for brot på forureininglova, Saka er meget alvorleg, og politiet har fått bistand frå både Kripos og Økokrim.

Eide Miljøservice AS etterlot seg store mengder avfall lagret inne i to haller og ute på det 43.000 kvadratmeter store området på Eide. Heilt siden 2008 har Statsforvaltaren krevd at Miljøservice Eide AS rydda opp i det som no er rundt 1000 tonn med søppel på virksomhetens industrieiendom. 18 tilsyn er gjennomført – uten at det blei rydda opp. Firmaet gjekk konkurs for 3 år sidan. Miljødirektoratet har innvilga 2 mill.kroner til opprydding for 2023.

**Leiarutviklingsprogrammet Vidsyn:** Vi har lært oss å bruke ei rekkje verktøy som kan hjelpe oss til å bli ei betre leiargruppe, og betre leiarar. Vi har valt ut 3 områder vi vil jobbe meir med i tida framover. Det gjeld leiarkultur, rekruttering og behalde dyktige medarbeidarar, samt bli enda betre på samordning. Vi har innført "Ni-timen" som eit nytt tiltak. Her samlast leiargruppa til å diskutere og jobbe seg gjennom konkrete utfordringar. Til dømes "korleis skal vi bygge god lagånd i leiarlaget".

**Interne forhold:** Vi traff rimeleg godt på budsjettet med eit mindre-forbruk på kr 1.004.000 (1 %)

Vi har god måloppnåing til tross for ein del tøffe prioriteringar pga vakansar og sjukefråver.

Vidare er det krevjande å jobbe med prosjekt som ikkje er fullfinansiert. Til dømes verjemål og FUFINN- prosjektet. Når det gjeld sjukefråveret har dette auka frå 3,8% i 2021 til 5,4% i 2022. Noko av årsaka har vore høgt arbeidspress over tid, samt at mange har vore sjuke av covid-19.

Vi har redusert kostnadane på reiser, og fått fleire møter over på teams.

Etter ti år med same organisasjonsstruktur, har vi satt i gong ei evaluering av denne. I prosessen har vi leid inn AFF til å bistå oss med eit eksternt blikk. Dei har intervjuet alle tilsette og kjører ein god og inkluderande prosess. Rapporten vil bli levert innan utgangen av 1. kvartal 2023.

Avslutningsvis må eg nemne at vi, som andre embeter, i løpet av 2022 har merka korleis arbeidsmarknaden har stramma seg til, og at vi slit med å rekruttere inn rett kompetanse. Spesielt har vi erfart dette med ledige juristsstillingar. Vi såg oss derfor nødt til å gje denne yrkesgruppa eit betydeleg lønnsloft under 2.5.3 forhandlingane "på særskilt grunnlag" hausten 2022.

## 2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

### 2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvaltaren er Kongen og Regjeringa sin representant i fylket, og vi er tillagt ei rekkje oppgåver frå departement, direktorat og tilsyn.

"Trygg framtid for folk og natur" er visjonen for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, og vi synes denne gir ei god oppsummering av samfunnsoppdraget i stort.

Sidan 2015 har FNs berekraftsmål vore sentrale målsettingar globalt og nasjonalt. Dette er verdas arbeidsplan fram mot 2030, vårt viktigaste samfunnsoppdrag og vi har dårlig tid! Mykje av berekraftsarbeidet må skje ute i kommunane, men heile offentleg sektor, saman med næringsliv og innbyggjarar har eit stort ansvar for at vi skal nå berekraftsmåla innan 2030

Til hausten får vi nye politikarar i kommune-noreg. Noko av det aller viktigaste Statsforvalteren kan bidra med, saman med KS er kompetansebygging om bærekraft. Vi må greie å nå måla innan 2030. Det finnes ingen plan B!

Derfor er det bra at fokuset på berekraft kjem enda tydeligare fram i tildelingsbrevet for 2023.

For å lykkast med det aller største samfunnsoppdraget, FNs berekraftsmål innan 2030, så blir det viktig at vi som statsforvaltar nyttar handlingsrommet i alle våre roller. Det gjeld

- iverksetting av nasjonal politikk
- Samordningsrolla vår og den mynde vi har i den
- Rettstryggleik
- og sist, men ikkje minst, informasjon, kunnskapsinhenting, initiativ og forslag.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har sidan 2019 hatt tett samarbeid om fylkeskommunen om utvikling av berekraftsfylket Møre og Romsdal. Vi har brukt prosjektskjønnsmidlar til dømes for å bygge meir robuste plansamarbeid. Eit godt planarbeid er grunnmuren i ei berekraftig samfunnsutvikling. Vi har og nytta prosjektskjønnsmidlar for å få med alle kommunane inn i kartlegging av berekraftsmåla, og vi har teke initiativ til å utvikle vidare berekraftsprosjekt i lag med kommunane. Fylkesløft, kor alle kommunane er med, er viktig for utviklinga av Møre og Romsdal. Og vi erfarer at effekten av prosjektskjønnsmidlane blir større.


Vi opplever at krava til vår samordningsrolle blir større! Vi har mange møteplassar gjennom året med regional stat, kommunar og våre oppdragsgivarar. Den største hindringa for å nå FN sine berekraftsmål er den auka sektoriseringa.- Meir samarbeid, meir samordning og dialog må til, og her har Statforvaltaren ei sentral rolle.

Krigen i Ukraina har forsterka behovet for samarbeid mellom politi, forsvar ( HV-11) og statsforvaltaren.

Vi samarbeid med andre statsforvaltarar innan dei ulike sektorområda, både på direktørmivå og på sakshandsamarnivå. Leiarutviklingsprogrammet gjennom VIDSYN har i så måte vore positivt, men fortsatt trur vi det er eit potensiale i å samarbeide meir for å finne " beste praksis"

Til slutt må vi kommentere samarbeidet med STAF. Vi opplever at det i stor grad er vilje hos leiinga, men at det manglar kompetanse lengre ned i organisasjonen hos STAF. Eit døme er eit vell av feilføringar av saker, som i nokre tilfeller har gått utover rettstryggleiken. Serviceinnstillinga varierer stort. Etter snart 5 år med STAF burde vi vore kome lengre! Men, når dette er sagt, så er det og mykje som er bra med STAF, og oppgåvene dei utfører. Ikkje minst i eit tryggleiksperspektiv.

### 2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvalteren i Møre og Romsdal er lokalisert til Fylkeshuset i Møre og Romsdal, med adresse Molde.

Else-May Norderhus tiltrådte som Statsforvaltar 1. oktober 2021.

Ho har ei leiargruppe på 9 personer med seg. 5 direktørar, 3 stabslaiarar og ass. statsforvaltar.

Avdelingane er organisert med direktør og ass. direktør som alle har personalansvar. I tillegg er det frå 2-5 fagleiarar på kvar avdeling. Dei har ikkje personalansvar - kun fagansvar!

SFMR har hatt same organisasjonsstruktur i snart 10 år. Bortsett i frå eit forsøk dei siste 3 åra med å flytte beredskap ut i frå Justis og verjemål og inn som stab. Hausten 2022 starta vi opp ei evaluering av organisasjonsstrukturen. Gitt alle nye utfordringar i samfunnet rundt oss og i samfunnsoppdraget, så blir spørsmålet; er vi godt nok organisert for å møte utfordringane dei neste 10 åra? Det kjem det svar på i neste årsrapport.

Leiarutviklingsprogrammet VIDSYN har vore eit bra opplegg for å utvikle både leiargruppa, bygge meir kompetanse og ikkje minst bli meir kjent på tvers av embeta.

Ved årsskiftet hadde vi 138 årsverk, mot 151 i 2021. Dette er ikkje ein reell nedgang i stillingar, då det skyldast vakansar og ledige stillingar.

### 2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Nøkkeltal viser færre tilsette i 2022 enn 2021, dette er ikkje reelt, men kjem av vakanse i stillingar som er lyst ut, men som ikkje har oppstart før vår 2023. På grunn av vakanse i stillingar og høgare budsjetttramme er lønnsandelen av driftsutgifter mindre enn 2021.

Både turnover og sjukefråværet i koronatida var unaturleg lavt og det er som forventa at desse var høgare i 2022. Sjukefråværet er høgare enn måttalet som vi har satt for oss sjølv, noko som gjer at vi fortsatt må ha eit fokus på å auke nærværet.

Våre driftsutgifter i 2022 er høgare enn 2021, men vi har god økonomistyring trass utfordring med å budsjettere SPK utgifter og vi har eit mindre budsjettavvik enn dei siste åra.

#### Nøkkeltall

Nøkkeltall	2022	2021
Antall ansatte	138.0	151.0
Utførte årsverk	126.0	131.6
Turnover (%)	6.2	3.8
Sykefråvær (%)	5.4	3.8
Samlet tildeling alle poster	261 128.0	299 418.0
Budsjettavvik (%)	1.0	1.9
Driftsutgifter (brutto)	99 906.0	97 702.0
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	83.3	85.2
Lønnsutgifter per årsverk	909 044.0	869 580.0
Husleie (tusen kr)	9 187.0	8 208.0
Journalposter (totalt)		

## 3 Årets aktiviteter og resultater

### 3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

#### Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

##### Forventningsbrev til kommunane

Statsforvalteren i Møre og Romsdal sender ut eit eige Forventningsbrev til kommunane i januar/februar, og dette er ein god måte å formidle nasjonal politikk på. Kommuneleinga gir gode tilbakemeldingar på oversikten som Forventningsbrevet frå Statsforvaltaren gir dei.

##### FNs berekraftsmål

Arbeidet med FNs berekraftsmål held fram i auka tempo, og gjennom leiarutviklingsprogrammet "VIDSYN" var det mogleg å vere med på 3 ulike fagmodular. Berekraft var ein av dei. Desto fleire leiarar og tilsette som får kompetanse på berekraftsområdet, desto betre kan vi utføre oppdraget med å følge opp berekraftsmåla i vårt fylke.

Her i Møre og Romsdal har vi eit godt samarbeid med Fylkeskommunen, og vi har fått med alle kommunane i arbeidet for å nå berekraftsmåla. Til dømes er alle kommunane kartlagt om korleis dei ligg an for å nå berekraftsmåla, finansiert med prosjektskjønnsmidlar, jfr årsrapport 2021

Samlerapporten om berekraftsmålinga frå Fylkeskommunen viser spesielt til 6 områder som kommunane ikkje skårar så godt på, og som dei med fordel kan samarbeide med fleire kommunar for å løyse. Til dømes store utfordringar innan vatn og avlaup. I tillegg kjem vi dårleg ut på "relativ fattigdom". For mange born og unge veks opp i familiar med dårleg råd. Gjennom samarbeidet i Levekårsnettverket så har vi mellom anna jobba aktivt for å få kommunane med på å bruke meir startlån for å bryte fattigdom som går i arv.

Sirkulærøkonomi, berekraftige bygg, mattryggleik og betre utnyttig av teknologien sine moglegheier, er dei andre områda. Vi har nå starta opp prosjekt på alle områda, og vi nyttar prosjektskjønnsmidlar for å bidra til denne innovasjonen.

Plan er det beste styringsvertyet for kommunane og staten for å sikre at vi arbeider mot ei meir berekraftig framtid. Natur og klima må sikrast, og vi merker at det sakte men sikkert også skjer ei haldningsendring blant politikarane i kommunane. Alvoret sig inn, og alle må ta inn over seg konsekvensane, og gjere sitt for å motverke at det blir verre. Vekst og utvikling på den eine sida, medan jordvern, klima og natur skal ivaretakast på den andre sida. Her er det til tider store målkonflikter!

##### Eit døme på bruk av teknologi som har gitt god effekt

For å gje ein meir effektiv og tilgjengeleg tilgang til opplæring og kompetanse om lov om sosiale tenester i NAV, har vi laga opplæringsfilmar knytt til lov om sosial tenester. Med å digitalisere opplæringa når vi fleire og den kan brukast når NAV kontora og den einskilde tilsette treng det. Dette har gitt stor effekt på den generelle opplæringa i lov om sosiale tenester.

##### Om fastlegeordningen i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren følger med på fastlegekapasiteten i kommunane, inkludert lister utan fastlege. Gjennom 2022 var det en jamn auke av lister utan fastlege i fylket. Tala er henta frå Helfo, samt ved direkte kontakt med kommunane.

Lister utan fastlege i fylket auka frå 21 – 35 i løpet av 2022. Det betyr at omlag 26.000 innbyggjarar stod utan fastlege ved årsskiftet.

Fastlegekapasiteten også gått ned. Hausten 2022 var det 8 kommunar som ikkje hadde ledige listeplassar i det heile, i tillegg var det andre forhold som i praksis ga lite eller ingen høve til å bytte fastlege for pasientane i 11 kommunar.

Gjennomsnittleg størrelse på listelengde har gått ned i fylket, i tråd med resten av landet. Dette har gitt behov for å auke talet på heimlar. Kommunane som har lukkast betre peiker mellom anna på årsaker som gunstige rekrutteringstiltak iverksett av kommunen, tilbod om fastløn eller at legekantora vert drifta av kommunen, oppretting av fleire heimlar for å avlaste dei andre legane, interkommunalt vaksamarbeid, godt samarbeidsklima mellom legane og kommunen, samt at nyttilsette legar har lokal tilknytning.

Vi ser at det er ulikt kor langt kommunane er komne i oppretting av rådgjevande eining for russaker. I 2022 har vi saman med KORus, NAPHA og KBT hatt regionale dialogmøter med alle kommunane i fylket. Målet var gjensidig informasjonsutveksling og kartlegging av deira ulike utfordringar. Funna skal leggje grunnlaget for planlegginga av felles aktivitet i 2023.

**Landbruksavdelinga** legg vekt på å formidle informasjon om nasjonal landbrukspolitikk. Informasjon om landbrukspolitiske mål skal formidlast til både næring og kommunal forvaltning. Også innan landbrukssektoren er kommunane vår viktigaste samarbeidspartner.

For nokre år sidan hadde vi eigne midlar til å bygge kompetanse i kommunane. Med bakgrunn i at vi har fleire "einmannskontor" i vårt fylke, hadde det vore nyttig for gjennomføringa av landbruksoppdraget i Møre og Romsdal å ha slike kompetansamidlar. Vi vil tilrå at departementet å gjeninnfører desse midlane.



I Møre og Romsdal har vi flere «små landbrukskontor». Dette gjer at vi legg vekt på å arrangere fysiske samlingar slik at tilsette i kommunane lettare kan etablere kontakt med kvarandre og med statsforvaltaren. Vi har hatt møter med både jordbruk- og skogbruksmedarbeidarar i kommunane. I år hadde vi i tillegg eit to-dagars kurs om klimautfordringane i landbruket. Opplegget vart utarbeidd i samarbeid med NMBU. Målgruppe var kommunar og aktørar frå landbruksnæringa.

Vi vil også løfte fram arbeidet som har vore gjort med å revidere regionalt miljøprogram. Det har vore brei deltaking og kunnskapsdeling i dette arbeidet. Statsforvaltaren har også vore ein aktiv kunnskapsformidlar under utarbeidinga av fylkesstrategi landbruk. Fylkesstrategi landbruk er ein del av fylkesplanen, og vart vedtatt i fylkestinget 12. desember 2022. Vi har vore med og tatt initiativ til å medfinansiere ei verdiskapingsanalyse for landbruket i fylket, utarbeidd av NIBIO.

Manglande forynging av skog har vore ei utfordring i Møre og Romsdal i fleire år. Pandemien forsterka dette ved at det vart vanskeleg å få tilgang på folk til skogplanting. Statsforvaltaren engasjerte derfor ein person for følgje opp kommunar og skognæringa for å auka merksemd på forynging av skog. Dette har bidratt til ei kraftig auke i skogplantinga i 2022.

Under ei skogsamling for kommunar og skognæringa hausten 2022 hadde vi særskilt merksemd på skogkultur.

Deltaking i satsingar som Internationale Grüne Woche, Matgledekors og Inn på tunet-løftet har vore gode utgangspunkt for å formidle nasjonal politikk innan desse områda.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Vi har i 2022 brukt vesentleg med ressursar på krisehandtering, først knytt til Covid-19 og seinare også knytt til konsekvensane av krigen i Ukraina. Spesielt første halvår var det ein krevjande situasjon med mykje krisehandtering særleg knytt til mottak av flyktingar. Statsforvaltaren fekk ei krevjande oppgåve i å samordne både nasjonale, regionale og lokale myndigheiter for å få på plass ein god flyt i mottakskjeden i fylket. Vi fekk til eit godt samarbeid med aktørane i fylket, slik at flyktingar som kom hit vart godt vareteke.

Vi har gjennom året hatt jamlege møter med Fylkesberedskapsrådet og med kommunane sin kriseleiing, der mellom anna nasjonale styringssignalar vert formidla, og der vi og har fått tilbakemeldingar på kva konsekvensar nasjonale tiltak får lokalt. Vi har soleis også i 2022 hatt tett kontakt med kommunane om samfunnstryggleik og beredskap. Denne tette kontakten har òg vore nytta til å gjere kommunane kjent med den tryggingpolitiske situasjonen i Noreg og Europa. Vi har særleg hatt fokus på digital tryggleik, atomberedskap og samansette trugslar der vi mellom anna har fått god hjelp frå DSA, NSM, PST, Politi og Forsvar til å halde gode faglege innlegg for både Fylkesberedskapsrådet og kommunane.

## **Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger**

### **Landbruk og plansamordning**

Statsforvaltaren har god kontakt med dei andre regionale aktørane som har oppdrag innan landbruksforvaltninga samt faglagte gjennom arbeidet i partnerskap landbruk. Vi vil også trekke fram samarbeid internt i embetet (Inn på tunet-løftet og Matgledekorps) som har bidratt til å vise breidda i utfordringsbilda innan desse fagfeltene. Embetet arbeider godt med plansamordning slik at kommunane får samordna tilbakemeldingar på planane sine.

### **Ny velferdslovgiving i 2022**

Dei nye lovbestemmelsane som skal sikre betre samarbeid mellom velferdstenester for barn og unge med behov for samansette tenester, vart iverksette i 2022. Vi har hatt eit stort fokus på dette i haust og har hatt innlegg om det på alle nivå i kommunane og i helsefelleskapet sitt partnerskapsmøte. Dette fordi vi ser at samarbeid og samhandling rundt enkeltpersonar er ei utfordring i dei fleste kommunane og at det er ei viktig forutsetjing for å lukkast til det beste for den det gjeld.

Det er sett igang fleire satsingar i Møre og Romsdal for å legge til rette for betre samhandling. Helseforetaket leier to av desse - Barn og unges helseteneste etter modell frå Helse Fonna, og Barneblikk etter modell frå Familieambulatoriet i tidlegare Helse Nord-Trøndelag. Vidare er det eit utstrakt arbeid med BT i kommunane. Samarbeidsprosjekta gir gode samhandlingsarena for ulike tenester. Møtepunkta legg til rette for kompetanse og erfaringsdeling på tvers av kommunale tenester og regionale nivå. Statsforvaltaren har og nytta mange møtepunkt med kommunane, både på helse- og sosialområde og i oppvekst- og utdanningssektoren, å informere om barnevern/oppvekstreform og ny velferdslovgivinga knytt til samarbeid.

Det er etablert ei Oppvekstgruppe i embetet med representantar frå Helse og sosialavdelinga og Oppvekst og utdanningsavdelinga. Vi har identifisert tre områder vi jobbe særskilt med i 2022 for å: vald i nære relasjonar, Oppvekstreformen og psykisk helse barn og unge.

Vi ser eit stort ønske om å jobbe tverrfagleg i kommunane. Samstundes er ressursituasjonen i mange kommunar slik at dei fleste må sikre ordinære driftsoppgåver først. Det gir mindre rom for samhandling, som kan vere krevjande, spesielt i ein oppstartsfase.

### **Samfunnstryggleik og beredskap:**

Statsforvaltaren fekk i 2022 ei oppgåve i å samordne etablering av ein ny desentralisert mottakskjede for flyktingar. Dette for å bidra til ein heilskapleg løysing på tvers av sektorane. Denne mottakskjeden var verksam ein periode våren 2022.

Vi har vidare hatt jamnege møter med Fylkesberedskapsrådet for å sikre felles situasjonsforståing, god samordning og heilskaplege løysingar i handtering av samfunnstryggleik og beredskapsutfordringar. Mellom anna har vi i 2022 utarbeidd ei ny FylkesROS i samarbeid med både regionale og lokale aktørar.

### **Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne**

Rettstryggleik er ei av dei viktigaste oppgåvene til statsforvaltaren. Gode rutinar og instruksar i eigen organisasjon er nødvendig for å bidra til ein høg standard på dei sakene der statsforvaltaren sjølv fattar vedtak.

#### **Plan og bygningalova**

På plan- og bygningsrettens område har vi i 2022 ikkje nådd målet om saksbehandlingstid for klagesakene. Dette skuldast i hovudsak låg bemanning som følge av rekrutteringsutfordringar. Vi har hatt fokus på å halde behandlingstida nede så langt det har latt seg gjere. Overordna målsetting er likevel å sikre god kvalitet på våre vedtak og ivareta rettstryggleiken.

Vi ser at kommunane har eit stort behov for rettleiing på dette området. Låg bemanning har påverka moglegheitene til å drive aktiv rettleiing. Vi arbeidar med å halde heimesida oppdatert på dette området, slik at kommunane våre og andre kan finne relevant informasjon her.

#### **Verjemål**

På området vergemål har det som dei føregåande åra vore respekten for verjehavers sjølvråderett ved oppretting og endring av nye verjemål som har stått sentralt i vårt arbeid. Det har vore stort fokus på å gjennomføre samtalar med den som skal ha verje, deira pårørande og hjelpeapparatet. Dette gjer vi for at den som skal ha verje har fått ytra meininga si, og vi sikrar at verjemålet blir tilpassa verjehavar sitt behov og ynskje om hjelp. Slik sikrar vi at verjemålet ikkje blir meir inngripande enn nødvendig.

Vergemålordninga er etter vår oppfatning underfinansiert og tek ikkje omsyn til alle dei ulike oppgåvene so ligg til området ved budsjett-tildelinga. Dette utgjør ein stor risiko for at rettstryggleiken på vergemålsområdet ikkje vert tilstrekkelig ivareteken.

#### **Juristforum**

Alle juristane i embetet deltek i eit internt juristforum. Der set vi opp aktuelle tema om rettstryggleik. Mellom anna kva ei meir rettighetsbasert lovgivning har å seie for vårt arbeid. I 2022 hadde vi også innlegg frå vinnaren av rettstryggleiksprisen i 2021 Maria Hessen Jacobsen. Med juristforum ønskjer vi å oppnå ei betre samordning av juristressursen slik at rettstryggleiken vert godt tatt i vare på alle avdelingane.

### **Rettstryggleik på tvers av statsforvaltarane**

Vi bidreg, i arbeidet Statens Helsetilsyn har iverksett, med samordning av embeta i høve vurderingar og mest mogleg lik praksis. Sakshandsaming har hatt høg prioritet hos oss i 2022 for å redusere restansar og sakshandsamingstid, for å få betre læring. Vi opplever at talet på saker inn er aukande men trass det har vi klart å redusere talet på restansar.

Grunna fokuset over har vi ikkje starta nokon av dei landsomfattande tilsyna i 2022 og har difor ikkje måloppnåing på talet tilsyn.

### **Hovedmål 4 - Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**

Ein god måte å halde nasjonale myndigheiter oppdatert på, er at statsforvalteren blir invitert med når regjeringens representantar besøker fylket. Vi kjenner godt til våre kommuner og mange av dei utfordringene som næringslivet står i.

#### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Gjennom 2022 har Statsforvaltaren rapportert på situasjonsbilete knytt til pandemien og konsekvensane av krigen i Ukraina. Vi har hatt jamnege møter med nasjonale mynde både på ugradert og gradert plattform. Også i 2022 har statsforvaltarane hatt direktemøter med øvste leiing i fleire departement.

I desse møta og gjennom vår rapportering har vi hatt moglegheit for å ta opp problemstillingar i krisehandteringa undervegs. Møteplassane har vore særskild viktige, og har gitt ein god moglegheit både til å få oppdatert informasjon frå nasjonale mynde, samt å informere om situasjonen ute i fylket, og korleis nasjonale tiltak har verka lokalt.

#### **Ei stor auke i dialog og styringsmøte - tips til effektivisering**

Det ser ut til at våre oppdragsgivarar synes det er ein god ide med fleire dialogmøter gjennom året. Mykje går digitalt - det er bra, men alle desse møtene krev førebuingar. Og dei vil vite korleis vi ligg an med oppdraga i år. Her meiner Statsforvaltaren i Møre og Romsdal at det er ei potensiale i å gjere det meir digitalt og risikostyrt.

Som nevnt i årsrapporten for 2021, så har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal utvikla eit resultatstyringssystem, som vi bruker i vår intern kontroll gjennom

året.

Etter kvart tertial så går alle avdelingane gjennom sine oppdrag, og merker dei med trafikklys raudt, gult eller grønt. Om dette kunne vore gjort i ein felles kanal med våre oppdragsgivarar, så ville dei til ei kvar tid kunne sett kva for områder som er markert som raude, og deretter eventuelt kalla oss inn til dialog og styringsmøte. Meir effektivt for dei og meir effektivt for oss!

Kanskje vi kunne testa ut dette som ein pilot i lag med nokre utvalgte av våre oppdragsgivarar ?

### 3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

#### 3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Strategisk planlegging er avgjerande for å oppnå dette delmålet. Embetet har over lenger tid prioritert tett oppfølging av kommunane sitt strategiske kommuneplanarbeid.

Vi ser at kommunane i Møre og Romsdal i større grad enn tidlegare har oppdaterte samfunns- og arealplaner. Vi ser også at kommunane i større grad har fokus på korleis dei kan planlegge for meir bærekraftig arealbruk.

19 av 26 kommunar har revidert samfunnsdelen i valperioden 2019-2023. 7 av 26 kommunar har revidert arealdelen i valperioden 2019-2023. I tillegg har 5 kommunar meldt oppstart eller sendt planprogram for revidering av arealdel på høyring i same periode.

Vi veit at kommunane har knappe ressursar til strategisk samfunns- og arealplanlegging. Det er viktig at Statsforvaltaren - i samarbeid med andre statleg og regionale aktører - støttar kommunane i dette arbeidet.

#### Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Vi rettleiar og driv med aktiv formidling av dei nasjonale forventingane for regional- og kommunal planlegging. Til dømes arrangerte vi plan- og klimakonferanse hausten 2022. Hovudtemaet for konferansen var nettopp strategisk samfunnsplanlegging og bærekraftig arealbruk.

Om lag fire gonger per år sender vi ut eit nyheitsbrev der målgruppa er kommunale planleggarar. Vi har og formidla nasjonale og regionale forventingar i vårt årlege forventingsbrev som blei sendt ut til kommunane tidleg i 2022.

Vi følgjer også opp dei nasjonale og regionale interessene gjennom vår rolle som høyringsinstans for plan- og dispensasjonssaker.

Kompetanse og kapasitet på planområdet varierer frå kommune til kommune, og det er dei minste kommunane som er mest sårbare. Vi ser at interkommunalt plannettverk og samarbeid gir fordeler. Plansamarbeidet på Nordmøre er eit godt eksempel på dette. Statsforvaltaren har i 2022 bistått med fagleg plankompetanse inn i dette samarbeidet.

Det er potensiale for å få til meir interkommunalt plansamarbeid også andre stader i fylket. Dette krev at Statsforvaltaren, gjerne i samarbeid med fylkeskommunen, sett av ressursar til å initiere eller støtte opp eksisterande samarbeid.

#### Ivaretagelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivare tatt i kommunale og regionale planer.

Fylkeskommunen arbeider godt med sine planer for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Statsforvaltaren er involvert i planprosessane til fylkeskommunen, og i 2022 har vi medverka til Fylkesstrategi for attraktive tettstadar og byar. Fylkesstrategien tar i stor grad omsyn til dei nasjonale og viktige regionale interesser.

Det varierer mellom kommunane i kva grad kommunale planer sikrar nasjonale og viktige regionale interesser. Når det kjem inn planer som i liten grad tek omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser, krev det mykje arbeid av Statsforvaltaren i form av innhenting av opplysingar, rettleiing, arbeid med høyringssvar, motsegn, nye høyringsrundar med vidare.

Tiltakshavarar i dei ulike prosjekta blir ofte førande i fleire planprosessar, utan at kommunen tek ei aktiv rolle som planmyndigheit.

Statsforvaltaren kan vere meir aktiv for å koble på kommunen som planmyndigheit i saker der tiltakshavar ikkje lukkast med det.

Statsforvaltar saman med Fylkeskommunen kan klargjere kva som er viktige premisser ved planlegging for tyngre og meir komplekse etableringar. Det gjeld til dømer batterifabrikkar, datalagringsentre, landbaserte fiskeoppdrettsanlegg og energiproduksjonsanlegg.

#### Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

**Rapportere på**

Statlige innsigelser er samordnet

Det er Statsforvaltaren som fremmar dei fleste motsegnene til plansaker i vårt fylke. Dei fleste motsegnene blir løyste gjennom tidleg og tett dialog med kommunane. Dei fleste motsegnene blir løyste utan at vi kjem til eit formelt meklingsmøte, og berre nokre få endar opp med endeleg avgjerd i KDD.

Når det kjem motsegner frå andre statlege etatar stør vi opp under tidleg dialog mellom den etaten som har motsegn og kommunen.

Vi syter for at handtering av eventuelle motsegner blir handtert samla på ein slik måte at det blir enklast mogleg for kommunen å få framdrift i den aktuelle plansaken.

**Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsstaben får tilsendt alle planar etter plan- og bygningslova. Vi føl opp at samfunnstryggleik er ivaretatt i alle planar etter pbl.

Det er utarbeidd ROS-analysar til alle plansaker, sjølv om desse har noko varierende kvalitet. Det siste året har vi spesielt hatt fokus på å gjere kommunane kjent med SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)****Rapportere på**

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer når planer revideres/rulleres.

Statsforvaltaren sikrar at storulykkeverksemdar vert vareteke med omsynssoner og tilhørende vilkår der dette er relevant når kommunale planar reviderast/rullerast.

Vi ynskjer å gjere DSB merksam på noko som vi og kommunane oppfattar som manglande samsvar til krav til tryggleik mot naturfare for oppbevaring av eksplosivar. Vi har skrivne noko tilsvarande til KDD via DiBK:

§ 37 andre ledd i forskrift om oppbevaring av eksplosivar seier at lager [for oppbevaring av eksplosiv vare] ikkje skal plasserast i skred-, ras- eller flaumutsette område. Kravet i eksplosivforskrifta kan tolkast som eit totalforbod mot plassering av eksplosivlager i fareområde, medan TEK17 krev at tiltak skal plasserast i ein tryggleiksklasse for å vurdere kva som er tilstrekkeleg skred- og flaumtryggleik. Kravet i eksplosivforskrifta oppfattast som strengare enn tryggleikskrava i TEK17. Dette samsvarar spesielt dårleg no når det til dømes ikkje lenger er forbod mot å plassere storulykkeverksemdar i skred- og flaumfarelege område.

**Nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser formidlet i tråd med T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)****Rapportere på**

God ivaretagelse av nasjonale og vesentlige regionale miljøinteresser i planleggingen.

Kommunane ivaretek nasjonale og viktige regionale føringar i middels grad om ein ser på oppstart av planane. Etter høyringar og dialog inkludert avklaringar av motsegner, er dette heva til "i betydeleg grad". Det vil seie at vi ser ein klar prosessgevinst.

Vi jobbar aktivt med å spreie kunnskapen om innhaldet i rundskriv T-2/16 i plankonferansane og ved å vise til dette rundskrivet både i munnleg og skriftleg dialog med kommunane.

**Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)****Rapportere på**

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Bustadsosiale forhold er eit tema vi tek opp i kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar og kommunale planer.

Vi ser at der bustadsosiale forhold er tatt inn i kommunale planar, er det gjerne utan ei kopling til handlingsplanar eller konkrete tiltak.

Statsforvaltaren har eit pågåande samarbeid med Husbanken knytt til bustadsosialt arbeid. Vi har jamnege møter der vi diskuterer korleis vi kan jobbe saman for å løfte det bustadsosiale arbeid i kommunane.

I kommunedialogen med politisk og administrativ leiing er dei boligpolitiske måla eit av fleire tema som blir drøfta knytt til teamet om sosial berekraft, og spesielt med tanke på endringar i demografien med fleire eldre som ventar dei aller fleste kommunane i Møre og Romsdal.

#### **Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging har vore viktig tema i Leve heile livet-arbeidet, i konferansar og samlingar og tilskotsforvaltninga. Arbeidet gjennom Leve heile livet har gjort at kommunane i større grad har sett temaet på dagsorden. Dei har og i stor grad merka at det har vorte vanskelegare å rekruttere nødvendig kompetanse.

Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar og i det vidare arbeidet med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel retta søkelys på utfordringar med rekruttering og kompetanse på helse- og sosialområdet.

Kommunane viser til at det er eit stort behov for omstilling og utvikling av kommunale tenester. Helse og omsorgstenestene må løysast på nye måtar for å vere berekraftig.

#### **Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Møre og Romsdal har mykje busetnad utanfor tettbygde strøk. I overgangane mellom landsbygd og tettstad er det forventningar og ønske frå innbygarane om å få busette seg om lag etter same mønster som på landsbygda. Kommunane viser heller ikkje noko sterkt ønske om å styre bustadpolitikken i desse områda (i liten grad).

I byområda er det ei tydelegare politisk vilje hos kommunane til å planlegge i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (i middels grad).

Gjeldande politikk drar i to motsette retningar. Levende bygder kontra areal- og transporteffektiv konsentrasjon av boområde.

Nasjonal politikk gir ikkje like lett effekt på dette temaet i område av landet, der vi ikkje har typiske byutfordringar. Det kunne vore gitt sterkare råd og føringar også for utvikling av livskraftige bygder der ein legg vekt på effektane av transportbehov inkludert heile livsløpet frå barnehage- og skuleskysst til eldreomsorg.

#### **Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

I all hovudsak blir massehandtering løyst prosjekt for prosjekt og ikkje gjennom regionale eller overordna kommunale planar.

Weisaker som inneheld større tunellprosjekt gir dei største utfordringane med massehandtering. Det gjeld både mengde og kvalitet på massane.

#### **Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegginga skjer rimeleg i tråd med gjeldande retningslinjer, men mykje av dei reelle arealbruksvurderingane skjer gjennom dispensasjonar. Det gjeld spesielt for strandsona. Tilfredsstillande behandling av dispensasjonssaker er difor avgjerande for arealdisponeringa i strandsona.

Statsforvaltaren utarbeida "Rettleiar for behandling av dispensasjonssaker etter PBL kapittel 19" i mai 2022. Den er spreidd ut til kommunane slik at dei har fått god kunnskap om korleis dei skal behandle alle dispensasjonssaker.

Vi sender svarbrev til kommunen i alle dispensasjonssaker som vi får inn på høyring. Vi kan svare med ingen merknader, vi kan gi faglege råd, vi kan varsle påklaging og i nokre tilfelle klagar vi på dispensasjonsvedtak. I 2022 klaga vi totalt på 14 dispensasjonsvedtak.

Ved å følge med i vidare behandling av dispensasjonssakene i kommunane, har vi eit tydeleg bilete på at det informasjonsarbeidet vi legg ned gjer at kommunane ivaretek nasjonale og regionale føringar "i betydeleg grad".

For å oppnå betre forvaltninga av desse områda, kan SF styrke folkevaldopplæringa slik at lokalpolitikarane får eit meir heilskapeleg blick på det ansvaret dei har i arealforvaltninga. SF må og vidareføre dialog med og opplæring av administrasjonen i kommunane gjennom plansamlingar, plannettverk og gjennom dialog knytt til konkrete saker.

I den grad andre aktørar enn tiltakshavar og kommunen er involverte i ei plansak, ser vi at det betrar breidda i saksutgreiinga. Andre aktørar kan til dømes vere naboar, lag, interesseorganisasjonar eller nabokommunar.

Det kan sjå ut til at brei involvering fører til vedtak som er betre balansert. I mange saker er det naudsynt å få med andre aktørar for å kunne seie at saka er tilfredsstillande opplyst.

#### Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)

##### Rapportere på

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar og regionale planer

Kommunane fastsett grense for utbygging gjennom kommuneplanen. Kommuneplanen blir evaluert og eventuelt revidert kvart fjerde år, og i beste fall blir utbyggingsgrenser oppretthaldne gjennom fleire planperiodar.

Plan- og bygningsloven inneheld ikkje eigna verktøy for å fastsette langsiktige utbyggingsgrenser i det tidsperspektivet det er trong til i høgfjella, der vi har ansvar for villreinen sine leveområde.

#### Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)

##### Rapportere på

Bidra til å nå målet i nasjonal jordvernstrategi, om at omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 3 000 daa per år innen 2025.

Dei siste åra har omdisponering av dyrkajord går ned, dette skuldast mellom anna meir merksemd på verdiane dyrkajord representerer. Vi vil og understreke at dette bilete kan endre seg ved gjennomføring av større samferdseltiltak. Det er samferdseltiltak under planlegging som kan medføre betydeleg omdisponering av dyrkajord.

Vi meiner og det har vore viktig at statsforvaltaren gir tydelege tilbakemeldingar til kommunane om jordvern når vi får plansaker til behandling. Brev frå skiftande statsrådar om dei viktige verdiane dyrkajord representerar har vore nyttige i vår kommunedialog.

I 2022 fremja vi motsegn i ei sak der jordvern var tema (Vanylven kommune, 5 dekar omdisponering). Saka er ikkje avgjort. I tillegg fekk vi svar på ei tidlegare motsegn frå 2021 (Volda kommune). Her vann vi fram av omsyn til jordvern (om lag 12 dekar til bustadføremål og om lag 27 dekar til industri/handel/næring).

VI har inntrykk av at motsegn, klage og fråsegn for å fremje jordvern har positiv effekt for å nå jordvernmålet. Utan vår oppfølging ville jordvern tapt i større grad.

Auka fokus på lokalt sjølvstyre og arealbrukskonfliktar knytt til SPRBATP (statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging) er dei største utfordringane for å sikre måloppnåing. Arealbehov knytt til grønn energi og til dømes landbaserte oppdrettsanlegg kan gje utfordringar framover.

For statsforvaltaren er det å balansere ulike krav til "god arealbruk" og hensynet til kommunalt sjølvstyre ein krevjande balansegang.

#### Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
253	361	533	403	255	602	183	167	113	144

Vi ser ei nedadgåande trend siste åra. Det regionale målet i 2021 var 200 dekar. Frå 2023 er målet satt til 100 dekar. Avsett areal i gamle kommuneplaner kan gjere det vanskeleg å oppnå målet i åra som kjem.

#### Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)

**Rapportere på**

God ivaretagelse av langsiktig folkehelsearbeid i kommunenes planarbeid

I alle våre høyringsvar på samfunnsdel, helse og omsorgsplanar og levekårsplanar med meir, er det peika på både det skriftlege oversiktsarbeidet og vist til *Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029*. I utkast til planane ser vi at dei fleste har eit bevisst forhold til folkehelse og mange kommunar har valt det som eit gjennomgåande perspektiv for sine planar.

Vi viser og til NAV si rolle i det kommunale planarbeidet, dette fordi dei har stor kunnskap om sosiale skilnader i eigen kommune og ei lovpålagt rolle for å delta i planarbeidet. Vi ser at kommunane sjelden inkluderer NAV i planarbeidet. Dei treng å bli mint på at NAV er ein del av det kommunale tenestetilbodet som har stor innverknad på folkehelsa og sosiale skilnader i samfunnet.

**3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene**

Statsforvaltaren har i starten av 2022 i stor grad støtta og rettleia kommunane i deira arbeid med krisehandtering av pandemien. Etter Russlands invasjon i Ukraina vart aktiviteten etterkvart dreid over til å vareta samordningsrolla og rettleie kommunane i deira arbeid knytt til mottak av flyktningar, atomberedskap og førebuingar knytt til ei endra tryggingssituasjon for Europa og Noreg. Aktiviteten har vore omfattande, og har krevd tverrfagleg innsats frå fleire fagavdelingar i embetet.

**Valg av virkemidler tilpasset kommunens behov (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Den samlede virkemiddelbruken overfor kommunene innen samfunnsikkerhet og beredskap er tilpasset kommunenes behov.

Pandemi og konsekvensar av krigen i Ukraina har medført tett dialog med kommunane òg i 2022. Vi har gjennomført jamlege møter med kommunal kriseleiing og andre relevante aktørar i kommunane. I desse møta har konsekvensar av krigen i Ukraina vore hovudtema. Mellom anna flyktningar, IKT-tryggleik, totalforsvaret, m.m. Andre relevante tema innafør samfunnstryggleik og beredskap er òg drøfta i desse møta.

Det har vore stort omfang både av fagleg og praktisk oppfølging av kommunane. Spesielt i vinter/vår 2022 knytt til flyktningstraumen, og mykje uvisse knytt til situasjonen i Ukraina. Vi har difor ikkje prioritert like tett oppfølging gjennom dei andre verkemidla våre. Vi har mellom anna gjennomført noko færre tilsyn enn vi gjennomfører i "normalår".

Vi har tilbydd øving for alle kommunane våre, der 25 av 26 deltok, og vi gjennomførte ei fysisk beredskapssamling for kommunane hausten 2022.

**Øvelser for kommuners kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i løpet av 2019- 2024 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte årleg øving for kommunane i november 2022. Alle kommunane fekk tilbod om deltaking, og 25 av 26 kommunar deltok. Tema for øvinga var ei atomhending med radioaktivt nedfall i deler av fylket. Vi gjennomførte kompetanseheving i forkant av øvinga der Direktoratet for strålevern og atomtryggleik var ansvarleg for innhald. Målgruppa for kompetanseheving og øving var kommunal kriseleiing med relevante støttefunksjonar, særleg helse og landbruk.

Vi involverte òg atomberedskapsutvalet i Møre og Romsdal i forkant av øvinga.

**Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene**

Ar	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	36	20	• Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar pandemi kan medføre for kommunen
2020	26	0	-
2021	26	26	• Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar dataangrep kan medføre for kommunen
2022	26	25	• Øvinga skal bidra til auka forståing for kva konsekvensar ei atomhending kan medføre for kommunen

**3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene**

19 av våre 26 kommunar har revidert samfunnsdelen i løpet av valperioden 2019-2023. Det er positivt at så mange av våre kommunar har ein relativt ny samfunnsdel.

Vi ser likevel at våre kommunar ikkje har eit bevisst forhold til at rullering/revidering av samfunnsplanar skal skje knytt valperiodane. Dette inneber at samfunnsdelen blir vedtatt seint i valperioden. Vi har fokus på at kommunane i større grad følgjer "plantakta", med vedtak av planstrategi og samfunnsdel tidleg i valperioden.

På arealsida har 5 av 26 kommunar revidert arealdelen i løpet av valperioden 2019-2023. 9 av 26 kommunar har ein arealdel som ikkje har vore revidert sidan 2017. Arbeid med revidering er ein omfattande prosess, og Statsforvaltaren brukar mykje ressursar på å rettleie og følgje opp kommunane i dette arbeidet.

Vi ser at kommunane bør arbeide med å få til ei tettare kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, til dømes gjennom bruk av arealstrategi i samfunnsdelen.

For enkelte kommunar ser vi ein tendens mot at avvik frå vedtatte arealplanar blir behandla som dispensasjonar i staden for å kreve ny reguleringsplan.

Private forslagsstillarar står bak dei fleste reguleringsplanane i kommunane. Vi ser at kommunane ofte ikkje tar tilstrekkeleg eigarskap til private planforslag. Eit meir næringsstyrt reguleringsarbeid vil i mindre grad ta omsyn til dei overordna planene i kommunen, og det kan på sikt gi ein mindre heilskapleg arealbruk.

#### **Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer

Sjå rapportering under punkt 3.1.1.3.

Vi har saman med fylkeskommunen vore ein pådrivar for at kommunane skal ha eit oppdatert planverk. Plansamarbeidet på Nordmøre, der åtte kommunar vedtok planstrategi og samfunnsdel tidleg i inneverande valperiode viser at det har gitt gode resultat.

Vi har mot slutten av 2022 starta planlegginga for korleis vi skal jobbe for at kommunane og dei nye kommunestyra kjem godt i gong med sitt planarbeid.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal deltek saman med fylkeskommunen i eit KS FoU-prosjekt der vi skal prøve ut nye samhandlingsformar for samfunnsdelen. Eitt av måla i prosjektet er nettopp å legge til rette for at kommunane kjem i "plantakt" og får oppdaterte planer.

#### **Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

I 2022 har vi behandla 72 % av alle klager på vedtekne reguleringsplanar innan 12 veker. Behandling av slike saker var eit prioritert saksområde for oss i 2022. Vi har derfor betre måloppnåing på behandla klage på plan enn på byggesak.

Orsaka til denne prioritere mellom ulike arbeidsoppgåver er fordi tre erfame medarbeidarar slutta i 2022, medan ein fjerde var i permisjon. I tillegg har det vore vanskeleg å få rekruttert nye medarbeidarar.

Tall innkomne plansaker i 2022 var 55 % høgare enn i 2021. Innkomne saker fjerde kvartal var svært høgt. Dette vil gje høgare restansar utover i 2023. Situasjonen med for få medarbeidarar vil fortsetje utover i 2023, noko som gir oss forbetringspotensiale både fagleg sett og for å kunne nå 12-vekersmålet i 2023.

Klagesakene frå kommunane var i hovudsak tilfredsstillande behandla og førebudd. Vi gav berre medhald i éi av 18 klagesaksvedtak i 2022. Den blei oppheva på grunn av ei ugyldig planføresegn.

#### **Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Vi gjer som hovudregel ein overordna kontroll av den juridiske gyldigheita for føresegn til kommuneplanar og reguleringsplanar. Dette inneber at vi prøver å fange opp dei føresegna som ikkje er juridisk gyldige, og som kan få uheldige eller ulovlege verknader. Vi har ikkje ressursar til å gå like grundig inn i alle planar.

Vi ser at det er behov for rettleiing for korleis ein utformar juridisk gyldige føresegn til arealplanar. Dette er eit tema vi kan rettleie kommunane på, til dømes på nettverkssamlingar med planleggarar.

#### **Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**



**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp

KU-forskriftens utredningskrav fulgt opp i middels grad.

I 2022 har vi hatt på høring konsekvensutgreiingar for reguleringsplanar og kommunedelplanar for ny E39 mellom Ålesund og Molde i regi av Statens vegvesen, samt farledsutbetring frå Kystverket. Desse har stort sett følgd forskrifta og levert gode, kunnskapsbaserte utgreiingar i samsvar med forskrifta. Vidare har vi hatt KU for nokre landbaserte akvakulturanlegg på høring. Her har vi hatt motsegn til mangelfull vurdering/avklaring av alternative lokaliseringmoglegheiter, samt mangelfull vektning av negative verknadar for miljø og samfunn. Generelt ser vi at større konsultentselskap og seriøse fagmiljø leverer gode konsekvensutgreiingar. I KU for utbyggingstiltak med potensiale for stor økonomisk gevinst kan det vere tendens til at samla verknad i større grad vris mot liten for miljøinteressene. Frå små konsulentmiljø med liten fagleg breidde tilgjengeleg får vi ein del konsekvensutgreiingar med dårleg kvalitet, som i mindre grad oppfyller forskrifta. Til slike har vi hatt motsegner til mangelfulle utgreiingar.

**Kvalitet på konsekvensutredninger (fra kapittel 3.1.1.3.3.3 i TB)****Rapportere på**

God kvalitet på konsekvensutredninger som følge av gode plan- og utredningsprogram

Statsforvaltaren går ved høring gjennom forslag til utgreiingsprogram og spelar inn fokus og krav til aktuelle temapunkt som vil få tyngde i samanhengen ut frå våre ansvarsområde. Vi varslar motsegn dersom til dømes alternativvurdering ikkje leggst fram i saker der dette er relevant. Generelt gjeld det same her som for føregåande punkt. Seriøse og kompetente aktørar nyttar KU- verktøya aktivt og lagar gode plan- og utredningsprogram, medan aktørar med sterke særinteresser og/eller svakare kompetanse foreslår avgrensa og mangelfulle utgreiingar i plan- og utgreiingsprogram.

**Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane fører i betydeleg grad digitalt planregister for nye planar i tråd med gjeldande retningslinjer.

Eldre planar er i stor grad tilgjengelege på nett, men ikkje i rett format. Flesteparten av dei eldre planane er berre tilgjengelege som bilete i kartet (pdf-format). Kommunane oppgir manglande økonomi/kapasitet/prioritering som årsak til at eldre planar ikkje blir digitaliserte i tråd med gjeldande retningslinjer.

Det er vanskeleg å sjå at Statsforvaltaren skal kunne påverke kommunane si prioritering av digitalt planregister, anna enn å oppmode om det med jamne mellomrom.

**3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven**

For å gje ein meir effektiv og tilgjengeleg tilgang til opplæring og kompetanse om lov om sosiale tjenester i NAV, har vi laga opplæringsfilmar knytt til lov om sosial tenester. Med å digitalisere opplæringa når vi fleire og det kan brukast når NAV kontora og den einskilde tilsette treng det.

Tidlegare har vi hatt tilbod om slik opplæring til nyttilsette i NAV og andre, ein gong pr år. Vi har hadde då fysiske samlinger ein gong pr år, med unntake i pandemitida då dei vart digitale.

Opplæringa ligg på våre heimesider. Vi har fått svært gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. NAV-leiarar formidlar at nyttilsette vert oppmoda til å sjå den digitale opplæringa som ein del av si opplæringspakke. I tillegg vert dei brukt i fagmøter som innleiing til diskusjon og som oppslagsverk når rettleiarar treng oppfriskning. Dette har gitt stor effekt på den generelle opplæringa i lov om sosiale tenester.

**Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)****Rapportere på**

Alle NAV- kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven og forskrifter.

Vår digitale opplæring i lov om sosiale tenester ligg tilgjengeleg for alle på våre heimesider (jf. 3.1.2.1). Det er vist til dette tilbodet i alle NAV leiar-møtene, der vi deltek, etter at det vart lansert sommaren 2022.

Leiarane i kontora gjer tilbakemelding på at det gir ei god effekt at lovopplæringa no er tilgjengeleg når dei treng det.

Vi deltek og på opplæringa Ny i NAV.

Utover desse opplæringstiltaka gjer vi mykje råd og rettleiing på telefon, på epost, i teamsgrupper vi har oppretta og gjennom vår sakshandsaming.

#### Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	18	18

#### NAV kontor med lav kunnskap tilbys tilpasset opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Godt tilpasset opplæring til NAV- kontorene.

Gjennom sakshandsaminga vår, der vi ser større utfordringar i saka, legg vi med eit følgeskriv eller tek kontakt med NAV kontoret for munnleg rettleiing.

Nokre kontor har sjølv tatt kontakt med oss og bede om fagleg støtte. Til dei har vi gitt tilbud om fagmøte på teams.

Vi har delteke i kompetansesatsinga for sosiale tenester i NAV i 2022. Gjennom det arbeidet har vi gitt tilbud om fagdagar om formålsparagrafen til alle kontor, med materialet som er utarbeidd av arbeidsgruppa for kompetansesatsinga. To kontor melde seg og jobba ein heil dag for betre kunnskap og kompetanse. Evalueringane syner at dette har auka kompetansen og auka bevisstheita for å kunne gje kvalitativt betre tenester på sosialområdet.

#### Oppfølging av kommuner med særskilte utfordringer (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle NAV- kontor med særskilte utfordringer er fulgt opp.

Vi har gitt målretta råd og rettleiing til kontor der vi ser det er særskilt behov for oppfølging gjennom informasjonskilder som telefonhenvendinger, epost, klagesaker, dialoger og møtepunkt. I nokre saker vert det opna tilsyn når vi ser problema er store vanskelege å løyse. Vi følgjer då opp kontora med råd og rettleiing både før under og etter tilsynet i tråd med dei nye metodane frå Helsetilsynet.

### 3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

#### Strategisk kompetanseplanlegging/kompetanseplanar

Kommunen skal sikre at det finns ei oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring. Erfaringane frå tilsyn syner framleis at mange kommunar ikkje har denne oversikta. Dett gir utfordringar i kva kompetanse dei skal prioritere både i høve utdanning, breiddekompetanse og tilsetjing.

Kommunane sine kompetanseplanar er av ulik kvalitet. Det er ikkje alle som er politisk behandla i kommunane. Dette gir auka risiko for at dei ikkje får gjennomført kompetansehevande tiltak, då det ikkje er tatt med i budsjett/økonomiplan. Vi ser likevel ei positiv utvikling etter å ha tatt dette med i tilbakemeldingane til kommunale planar. Vi har også gitt råd og rettleiing om dette i mellom anna i møte om Kompetanseløftet.

#### Kompetanse- og innovasjonstilskot

Vi erfarer at tilskot til kommunal kompetanse og innovasjon er av stor betydning for kvaliteten på tenestene. Det var 25 av 26 kommunar som søkte på midlar frå dette tilskotet i 2022. Det har mellom anna starta opp desentraliserte studietilbud i sjukepleie og vernepleie gjennom Høgskulen i Molde, avd. Kristiansund. Etablering av desentralisert utdanning i vernepleie i Sunnmørsregionen er under etablering. Dette er eit resultat av samarbeidet mellom kommunane, utdanningsinstitusjonane og statsforvaltaren. Det har vore tema i eigne møte mellom oss og NTNU/høgskulane og eit årleg møte der alle tre partane deltar.

Det vart tildelt kompetansemidlar til totalt i 2654 personar i 2022, 71 personar fleire enn i 2021.

Fordelinga var slik:

229 helsefagarbeidar og anna utdanning på vidaregåande skulenivå

68 til fagskuleutdanning

164 personar til sjukepleie

118 til vernepleiutdanning fordelt på heiltid og desentralisert utdanning

119 til opplæringstilskot til BPA

930 personer til ABC, flest på Velferdsteknologi og demensomsorga

420 pesonar til vidareutdanning og mastergradsutdanning

**Statistikk kompetanse og kapasitet** viser at andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning har auka i 18 av våre 26 kommunar

frå 2020 til 2021. Det er 8 kommunar som har over 80 % andel brukarretta årsverk med helseutdanning. Kommunane med lågast andel brukarretta årsverk med helseutdanning er Sande med 71,2 prosent. Dei andre 18 kommunane ligg mellom 71,2 og 79,5 prosent. **Alle kommunane viser i sine planar til utfordringar med rekruttering og kapasitet.** Men graden av utfordringar er ulik. Dette er informasjon vi får gjennom vårt årlege møte om Kompetanseløftet 2025, i nettverksmøte med kommunalsjefane i helse, omsorg og velferd og i Statsfovaltarens kommunebesøk.

**Nettverket for kommunalsjefane** gir ein tettare dialog mellom oss og kommunane. Tema er felles utfordringar og samarbeid om å finne gode løysingar, som kan bidra til auka effektivitet og gevinst. Tilbakemeldingane om nytteverdien av nettverket er mellom anna at det gir erfaringsdeling, informasjon og dialog, felles forståing av oppgåveløysing. Dei beskriv det som eit utviklande og framtidretta treffpunkt.

**Dei er tydelege på at det er ei felles utfordring å rekruttere nok folk og med rett kompetanse.** Nettverket vil difor vere ein viktig møteplass i det vidare arbeidet med rekrutterings- og kompetanse utfordringane, som vil vere eit prioritert område i 2023.

#### Heiltidskultur

I nettverket og andre fora har vi har hatt fokus på heiltidskultur, som har bidrege til at fleire kommunar har fått auka forståing for at dette også er eit viktig tiltak for å auke kapasitet og kompetanse. Samt eit tiltak for å auke kvalitet og pasienttryggleiken.

Statistikken frå KS per 01.12.2021 viser at ingen av kommunane i fylket har over 50 prosent andel heiltidsstillingar. Det er kun 2 kommunar som har over 50 prosent andel heiltidstilsette, Sande og Stranda kommune på henholdsvis 50,3 prosent og 54,7 prosent.

Det er og viktig å sjå på oppgavedeling, rett kompetanse og nivå på rette oppgaver.

**Velferdsteknologi og digitalisering** Arbeidet med velferdsteknologi er vidareført gjennom eit nytt fagnettverk, E-helse i regi av Digi Møre og Romsdal, med eigen nettverkskoordinator. Statsforvaltaren er og med i dette nettverket. Vi ser at samordninga gjennom Digi Møre og Romsdal gir ei betre administrativ og politisk forankring, samt auka tverrfagleg kompetanse. Nettverket vert mellom anna nytta til kompetanseheving og erfaringsdeling med høgt fokus på gevinstmåling.

#### Kontinuerleg forbetningsarbeid

Vi er kjent med, gjennom USHT si kartlegging av behov for nettverk og frå tilsyn, at kommunane manglar kompetanse om naudsynte prosessar i kontinuerleg forbetningsarbeid. Vi har hjulpet og understøtta kommunane med systematisk pasienttryggleiks- og kvalitetsforbetningsarbeid ved å arrangere læringsnettverk i kontinuerleg forbetningsarbeid, knytt til "Leve hele livet". Det var USHT som drifta nettverket. Det er 22 team som har fullført. Tilbakemeldingane er auka forståing for prosessen og kor viktig at dette er ein del av den daglege drifta.

Plikta til å yte nødvendige og forsvarlege tenester, kvalitet og pasienttryggleik er tema på ulike arenaer, både internt og eksternt. Vi gir råd og rettleiing på møte om Kompetanseløftet 2025, i oppfølging av tilsyn og i saksbehandlninga. Vi gir innspel på høyringssvar på kommunale planar.

#### Leve hele livet

Det regionale støtteapparatet har i 2022 hatt hovudfokus på mat og måltid, aktivitet og fellesskap og frivillig arbeid. I arbeidet med mat og måltid har vi gjort kjent "Nasjonal strategi for godt kosthold og ernæring hos eldre i sykehjem og hjemmetjenester", som er ein sentral del av oppfølginga av Leve hele livet. Vi hadde innlegg på fagdag om ernæring for kommunar og helseforetak og det var tema på fagdag for sjukeheimslegar.

Internt hos Statsforvaltaren har vi samarbeidd med Landbruksavdelinga om mat og måltid. Vi etablerte eit matgledekorps med kokkar og ernæringsfysiolog. Vi valde ut seks sjukeheimar som vi besøkte 2 gonger i 2022. I etterkant hadde vi ein Matgledekonferanse med stor deltaking. Tema der var erfaringsdeling frå dei som deltok, gjennomgang av Nasjonal faglig retningslinje forebygging og behandling av underernæring, samt "Nasjonal strategi for godt kosthold og ernæring hos eldre i sykehjem og hjemmetjenester". Etter desse besøka og konferansen har mange av kommunane invitert ernæringsfysiologen til å hjelpe dei i arbeidet med ernæring. I same konferansen hadde vi og tema om aktivitet og fellesskap. Vi har og hatt ernæring og aktivitet som tema i tilsyn.

#### Frivillig arbeid

I frivilligheitas år har vi samarbeidd med Fylkeskommunen i Møre og Romsdal og frivillige lag og organisasjonar. Det vart etablert ei arbeidsgruppe der vi mellom anna bidrog i arbeidet med sykkelturen gjennom heile landet. Hovudfokuset med sykkelturen var å sette lys på meirverdien av å føle seg til nytte i samfunnet og få merksemd på å skape gode og inkluderande lokalsamfunn. I Møre og Romsdal fekk seks kommunar besøk og det var Averøy, Molde, Fjord, Ålesund, Herøy og Ørsta.

Vi arrangerte feiring av frivillig arbeid den 4. og 5. desember 2022. Målet var å synleggjere breidda av frivillige lag og organisasjonar i fylket, samt å heidre innsatsen som vert gjort. Vi delte ut Frivilligprisen, der vi satt i juryen. På dag 2 hadde vi fagkonferanse for tilsette i kommunar, politikarar, frivillige organisasjonar og andre aktuelle aktørar. Programmet handla mellom anna om korleis frivillig arbeid skal sjå ut i framtida, og dei ulike samfunnsrollane dei fyller.

I 2023 skal vi ha hovudfokus på samanheng i tenestene. Vi ser at overgangane kan vere ein risiko for kvaliteten og pasienttryggleiken. I dette arbeidet skal vi mellom anna samarbeide om personsentrert helseteam, mellom helseforetak og kommune.

#### Demografi og berekraft

I dei ulike kommunale planane ser vi at kommunane er kjende med den demografiske utviklinga og framtidige utfordringar i eigen kommune. Statsforvaltaren ser etter at dei har med dei fire prioriterte gruppene i helsefellesskapa: barn og unge personar med alvorlege psykiske lidningar og

rusproblem, skrøpelege eldre personar med fleire kroniske lidingar. Vi gir innspel der dette ikkje er omtala. Berekraft er gjennomgåande i alle planar. Berekraftsmåla er også gjennomgåande i vårt arbeid internt og ut mot kommunane. I arbeidet med Leve hele livet har vi eit samarbeid med berekraftsfylket ved Møre og Romsdals fylkeskommune.

#### **Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med planlegging og utvikling av tjenester til de fire prioriterte gruppene i helsefellesskapene:

- barn og unge
- personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblemer
- skrøpelige eldre
- personer med flere kroniske lidelser

Kommunane har utarbeidd skriftlege kompetanseplanar for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse og omsorgstenestene. Vi ser at dei er av noko ulik kvalitet og mange er ikkje politisk vedtekne. Det gir utfordringar i høve kompetansehevande tiltak då det ikkje er med i budsjett/økonomiplan og i kommunen sine prioriteringar. Vi har gitt råd og rettleiing om på vårt årlege møte om Kompetanseløftet 2025 i tillegg til tilbakemeldingar i høyringane på dei ulike planene.

I dei ulike kommunale planane vert berekraftige tenester og demografiutfordringane tydeleg omtala. Samordnar og planansvarleg i embetet har og rettleia kommunane i dette arbeidet. Vi har og hatt felles samlingar for planansvarlege i kommunane saman med ansvarlege for helse og omsorgstenestene.

Kommunane og helseforetaket har gjennom fagleg samarbeidsutvalg i helsefellesskapa utarbeidd felles handlingsplanar knytt til m.a til dei fire prioriterte gruppene. Vi har bidratt i det arbeidet på ulike måtar som t.d palliativ plan, gode pasientforløp for den multisyke pasient, proact, standardisering og simulering. I tillegg er vi høyringssintans på dei ulike planane innan helse og omsorg.

Kommunane har behov for opplæring, rettleiing og råd i ulik grad. Vi bidrar med dette m.a i nettverk for kommunalsjefar, nettverk kontinuerleg forbetring og i nettverk for koordinerande eining for kommunar og helseforetak. I tillegg har vi rettleiing i den enkelte kommune etter behov.

Effekten av eit langsiktig, heilheitleg og framtidretta arbeid mellom kommunar og ulike nivå viser auka samhandling, læring og erfaringsdeling på ulike område.

Sjå pkt. 3.1.1.5

#### **3.1.1.6 Andre oppdrag**

##### **Implementering av rådgivande eining i russaker**

Vi har har informert kommunane i tråd med informasjon vi har motteke frå H-dir og HOD. Vi har og hatt møter med kommunane dei har bede om det. Vi ser at det er ulikt kor langt kommunane er komne i dette arbeidet. Det heng saman med storleiken på kommunen og om dei har fått sendt over saker frå politiet.

##### **FACT ung-team**

I fylket er det etablert eit FACT ung-team. Vi har følgd opp det arbeidet og deltatt i dialogen både med kommunen og med H-dir. Det er få team i vår region og vanskeleg å etablere nettverk for å dele erfaringar lokalt. Vi skal arbeide for at fleire skal kunne starte opp slike team i 2023. Vi er og i dialog med SFTR om moglegheita til å etablere felles nettverk.

Vi arbeider også for at helseforetaket si satsing Barn og unges helseteneste, etter HelseFonna-modellen, skal sjå FACT-ung teamet i samanheng med eige arbeid.

##### **Rettleiing til kommuane**

I 2022 har vi saman med KORus, NAPHA og KBT hatt regionale dialogmøter med alle komunane i fylket. Målet var gjensidig informasjonsutveksling og kartlegging av deira ulike utfordringar. Funna skal leggja grunnlaget for planlegginga av felles aktivitet i 2023. Vidare har vi invitert til eit utviklingsarbeid samen med KoRus, NAPHA, KBT og Husbanken for å sjå på utvikling av tenester til dei med moderat og alvorleg lidning. Det er seks kommunar med i det arbeidet og dei skal lage ein kommunal tverrfagleg handlingsplan. Effekten av dette arbeidet er betre samarbeid på tvers i kommunen og på tvers av tenestenivå, som vil gi meir heilskapelege tenester til innbygarane i kommunen.

##### **Handlingsplan vald i nære relasjonar**

Saman med RVTS har vi jobba systematisk for at alle kommunane i fylket skal ha ein førebyggjande plan. Vi har knytt krisesentra tett på dette arbeidet og er no i mål. Nokre av kommunane har valt å utarbeide interkommunale planar.

### 3.1.1.7 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Vurdert ut i frå eit utval tema under Naturindeks for Norge delområde Midt-Norge er det stor variasjon i tilstanden til økosystema i Møre og Romsdal. Som i landet elles er det skog og ope lågland som har dårlegast tilstand. Skog ser ut til å vere i svakt positiv utvikling, i hovudsak knytt til mindre intensiv utnyttning av utmarka over fleire tiår. Ope lågland har over tid hatt ei sterk negativ utvikling. Fjell, våtmark, ferskvatn og kystvatn er i betre tilstand, men utviklinga er for dei fleste svakt negativ.

Av dei påverknadsfaktorane SFMR er i inngrep med er oppdeling av naturområde og nedbygging av areal gjennom menneskelege inngrep som veg, energiutbygging og etablering av byggeområde er den viktigaste trusselen for ulike artar og naturtypar. SFMR sin innsats har verknad, men ikkje nok til å stanse eller snu utviklinga. I mange viktige saker får ikkje omsyn til økosystem og naturverdiar tilstrekkeleg gjennomslag, anten det gjeld plansaker, energiutbygging, vasskraftrevisjonar eller andre inngrepssaker. Vi er også uroa over det vi opplever som frislepp for landbruks- og skogsvegar utan vesentleg næringsnytte.

Klimaendringar har også stort potensiale for å endre økosystema i negativ lei. Villreinen er av dei artane som står under sterkest press både frå oppdeling av natur, ferdsel og forstyrningar, og frå eit varmare klima. Heile stammar av villrein står i fare for å døy ut om det ikkje blir gjennomført omfattande reetablering av dei opphavelige sesongtrekkrutene. For Snøhetta-reinen sin del er vi også uroa for forstyrringane som følgjer av moskusrelatert ferdsel. Framtida til moskus på Dovreplatået bør vere eit viktig tema i arbeidet med tiltaksplanen for villrein i Snøhetta/Knutshø-området.

Samfunnsutviklinga med endra kulturpåverknad i ope lågland set store areal med kulturbetinga naturtypar under sterkt press. For nokre av desse naturtypane er det sett i verk effektive skjøtselstiltak. Det gjeld spesielt slåttemark i vårt fylke. Mesteparten av kulturlandskapsverdiene vil likevel forsvinne i takt med endra bruk. Investeringar i skjøtsel av utvalde naturtypar er avhengig av at skjøtelsen held fram inn i framtida. Med dagens vilkår er vi usikre på om nye generasjonar vil halde fram med skjøtsel. I så tilfelle vil dagens skjøtelsplanar og tiltak vere fányttas.

I vassdraga er tilstanden i elvane i Raumaregionen forbetra etter friskmelding og reetableringsarbeid. Rauma og Innfjordelva oppnådde gytebestandsmål for laks i 2022. Stenging av kilenotfiske i sjøen frå 2021 har bidratt til dette. Reetableringa er avslutta for laks, medan reetablering av sjøaure vil halde fram i to av elvane nokre år til.

Første år med kjemisk behandling av elvane i Drivaregionen vart gjennomført med gode resultat så langt. Det er og lagt ned eit solid grunnlag for reetablering av bestandane gjennom stamfiske og oppgradering av kultiveringsanlegg og genbank.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi har auka fokuset på dette og stiller strengare krav og vilkår i plansaker og utøver vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag i større grad enn før. Vi har likevel svært mange vassdrag og ikkje kapasitet til å følge opp mange tiltak, særleg ulovlege tiltak det ikkje er søkt om.

Mange av bestandane av laks og sjøaure i fylket produserer langt under det nivået som vassdraga gir biologisk grunnlag for. Årsakene er samansette med faktorar både i sjø og på land. Det er stor aktivitet på habitatkartlegging og tiltaksplanar for vassdrag i fylket for tida, og fleire restaureringstiltak er på trappene. Statsforvaltar har bidrege til å få fram gode søknadar og tiltak. Vi har og lagt ned ein større innsats på kartlegging av sjøaurebekkar dei siste åra i lag med fylkeskommunen og lokale ressurspersonar, og tilgjengeleggjort kartlegginga på Gislink. Dette er viktig i mellom anna plansaker. Dei fleste sjøaurebestandane i fylket er i dårleg tilstand. Her er lakselus viktigaste årsak, fylgt av landbruk. Dersom det ikkje blir endra på dette, vil dei fleste vassdraga i fylket ikkje oppnå god økologisk tilstand. Store mengder tobis dei siste åra ser likevel ut til å ha ført til auka vekst og sannsynlegvis høgare sjøoverleving hos sjøaure fleire stader i fylket. Oter er tilbake i vassdraga i heile fylket. Dette er i utgangspunktet positivt i eit økologisk perspektiv, men i mindre elver med svekka anadrome bestandar ser predasjon frå oter ut til å gjere gjenoppbygging av fiskebestandane svært vanskeleg. Statsforvaltar har difor fokus på at vassdraga må bli mest mogleg robuste ved å satse på bevarings- og restaureringstiltak, der det er mogleg. Statsforvaltaren sin innsats har bidrege til at det er mindre fokus på fiskeutsetting og større fokus på restaurering- og habitatiltak i fleire vassdrag enn for få år sidan.

#### Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Redusert negativ effekt av fremmede skadelige organismer på naturmangfoldet.

SFMR sin innsats har bidratt til å redusere effekten av framande skadelege organismar på naturmangfoldet, samanlikna med ein situasjon utan slike tiltak. Den overordna utviklinga er likevel at framande artar er eit aukande problem, både i tilfang av artar og spreiding av etablerte framandartar. Rammene vi rår over er ikkje tilstrekkeleg til å hindre spreiding frå etablerte lokalitetar, eller hindre nyintroduksjonar. Havnespy er ein art vi ikkje kjenner til i M & R så langt, men vi ser det som truleg at arten vil komme, og på sikt gi store negative verknader på marint mangfald.

For karplantar utanfor verneområda har SFMR prioritert uttak av kjempebjørnekjeks, som er nesten utrydda i fylket, og elles kjempespringfrø, rynkerose og vestamerikansk hemlokk. Av førebyggjande aktivitetar har vi har informert om framande artar i media, podkast og på møte i hagelag m.v.

Statsforvaltaren har kontakta Veterinærinstituttet og Miljødirektoratet om bekjemping av mort i Kristiansund kommune, som er ein regionalt framand art. Veterinærinstituttet gjennomførte etter dette kartlegging av dei tre kjente vassførekomstane med mort som førebuing til mogleg bekjemping i 2023. Det er gjennomført informasjonsmøte med lokale lag om kartlegging i nabovatn i samarbeid med fylkeskommunen. Melding om observasjon av karpefisk i Brusdalsvassdraget i Ålesund er undersøkt nærere i samarbeid med lokal jeger- og fiskeforeining og Statens naturoppsyn, utan fangst eller observasjon av karpefisk.

#### Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

**Rapportere på**

Tilstanden i og kunnskapen om vannforekomstene er forbedret.

Ved inngangen til ny vassforvaltningsperiode (2022-2027) er 81,6 % av vassførekomstane i Møre og Romsdal vassregion i god eller svært god miljøtilstand. Tilsvarande var det ved inngangen til førre periode (2016-2022) 70,7 % . Presset på mange vassførekomstar er stort, særleg frå vasskraft, akvakultur, avrenning frå jordbruk/avløp og urban utvikling.

I 2022 har vi ytt til i arbeidet med Regional vassforvaltningsplan og oppdatert tiltak der Statsforvaltaren er sektormynde/utførande. Planen vart vedtatt 31.10.2022. Vi har bidrege særskilt med å få fram fagkunnskap om vassdrag som var aktuelle å prioritere for minstevassføring.

Vi har arbeidd kontinuerleg med oppdatering av Vann-Nett. Her har vi også hatt god dialog med VRM, sektorstyresmakter og kommunane.

Gjennom overvåkingsprosjekt i 2021 og 2022 har vi fått ny kunnskap om ei rekkje vassførekomstar når det gjeld avrenning frå landbruk og avløp. Overvåkingsdata er lagt inn i Vannmiljø og er tilgjengeleggjort i Vann-Nett. Dette arbeidet vil halde fram også i 2023. Det er lagt inn ei rekkje nye tiltak på jordbruksområdet det siste året. Vi har og bidratt til høg aktivitet på habitatkartlegging og tiltaksplanar for vassdrag i fylket, gjennom informasjonsarbeid og god kontakt med forvaltningslag, fagmiljø og andre aktørar. Det vil bli auka behov for midlar til habitatiltak og restaurering i åra framover.

Mange vassdrag har redusert økologisk eller morfologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Vi har auka fokuset på dette og stiller strengare krav og vilkår i plansaker og utøver vår rolle som mynde på forskrift om fysiske tiltak i vassdrag i større grad enn før. Vi har likevel svært mange vassdrag og ikkje kapasitet til å følge opp mange tiltak, særleg dei det ikkje er søkt om. Vi har i 2002 behandla fleire søknader enn tidlegare om fysiske tiltak i vassdrag og uttak av kantvegetasjon (vrl § 11). Gjennom dette arbeidet kan vi stille krav som er med på å redusere/skjerme mot nye fysiske inngrep. Her har vi også bidratt med informasjon på samlingar for kommunane.

Det største tiltaket Statsforvaltaren hadde ansvar for i 2022 var første års kjemiske behandling av elvane i Drivaregionen mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris i 2022. Det er svært viktig at tilstrekkelege midlar til vidare behandling blir stilt til rådvelde.

I vassdraga er tilstanden i elvane i Raumaregionen forbetra etter friskmelding i 2019 og reetableringsarbeid. Rauma og Innfjordelva oppnådde gytebestandsmål for laks i 2022. Reetableringa er avslutta for laks, medan reetablering av sjøaure vil halde fram i to av elvane nokre år til. Stenging av kilenotfiske i i heile utvandringsruta i sjø har og vore viktig for at gytebestandsmåla er nådd. Dette gjeld og fleire vassdrag, saman med strengare fiskereguleringar i elv.

Statsforvaltar har gjennomført ei større oppgradering av Herje genbank dei siste åra, og fleire av tiltaka vart ferdigstilt i 2022.

Kunnskapen om leveområda til sjøaure i vassdraga er betra gjennom eit kartleggingsprosjekt vi starta i lag med fylkeskommunen i 2020. Data er lagt ut på Gislink og tilgjengeleggjort for planleggarar og andre. Arbeidet med klassifiseringa av sjøaurebestandar til Miljødirektoratet har og bidrege til meir kunnskap. Dei fleste sjøaurebestandane i fylket er i dårleg eller svært dårleg tilstand ifølgje klassifiseringa, med lakselus som viktigaste negative påverknad, fylgt av landbruk. Data frå klassifiseringa er førebels ikkje lagt inn i Vann-nett, men ville ha resultert i at fleire anadrome vassdrag ikkje oppnår god tilstand enn i dag.

Vi fekk gjennomført kartlegging av elvemusling i 6 elvar i fylket i 2022, og fått auka kunnskap om leveområde og forslag til tiltak for å forbetre situasjonen.

Vi har fått auka kunnskap om frivillig kultivering av laksebestandar gjennom evaluering av kultivering som er finansiert av tilskot til fisketiltak. Arbeidet vart prioritert av oss gjennom fylkesvis kultiveringsplan for vassdrag. Dette har gitt kunnskap om at nokre elvar klarer seg godt utan kultivering.

Effekt: Auka kunnskap og betre grunnlag for vidare tiltaksarbeid. Betre tilstand for laks og sjøaure i friskmeldte elvar i Raumaregionen. Større laksebestandar i ein del elvar i 2022 som følgje av fiskereguleringane i 2021, der Statsforvaltar kom med tilråding og gjennomførte lokal høyringsprosess.

Avvik: Arbeid med pålegg i vasskraftsaker har ikkje hatt framdrift på grunn av manglande kapasitet og mangeårig etterslep. Vi har likevel revidert utsettingspålegg for utsetting av aure i Tafjordfjella etter frivillige fiskebiologiske undersøkingar utført av Tafjord kraft. Vi har for liten kapasitet til å ha tilsyn med og følgje opp ulovlege tiltak i vassdrag, kantsone og nedbørfelt. Her bidreg og kommunane i alt for liten grad.

**Bekjemping a G. Salaris i Driva (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Vellykket behandling av infiserte vassdrag i Driva-regionen

Første behandlingsår vart i stor grad gjennomført som planlagt. Det er ikkje påvist *G. salaris* på innsamla ungfisk i elvene etter behandling. Dette gjeld både dei 4 elvene der parasitten var påvist (Driva, Litjdalselva, Usma og Batnfjordselva), naboelver som vart behandla og elver i overvåkingssona. Miljø-DNA gav heller ikkje utslag for *G. salaris* i Litjdalselva eller Driva nedom sperra etter behandlinga. Ovafor sperra er det framleis utslag på *G. salaris* mellom Magalaupet og Oppdal, som vil bli undersøkt nærare. Det er i tillegg innsamla finner frå omlag 200 røyer i Gjevilvatnet og 350 røyer frå vatn i Åmotsdalen, utan funn av *G. salaris*.

Under klorbehandlinga vart det oppnådd målsetting om minimum 100 mikrogram alle målestader. For rotenon vart det oppnådd tilstrekkeleg konsentrasjon på rotenonprøvene som vart tekne.

Vassføring generelt var utfordrande i 2022, med eit år som hadde nær 50-årsflaum i Driva i slutten av juni, og kontinuerleg tilføring frå nedbør og snøsmelting. Sidevassdraga var i større grad aktive. Dammar/flomlaup langs Driva var generelt fylt opp med friskt vann og fiskeyngel under flom. Dette førte til stor arbeidsmengde for rotenonklorgruppa, og det er behov for meir mannskap i 2023.

I Litjdalselva er det ønskeleg å gjere endringar for å kome opp på same sikkerheitsnivå for vellykka bekjemping som i Driva. For 2023 vil det bli planlagt med vidare bruk av klor som hovudkjemikalie i Litjdalselva, og samtidig unngå restriksjonar på rotenonbruk i dei delane av sidebekkar/oppkomme der det er mest optimalt for bekjempinga.

### 3.1.1.8 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Med nokre unntak er det framleis ei i hovudsak negativ utvikling for trua artar og naturtypar i Møre og Romsdal. Dette gjeld særleg artar og naturtypar som lir under opphøyr av driftsformer i landbruket og endra arealbruk. Hubro står i fare for å bli utrydda i Møre og Romsdal.

SFMR sin innsats forseinkar utviklinga, men utan meir omfattande endringar i tilnærminga til arealbruk og tilgang på ressursar t.d. til hubrotiltak, er det lite utsikt til å snu til ein positiv trend.

#### Forbedret tilstand for truet natur (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Forbedret tilstand for truet natur.

Effekten av SFMR sitt arbeid retta mot trua natur er å seinke ei negativ utvikling som følgje av dei kjente negative påverknadsfaktorane som m.a. utbygging, fragmentering, klimaendringar, gjengroing, framande artar og endra arealbruk/opphøyr av driftsformer i landbruket. Skjøtselsavhengige naturtypelokalitetar blir opprettheldt og til dels forbetra som følgje av tilskotsordningane, men søkartala er synkende, og den overordna utviklinga på sikt er negativ som følgje av minkande evne og motivasjon hos aldrande eigarar og nye generasjonar.

Eit av dei viktigaste tiltaka for å sikre naturverdiar er naturkartlegging. Kunnskapen gir viktig grunnlag for skjøtsel på enkeltlokalitetar, og generelt for arealplanlegging. Det er ein stor mangel i kartlegging av naturverdiar i skog. Kunnskapsgrunnlaget blir difor dårleg på ulike arealforvaltningsarenaer, og som grunnlag for arbeid med frivillig vern av skog.

Hubro er i sterk tilbakegang. Hubro har stort fokus hos oss i arealplansaker, men utan ei sterkare satsing på tiltak på kraftlinjenettet ser vi uansett ikkje håp for at hubro kan overleve i fylket.

#### Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert (fra kapittel 3.1.4.2.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Bestandsmålene for rovvilt er nådd og tapene av beitedyr til rovvilt er redusert.

Bestandsmåla for jerv og gaupe er nådd både for region 6 samla og for Møre og Romsdal. Det er ikkje bestandsmål for ulv og bjørn i vårt fylke.

Totalt for fylket var tapa til freda rovvilt lågare enn tidlegare år i 2022, både for jerv og gaupe, men det er store regionale forskjellar. Innanfor forvaltningsområdet for jerv er beiteaktiviteten høg, og tolegrensa for mange beitebrukarar i Rauma og Fjord er langt på veg nådd, med enkeltbesetningar med tap i 2022 mellom 30 og over 50 %. Tilsvarende har Tingvoll vedvarande høge tap truleg til gaupe, men på eit vesentleg lågare nivå enn dei mest utsette jerveområda. Utanfor forvaltningsområdet for gaupe er tap til gaupe meir spreidd, med nokre konsentrasjonar enkeltår og i enkeltområde.

Ein første føresetnad for å oppnå måla for gjeldande rovdvyrpolitikk er at rovviltbestandane i Møre og Romsdal blir tatt ned til bestandsmåla.

For jerv vil dette første rekke kunne redusere tapa i beiteprioritert område, i hovudsak Trollheimen. Det er her likevel vanskeleg å halde jervebestanden nede når dei naturgitte tilhøva for jerv er gode, innvandringa er høg, og lisensfelling og ekstraordinære uttak er krevjande.

Innanfor forvaltningsområdet for jerv isolert sett er talet på ynglingar i samsvar med bestandsmålet for fylket. Området er lite, og det vil vere krevjande å halde bestanden stabilt på målet på tre ynglingar. Gitt at forvaltningsområdet i teorien skal bere heile bestandsmålet for fylket, vil sesongtapa her variere etter dagens mønster så lenge beiteaktiviteten held seg på dagens nivå.

Topografi og klima gjer at lisensfelling av jerv i Møre og Romsdal er utfordrande, og kvoten vert ofte ikkje fylt i ordinær lisensfellingsperiode. Skadefelling er tilsvarende vanskeleg, og lukkast svært sjeldan. I 2021 vart det t.d. felt ein jerv på skadefellingsløyve, for første gong på 11 år. Lisensfelling og skadefelling bidrar difor lite til å kontrollere jervebestanden og redusere skadeomfanget.

Kompetanseheving av skadefellingslag er viktig for effektiv innsats, men antatt låg uttelling og låg motivasjon i fellingslaga gjer at kommunane avstår frå å søke om fellingsløyve sjølv om skadesituasjonen tilseier at det ligg til rette for å få løyve. Statsforvaltaren ser tildeling av skadefellingsløyve til væpna tilsyn som meir ressurreffektivt, og lettare å mobilisere og oppretthalde over tid, enn kommunale fellingsoperasjonar.

Utanom redusert beiteomfang innanfor forvaltningsområdet for jerv, ev. stimulert med omstillingsmidlar, ser Statsforvaltaren ikkje vesentlege, ubrukte verkemiddel for å redusere tapa og konfliktgraden innanfor forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal.

Utover det å skilje jerv og beitedyr i tid og rom ved tidleg nedsanking, er det få gode tapsreducerande tiltak. Ekstraordinært tidleg nedsanking er vanskeleg når tapa til jerv oppstår tidleg i sesongen. I alle områda med tap til jerv i Møre og Romsdal er det stor frivillig oppslutning om ordinær tidleg nedsanking. Brukarane gjer ein stor innsats som bidreg til å avgrense tapa på slutten av beitesesongen mot kva dei elles kunne blitt. Konfliktnivået og tapstala knytt til jerv i Møre og Romsdal samanlikna med andre område må sjåast i lys av denne innsatsen.

Kvotejakt på gaupe er effektivt når forholda ligg til rette, og kvota vert normalt fylt innan kort tid. Det er fast tilhald av gaupe både i og utanfor forvaltningsområdet.

Godt tilsyn og dokumentasjon av tap er viktig som grunnlag for å vurdere skadesituasjonar gjennom sesongen, og for handsaming av erstatningssøknader. Dokumentasjon er særleg krevjande for gaupe.

Statsforvaltaren bidrar til m.a. utvida tilsyn og elektronisk overvaking gjennom FKT-midlar. Samarbeid og kontakt med næringa og kommunane er godt. At SFMR har satsa på kommunale roviltutval er eit vesentleg bidrag til dette. Vi nyt også godt av eit svært godt samarbeid mellom fagavdelingane våre.

### 3.1.1.9 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

I underkant av 30 % av arealet i Møre og Romsdal er underlagt vern etter naturmangfaldlova, men dette er i hovudsak np/lvo i indre og høgareliggende delar av fylket. Rundt 2,5 % av skogen er verna som skogreservat eller som del av andre verneområde. Det er framleis også manglar i vern av dei fleste andre natur- og landskapstypene utanom fjellområda. For våtmark og strandnære areal kan gjennomføring av supplerande vern auke representativiteten noko. M & R har ingen marine verneområde, men det er starta prosess for to (tre) område.

Med unntak av frivillig skogvern er det lite framgang i verneprosessane i Møre og Romsdal. Det er sterk motstand mot ytterlegare vern i dei fleste kommunar, med ønske om fortsatt lokal forvaltning gjennom pbl, landbrukslovgiving og anna. Spørsmål om kommunal vetorett i verneprosessar står også sentralt i dei nyare prosessane med føresetnad om lokal aksept for oppstart.

Arbeidet med marint vern av områda Giske og Griphølen-Remman går seinare enn planlagt, men vil bli prioritert i 2023. Vi er snart klar med forslag for fagleg godkjenning av verneplan for Giske. Arbeidet med Sunnmørsalpane har stoppa opp som følgje av at Ørsta kommune ikkje gav aksept for oppstart. Usikkert om kommunen kan modnast til å endre oppfatning. Supplerande vern av mindre område arbeider vi med kartlegging og klargjering av verneverdiar i forkant av akseptsonderingar.

Samla sett er vi ikkje komme vesentleg nærare målsettinga om vern av eit representativt utval av naturen i Møre og Romsdal. Noko av dette skuldast lokal motstand, andre element heng saman med for lav prioritering hos SFMR.

### Myrer og andre våtmarker er restaurert (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Myrer og andre våtmarker er restaurert til en tilstand som gir gevinster for karbonlagring, klimatilpassing og naturmangfold.

Det vart restaurert eit grøfta myrområde på ca. 31 dekar søraust i Aspåsmyran naturreservat i Gjemnes kommune. Arealet ligg aust for området som vart restaurert i 2016/2017. Prosjektet ligg oppdatert i FieldMaps/ArcGISOnline, og heiter «Aspåsmyra del 2». Restaurert myr har ein positiv effekt for karbonlagring, klimatilpassing og naturmangfold på sikt. Det er gjennomført ferskvanns-zoologiske undersøkingar i etterkant av restaureringa i 2016/2017, i åra 2019-2022. Desse undersøkingane viser at det restaurerte området har gått fra å vere eit «null-område» til å bli eit faunarik område med fleire sjeldne artar. Reservatet har ein rik augenstikkerfauna, samt bra forekomst av andre insektartar.

### 3.1.1.10 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

I hovudsak har vassmiljøet god tilstand når det gjeld forureining, og utviklinga går i rett retning. Vi har likevel problem i nokre område. Nokre sjøresipientane er registrert med redusert miljøtilstand, ofte grunna miljøgifter i sedimentene. Dette skuldast i stor grad utslipp frå tidlegare næringsaktivitet.

Opprydding i forureina sjøbotn er ei stor oppgave for oss og vi held fram med arbeidet for å få industrien til å gjere dei granskingar som er nødvendig for å få eit godt kunnskapsgrunnlag. Vi merker stor motstand i næringa til å utføre gitte pålegg.

Innafor avfallssektoren har vi stor aktivitet for å følge opp etterleving av krav. Etter årevis med gjentagande tilsyn og mengder av avvik som ikkje har blitt tilfredsstillande lukka, gjekk Miljøservice Eide AS konkurs i november 2020. Store mengder avfall ligg att, og det er potensiale for forureining i grunnen og spreiding av både forureining og avfall til omkringliggende område. Vi har engasjert prosjektleiarar for å hjelpe oss å organisere arbeidet med miljøkartlegging, risikovurdering og utarbeiding av tiltaksplan for å sikre områda rundt mot forureining og forsøpling. Vi har nytta mykje av eigne ressursar til oppfølging av dette. Politiet arbeider med kartlegging av moglege lovbrøt i samband med drift og konkurs i Miljøservice Eide AS med tanke på å reise tiltale mot tidlegare eigar og drivar av verksemda. Vi har inngått avtale med politiet om å hjelpe dei med miljøfagleg kunnskap i saka. Mellom anna blir det som vi utfører av arbeid med prøvetaking, miljøgiftanalyser og risikovurderingar stilt til politiets disposisjon for eventuell bruk i samband med tiltalen.

Akvakultur er ei stor næring i MR som bidreg med både eutrofi og miljøgifter. Innafor akvakultur består vårt arbeid i hovudsak i å sakshandsame søkander om utslippsløye. Vi har dei siste åra opplevd ein auke i antall klager på vedtak innafor akvakultur, både frå næringa sjølv, naboar og andre interesseorganisasjonar. Vi opplever auka konflikter relatert til utslipp, lysbruk og støy. Kontroll og oppfølging av bransjen har vi ikkje lukkast med på grunn av ressursmangel. Tilsyn er svært viktig for å skape forbettringsprosessar og auka forståing for krav gitt i løyver.



Det er auka satsing på biogass i MR og vi har fått fleire søknader om etablering av nye biogassanlegg. Anlegga ønskjer å bruke biorestar i nærområda til biogassanlegget for å redusere transportavstand.

Vi har en del fiskeoljeverksemder som kjem inn under dei nye IED-krava. Alle har varsla at dei vil søke om dispensasjon frå dei nye renskrava.

Kommunane sin oppfølging av forsøpling og forureina grunn kunne jamnt over ha vore betre. Vi har gjennomført tilsyn på dette tema, men med liten effekt i dei kommunane som ikkje har ressursar til å prioritere disse oppgåvene.

Vi har dei siste åra hatt ein del hendingar med akutte utslipp til både ferskvatn og sjøvatn, noko som tilseier at det er eit forbettringspotensiale når det gjeld internkontroll. Dette kan best kontrollerast gjennom auka tilsyn.

I all hovudsak går utviklinga i rett retning. Men vi ser det er viktig med tett oppfølging av industrien og kommunar.

**Forurensningskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Forurensningskilder som skaper eutrofiering, er godt regulert.

**Forurensning:**

Eutrofi er ikkje et stort problem sjøresipientane der industrien har utslipp. Men vi må ha fokus på å redusere miljøbelastninga frå spesielt akvakultur, næringsmiddel og avløp. Vi har to kommunar som ikkje overheld krava vi har stilt til avløpsrensing. Her har vi brukt vår mynde i plansaker som eit verkemiddel, og begge kommunane har gitt seg sjølv byggestopp. Samstundes planlegg kommunane eit nytt felles reinseanlegg.

**Landbruk:**

Gjennom regionale miljøtilskot har vi tiltak som retter seg mot både bruk av husdyrgjødsel og tiltak som går på å redusere erosjon, avrenning og utslipp til vassdrag. Husdyrgjødseltiltak retter seg først og fremst mot å stimulere til at husdyrgjødsel blir spreidd i vår- eller vekstsesong, då plantene tek opp næringa. Då vil det bli lite næringsstoff på avveie. Tiltak som skal hindre utslipp til vatn går primært på å hindre pløying av kornareal om hausten i nedfallsområda til dei tre hovudvassdraga i fylket (Surna, Driva og Rauma). Det aller meste av åkerproduksjonen i fylket skjer i desse tre dalføra. Målet er å redusere utvasking av jord og næringsstoff, noko som har negativ innverknad på vasskvaliteten i vassdraga. For øvrig er om lag 96 % av alt jordbruksareal i fylket grasareal med heilårs plantedekke, noko som i utgangspunktet er det mest effektive tiltaket mot erosjon og avrenning.

Det er foreløpig ikkje vurdert å fastsette forskrift for å oppnå miljømål. Fylket er generelt prega av mange små og korte vassdrag. Det blir gjennomført overvaking av vassdrag og vatn for å betre kunnskapen om tilstanden i dei ulike vassførekomstane.

**Vannforvaltningsplaner**

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	2 185	30	0	0

*I følge rapport frå Vann-Nett for Vassregion Møre og Romsdal vil 2185 vassførekomstar nå miljømåla innan gitte fristar. 2073 innan perioden 2022-2027, 101 i perioden 2027-2033 og 11 etter 2033. 30 vassførekomstar har "mindre strenge miljømål" vurdert etter Vassforskrifta § 10. Det er førebels ikkje innført forskrift om regionale miljøkrav for jordbruket i Møre og Romsdal.*

**Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunene har oversikt over egne lokaliteter med grunnforurensning.

Vårt inntrykk er at i Møre og Romsdal følger om lag ein tredjedel av kommunane opp sine plikter i Grunnforurensning. Vi gjennomførte ein lokal tilsynsaksjon med tema forsøpling og grunnforureining i 2021, denne aksjonen blei vidareført med tre tilsyn i 2022. Totalt førte vi tilsyn med 10 kommunar over to år. Vårt inntrykk av tilsynsaksjonen var at den gav liten effekt sett i høve til vår tidsbruk. Dei kommunane som sjeldan eller aldri grad brukte databasen, blei i liten grad betre av at dei fekk pålegg om å ha rutinar for å bruke databasen. To av dei totalt 10 tilsyna måtte avsluttast utan at kommunane hadde retta seg etter våre pålegg om å lukke avvik. Årsaka til at kommunane ikkje følgjer plikta om å halde databasen oppdatert, er at dei er lavt bemanna og derfor prioriterer andre oppgåver.

**Forurensning fra nedlagte skytebaner (fra kapittel 3.1.4.4.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Forurensningen fra nedlagte sivile skytebaner skal ikke føre til skade på helse og miljø.

Det er berre halvparten av kommunane som har svart på spørjeundersøkinga som dannar grunnlaget for rapporten. Utan ein systematisk gjennomgang oppdagar vi opplagte manglar i rapporten. Det gjer at vi ser trong til å kvalitetssikre rapporten før den blir nytta som grunnlag for vidare arbeid med prioritering av risikoreducerande tiltak. (Skytebanane Overvoll i Stranda kommune, Torvik i Gjemnes kommune og Stormyra i Aure kommune er neppe det rette utvalet for Møre og Romsdal).

#### Opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft (fra kapittel 3.1.4.4.3.1 i TB)

##### Rapportere på

God framdrift i arbeidet med opprydding på land og i sjø ved prioriterte skipsverft.

Alle dei prioriterte verfta i Møre og Romsdal er ferdige med tiltak og undersøkingar på land.

I 2022 fekk vi inn nye miljørapportar for forureina sjøbotn for 12 verft, og desse skulle vere eit ledd i arbeidet mot tiltaksplanar. Rapportane var diverre svake på fleire punkt og ikkje heilt i tråd med rettleiingsmaterialet for sedimentarbeid. Vi har difor send verfta krav om supplering av rapportane, og supplerte rapportar ventast i 2023. Tiltaksplanane, som skal byggje vidare på rapportane som må supplerast, vert difor forsinka.

Ved fleire av dei prioriterte verfta er det andre verksemder i nærleiken som kan ha vore betydelege bidragsytarar til sedimentforureining i tillegg til verftet. I 2022 følgde vi opp fleire slike moglege kjelder med pålegg om undersøkingar, og rapportar ventast i 2023. Eitt av pålegga vart klaga på, og klagen vart send vidare til Miljødirektoratet for handsaming.

#### 3.1.1.11 God økonomiforvaltning i kommunene

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fulgt tett opp om våre Robek-kommunar i 2022. Toppleiinga i Robek-kommunane må komme inn til Statsforvaltaren og legge fram kvartalsvise tall om tiltak og måloppnåing i forhold til tiltaksplanen for vegen ut av ROBEK. Dialogen er tett og god. Vi har også hatt innlegg i kommunestyre og formannskap til gule og røde kommunar.

Gjennomgangen vår av budsjett og økonomiplan viser at fleirtalet av kommunane i Møre og Romsdal planla perioden 2022–2025 med låge/svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og at dei bruker av disposisjonsfondet for å balansere drifta si. Mange av samanslåingskommunane har hatt ein travel og utfordrande start, og mange kommunar har ein strammare kommuneøkonomi.

Utfordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling, og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive.

Etter at rekneskapstala frå kommunane var klare, og vi har gått gjennom budsjetta deira, så har vi laga oss eit enkelt "Robek-kart" med fargene rødt, gult og grønt. Det gjer det enklare for oss å prioritere kor vi set inn ekstra ressursar. Det var to røde kommunar, seks gule og 18 grønne. Det er nøkkeltala netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt som er utgangspunktet for "Robek-kartet".

I 2022 besøkte vi kommunestyra og hadde innlegg om kommuneøkonomien i dei gule og røde kommunane. Dette var positivt både for kommunane og Statsforvaltaren. Administrasjonen i kommunane seier at dette er god drahjelp for å få ned driftsutgiftene. I tillegg skriv vi høyringsssvar til budsjettinnstillinga når den blir vedteken i formannskapet.

Dei siste åra har vi lagt om våre rutinar for tildelinga av skjønnsmidlar og prosjektskjønn/fylkesløft. Søknadsfristen er den 1. juni kvart år. Vi tildelte brorparten av ramma til statsbudsjettet. I forbindelse med omlegginga, har vi også gjort ei dreining av prosjektskjønnet til i større grad å bidra til 'fylkesløft'. Fylkesløft er prioriterte tiltak som vil vere eit løft for alle kommunane i fylket. Som døme her kan vi nemne Digitaliseringsprosjektet (DIGI Møre og Romsdal), Berekraftsfylket Møre og Romsdal, Helseplattforma og Ungt Entreprenørskap, som har vore satsingar over 2-3 år.

Vi gjennomførte samling for alle økonomisjefane med veldig god oppslutning. Dette er ein viktig arena kor vi deler kunnskap med godt fagleg innhald. Dette er eit samarbeid mellom KS, Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (Nkkf), Kommunerevisjonen og Statsforvaltaren.

#### Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2022.

I Møre og Romsdal er målet om ein reduksjon i tal Robek-kommunar innfridd.

Ved inngangen til 2022 er det tre kommunar i registeret, Rauma, Giske og Sande. I løpet av året har vi meldt ut Sande og Giske, men vi fekk inn Vestnes. Da har vi Rauma og Vestnes på Robek ved slutten på 2022.

Vi har tett dialog og oppfølging med kommunane. Dette blir gjort ved at vi gir konkrete tilbakemeldingar kvart år, etter vår gjennomgang av kommunane sine budsjett og økonomiplanar. I tillegg har vi tett dialog gjennom året. Statsforvaltaren har kvartalsvise møte med toppleiinga i Rauma og Vestnes.

For budsjett- og økonomiplan fekk Robek-kommunar og andre kommunar som står i fare for å hamne på Robek, høyringsuttale til budsjett og økonomiplan. Vår erfaring er at kommunane meiner det er viktig med ei slik tilbakemelding, og dette vil gi eit grunnlag for om det er behov for vidare dialog og møte med enkeltkommunar. Framfor gjennomgangen av budsjett og økonomiplan, har vi gruppert kommunane etter ei risikovurdering som vil

danne grunnlaget for analyse, og korleis vi vektlegg og gir tilbakemeldingar til kommunane. I den samanheng vil vi òg vere tydelege til kommunar som kan vere i faresona for å bli registrert i Robek.

#### Antall kommuner i ROBEEK (2)

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultat	Antall kommuner i ROBEEK ved utgangen av 2021	Antall kommuner i ROBEEK ved utgangen av 2022
Antallet kommuner i ROBEEK skal reduseres i 2022	- 1	3	2

#### Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Statsforvaltaren rettlear kommunane direkte gjennom e-post og samtaler om føringar i KOSTRA. I tillegg deler vi den årlege rapporten «Utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal», gjennomfører økonomisjefssamling og deltar i andre samlingar der KOSTRA-rapporteringar er naturleg å ta opp.

Vi trur at regelmessig direktekontakt med kommunane som har feil i innrapporteringa vil ha effekt, men det er tidkrevjande å følgje opp.

Statsforvaltaren gir innspel til kommunale planstrategiar, planprogram til kommuneplanens samsfunndel, kommuneplanar (samfunnsdel) og ulike fagplanar til høyring. I tillegg har vi gått gjennom kommunerekneskap og kommunebudsjett. Kommunane viser til KOSTRA-data i sitt planarbeid, gjennom å samanlikne statistikk frå år til år i eigen kommune og samanlikna med andre kommunar. Kommunane samanlikner seg med KOSTA-gruppa dei tilhøyrer, landsgjennomsnittet (utan Oslo) eller utvalde kommunar. Gjennomgåande er vårt inntrykk at kommunane nyttar KOSTRA-data i sitt utviklingsarbeid og styring av kommunen sin utvikling. Særleg ser vi dette i arbeidet med å dreie tenesteaktiviteten frå barn og unge til eldreomsorg på grunn av endringar i folkesamansetninga i kommunen.

Statsforvaltaren lagar årleg ei oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien. Denne blir publisert kvar sommar og blir omtalt i media. Der sett vi fokuset på korleis den økonomiske situasjonen er på kommunenivå, på bakgrunn av innrapporterte rekneskapstal. I tillegg snakkar og skriv vi om bruk av KOSTRA-tal i alle samanheng der det er naturleg å ha dette oppe som tema, både i kontakt med einskildkommunar og i samlingar. Kommunane er godt kjent med KOSTRA-data og at Statsforvaltaren har fokus på dette. Det er grunn til å tru at dette påverkar fokuset kommunane har på bruk av statistikken i eigen verksemd. I 2022 var KOSTRA-tal tema på økonomisjefssamlinga.

Arbeidet med tett oppfølging av kommunane vil halde fram i 2023.

#### 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Statsforvaltaren deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket. Partnerskapet har vore tett på arbeidet med Fylkesstrategi landbruk, som vart vedtatt av Fylkestinget i desember 2022. Statsforvaltaren si landbruksavdeling har bistått i arbeidet med strategien. Som kunnskapsgrunnlag har NIBIO utarbeidd ei verdiskapingsanalyse for landbruket i fylket, delvis finansiert av Statsforvaltaren. I tillegg har Rurals gjennomført spørjeundersøkinga «Trender i norsk landbruk» for innsikt i korleis bonden ser på framtida. Dette er svært nyttig kunnskap som Statsforvaltaren nyttar både i kommunedialogen og i arbeidet med næringsutvikling. Partnerskapet er no tett på fylkesstrategien sin handlingsplan for 2023. Fleire av tiltaka i handlingsplanen inngår i Statsforvaltaren sitt arbeid.

Møre og Romsdal har 10% av kumjølkeproduksjonen i landet, og mjølkeproduksjonen står for to tredjedelar av verdiskapinga i fylket. Det er ei utfordring at berre 48 % av mjølkebruka har lausdrift (tal frå TINE pr desember 2022). Andelen storfekjøttprodusentar med bås fjøs er ikkje kjent. Partnerskapet har for 2023 prioritert at heile 70 % av midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) skal prioriterast til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, i tillegg til mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, samt ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd. Dette inneber at andre produksjonar må prioriterast bort, dvs at søknader som gjeld sau og fjørfe ikkje vert prioritert. I svineproduksjonen kan investeringar for å betre dyrevelferd på etablerte bruk løyvast midlar.

Bakgrunnen for den harde prioriteringa er dei nye forskriftskrava frå 2024 om kalvingsbinge og dyr på beite i minst 16 veker for produsentar med bås fjøs, i tillegg til lausdriftskravet frå 2034. Når heile 52 % prosent av mjølkebruka (309 bruk) i fylket har bås fjøs, vil dei nye forskriftskrava få konsekvensar for svært mange produsentar. I Møre og Romsdal er den gjennomsnittlege mjølkebuskapen på 29,9 kyr. Halvparten av buskapane har 23 kyr eller færre. Mange er altså mindre produsentar.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2022 tildelt 61,1 mill kr i IBU-midlar. Denne ramma skal dekke støtte til både tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringer. Trass i ein monaleg auke frå 2021 (løyvinga var då 37,04 mill), vart midlane oppbrukt i løpet av hausten. Ved årsskifte 2022/2023 låg 27 søknader på vent med omsøkt tilskot på omlag 43 mill kr. Pågangen av søknader syner at det er satsingsvilje, men mange av bås fjøsa i fylket er i storleiken 15 – 30 mjølkekyr. Innovasjon Norge skal ha fokus på å støtte lønnsame prosjekt, men det er begrensa lønsemd for mindre bruk, så Statsforvaltaren er uroa over framtida for desse bruka.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor heilt nødvendig at kommunane prioriterer å ha ei robust landbruksforvaltning. Statsforvaltaren har kartlagt antal årsverk pr 31.12, og utviklinga syner ein reduksjon frå totalt 38,81 årsverk i 2020, til 37,65 årsverk i 2022. Dette viser ei utvikling i feil retning, noko vi vil ha fokus på i vår dialog med kommunane.

Statsforvaltaren vart av Landbruksdirektoratet i 2020 tildelt eit av 4 toårige pilotprosjekt i Inn på tunet-løftet 2. Rapporten vart levert 15.12.22. Vår pilot var retta mot innkjøparar av Inn på tunet-tenester på området vidaregåande skule og pedagogiske tilbod. Prosjektet var tverrfagleg og breidt sammansett, både frå andre avdelingar hos Statsforvaltaren, Fylkeskommunen og tilbydarnettverket Inn på tunet Møre og Romsdal. I prosjektet kom det fram at kunnskap om Inn på tunet-tilbodet, økonomi, fagleg kvalitet og nærleik til garden er viktige moment for at Inn på tunet skal vere aktuelt i vidaregåande opplæring. Arbeidet vart følgt opp i samarbeid med Landbruksdirektoratet. I tillegg er det under utarbeiding eit utviklingsprosjekt i regi av IPT Norge SA, i samarbeid Statsforvaltarane i Møre og Romsdal og Trøndelag. I pilotprosjektet vart det laga ein informasjonsfilm, retta mot vidaregåande opplæring. Denne er formidla til alle dei vidaregåande skulane i fylket.

Innan økologisk landbruk er Statsforvaltaren initiativtaker til Økograppa, som består av representantar frå Økologisk M&R, fagлага, NORSØK, NLR og fylkeskommunen. På oppdrag frå Statsforvaltaren utførte Ruralis ei kartlegging av mogelegheitene for økologisk landbruk i fylket. Rapporten vart levert januar 2022. Basert på rapporten jobba Økograppa fram eit prosjekt med fleire delprosjekt, kalla Utvikling av økologisk landbruk i Møre og Romsdal. Prosjekteigar er NLR. Prosjektet skal vere med å styrke jordbruket i heile fylket, og bidra til kompetanseheving, nettverksbygging og erfaringsdeling innan og mellom ulike produksjonar. I prosjektet er det lagt inn tiltak som har overføringsverdi til konvensjonell produksjon, t.d. tiltak som skal støtte opp om auka produksjon av frukt og grønt generelt i fylket, og tiltak som går på jordhelse, kompostering og dyrevelferd. Statsforvaltaren bidreg inn i fleire av delprosjekta.

Tredrivaren i Møre og Romsdal jobbar med å styrke verdikjeda til norsk tre og norsk tømmer. I samarbeid med Kystskogbruket vart det i september arrangert Kystskogkonferanse i Molde og Rauma. Stikkord for konferansen var lokale verdikjeder, næringsnettverk, sirkulærøkonomi og karbonlagring i skog og trelast. Vi drøfta også utfordringa med tidleg hogst av skog på særdeles gode bonitetar i fylket. Tidleg hogst fører til verditap og dårleg utnytting av karbonbindingsevna til skogen. Vidare har Tredrivaren jobba tett med trebaserte verksemdar og med bygdesager for å legge til rette for meir bruk av norsk tre og fleire treslag i trevarebransjen. Gjennom Nettverk for bærekraftige bygg oppmodar vi kommunar til å bygge i tre der det er hensiktsmessig. Slik har vi fått fleire offentlege bygg med tre i konstruksjonen i fylket, og i eit større omfang blir stål og betong erstatta av fornybart byggematerial frå skogen.

Statsforvaltaren er involvert i hoppid.no, eit partnerskap med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon som skal legge til rette for nyetableringar ved å vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. Meir om dette i kapittel 3.1.6.1.1.1 Verdiskaping.

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid mellom FoU-miljøa og regionale landbruksaktørar. Meir om dette i kapittel 3.1.6.1.1.1 Verdiskaping.

#### Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

God ivaretaking av nasjonale mål og regionale strategiske føringer.

Som nemnt i kapittel 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over heile landet har Statsforvaltaren bistått i arbeidet med Fylkesstrategi landbruk, som vart vedtatt av Fylkestinget i desember 2022. Fylkeskommunen har valgt å utarbeide ein årleg handlingsplan for strategien, framfor å utarbeide ein RNP.

Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge, fagлага og Allskog, er god. Statsforvaltaren tek initiativ, mobiliserer og bidreg med vår kompetanse, samt samordnar og målrettar innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla. Vi er ofte involvert i tidleg fase av prosjekt som ynskjer støtte frå dei regionale tilretteleggingsmidla, både som sparringspartner og ved å koble saman aktuelle personar/aktørar. Statsforvaltaren har tatt initiativ til jamne møter med Innovasjon Norge og fylkeskommunen på saksbehandlarnivå, for erfaringsdeling og effektiv samhandling.

Det er vanskeleg å måle effekten av utviklingsarbeidet, men Statsforvaltaren har i 2022 hatt særleg fokus på fylgjande:

##### Auka verdiskaping innanfor grovførbaserte husdyrproduksjonar i heile fylket:

Ein andel på heile 52 % bruk med bås fjøs i mjølkeproduksjonen er bekymringsverdig i forhold til framtida for produksjonen i fylket. Andelen storfekjøttproducentar med bås fjøs er ikkje kjent. Partnerskapet har for 2023 prioritert at heile 70 % av midlane til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlane) skal prioriterast til mjølk- og kjøttproduksjon på storfe, i tillegg til mjølkeproduksjon på geit. Men tilgangen på IBU-midlar og krav til lønsemd gjer overgangen til lausdrift utfordrande.

Statsforvaltaren er involvert i eit vegvalsprosjekt der Landbruk Nordvest, TINE og Nortura tilbyr rådgjeving til storfeproducentar som ynskjer omstilling grunna nye krav til driftsbygningar. Bønder som deltek i prosjektet får dekt 50 prosent av kostnaden til rådgjeving, med inntil 10 000 kr. Prosjektet er finansiert av Møre og Romsdal Fylkeskommune, og hadde oppstart 01.01.2022.

Vidare er Statsforvaltaren involvert i eit vegvalsprosjekt på Sunnmøre, der TINE er prosjekteigar. Mjølkeproducentane får der tilbod om strategibesøk, oppfølgande utredningar/rådgjeving tilpassa den enkelte, samt kurs.

Når det gjeld sau, er det tydelege signal om behov for investeringsmidlar til oppgradering av eksisterande fjøs. Partnerskapet har likevel valgt å ikkje prioritere sauebruk pga begrensa med IBU-midlar og dei komande forskriftskrava på storfe.

##### Skog og trebruk:

Tredrivaren starta ein ny 3-årig prosjektperiode hausten 2022. Tredrivarprosjektet er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen, arkitektforeninga og skognæringa. Spesielt i forhold til innovativ trebruk har Tredrivaren tatt initiativ og koordinerer eit nordisk nettverk som skal undersøke

helseeffektar ved å bruke tre i interiør. I dette arbeidet er Helseinnovasjonssenteret, NMBU, Norske trevarer, arkitektar og forskarar frå Sverige med.

Viser elles til kapitla 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet, 3.1.6.1.2.1 Tilfredsstillende foryngelse og 3.1.6.1.2.2 Tilskuddsordningene i skogbruket.

#### Klima, miljø og fornybar energi:

Statsforvaltaren sine prioriteringar og satsingar i det regionale miljøprogrammet (RMP) og i klima og miljøprogrammet er omtalt i kapittel 3.1.1.13 Bærekraftig landbruk.

Statsforvaltaren har etablert ei gruppe av bønder med pågangsmot, som tek relativt store grep for at eige bruk kan redusere utslepp, og med dagens energisituasjon også betre økonomien. Bøndene vil produsere straum frå biogass, solcelle eller vatn, eller bruke eigenprodusert straum gjennom ein N2 Applied-reaktor for å auke innhaldet av nitrogen i husdyrgjødsel. Dette er tunge investeringar. Statsforvaltaren ynskjer å delta for å lære og diskutere undervegs i utviklinga, og også kunne bidra med det vi kan samtidig som det kan vere potensiale for kompetanseoverføring.

Det er pr i dag to private biogassanlegg, samt NORSØK sin testreaktor i drift i fylket. I tillegg er tre industrianlegg under søknad/igangsetting og tre landbruksbaserte biogassanlegg er omsøkt til Statsforvaltaren for utsleppsløve. Det er eit N2 Applied pilot-anlegg i drift. Marknadsføringa er god og det er fleire miljø som ventar på testresultat frå piloten. Solcelleanlegg er i drift på fleire gardar.

#### Matspesialitetar og landbruksbasert reiseliv:

Statsforvaltaren er involvert i hoppid.no, eit partnerskap med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge som skal legge til rette for nyetableringar gjennom ei dør inn til verkemiddelapparatet. Hoppid skal bistå med rettleiing både i og utanfor landbruket for nyetablerarar og vidareutvikling av etablerte bedrifter. Det skjer gjennom generell rettleiing, kompetanseheving, nettverksbygging og økonomiske verkemiddel.

Statsforvaltaren deltek i styringsgruppa for Kompetansenettverket for lokalmat i Midt-Norge. I juni arrangerte vi studietur og møte på Smøla for styringsgruppa, varamedlemene og tilsette i Kompetansenettverk. Vi besøkte lokale mat- og drikkeprodusentar, aktørar innan landbruksbasert reiseliv, samt Smølagrønt, eit samvirke som produserer gulrot, kålrot, m.m.

Vi samarbeider med Statsforvaltarane i Rogaland og Vestland samt Matarena AS om planlegging og gjennomføring av Fjord Norge-regionen si deltaking på Internationale Grüne Woche i Berlin. Eit tett og godt samarbeid som resulterte i ei vellukka deltaking i januar 2023! Det var valt ut 20 bedrifter som representerte det store mat- og drikkemangfaldet på Vestlandet, inkludert reiselivsaktørar. «God mat og drikke som forsterkar opplevinga av norsk natur og kultur» var visjonen for Fjord Norge-regionen. Det vart servert ein meny av lokalmat og sider som passa saman, utarbeidd av vinkelner og kokkar som deltok på Fjord Norge sin stand. Ein kokkelæring frå Eggen Restaurant på Åndalsnes deltok også, og let seg inspirere både av dei andre kokkane på standen og av andre land på IGW.

Statsforvaltaren har arrangert nettverksmøte for sider- og fruktprodusentar i Midt-Norge. Målet med møtet var å samle næringa og identifisere felles behov for kompetanseutvikling og organisering. Dette vert følgt opp vidare av Statsforvaltaren.

Vi har vore involvert i markdagar om småskala grønsaksdyrking, samt arrangert fagdagar for etablerte og interesserte småskaladyrkarar. Tema var mogelegheiter, val av salskanalar, marknadsføring og korleis auke lønsemda. Småskala grønsaksdyrking er eit område det vert jobba vidare med i 2023. I samarbeid med fylkeskommunen og NORSØK vert det arbeidd med eit prosjekt for satsing på skulehagar.

#### Matgledekorpsset:

I 2022 fekk vi for fyrste gong løyvd midlar til etablering av Matgledekorps – eit spennande prosjekt som vi arbeidde tett med Leve hele livet-satsinga om. Vi fekk på plass engasjerte prosjektleiarar og korps, og heile 19 institusjonar søkte om å få besøk av korpsset. Dette syner at Matglede er eit tema det er behov og ynskje om å setje fokus på. Dei 6 deltakande institusjonane har gjeve uttrykk for at dette har vore eit positivt tiltak, der dei har fått inspirasjon til å arbeide vidare med Matglede. Institusjonane la fram resultat frå arbeidet sitt på Matgledekonferansen «Mat får mirakel til å skje» som vi arrangerte i november, med 90 deltakarar frå heile fylket.

Matgledekorpsset gjev uttrykk for at det bør takast ei oppfølgingsrunde på institusjonane, og dei er alle veldig positive til å vere med vidare. Vi er difor veldig spent på om det kjem ei ny løyving i 2023.

Heile løyvinga på kr 400 000 til arbeidet med Matgledekorpsset vart nytta. I tillegg vart det nytta kr 239 000 av Statsforvaltaren sitt eige budsjett til arbeidet med Matgledekorpsset. Dette er inkludert Matgledekonferansen.

#### Inn på tunet:

Dette arbeidet er omtalt i kap 3.1.1.12 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet.

#### Forsking og utvikling:

Statsforvaltaren legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege landbruksmøtet der vi samlar tilsette og tillitsvalde i organisasjonane i landbruket. Vi deltek aktivt i Agriforsk (tidlegare Grøn Forskning Midt-Norge), m.a. i styringsgruppa og i næringsgrupper. I næringsgruppene vert bonden sine problemstillingar løfta opp til forskingsprosjekt, og arbeidet har bidratt til mange FoU-prosjekt i Midt-Norge. Eit viktig resultat av arbeidet er etableringa av jordbruksklynga Agritech Cluster.

**Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Det blei ei nær dobling av tal utsette planter i 2022 i høve 2021. Noko av auken skuldast etterslep grunna koronaproblematikk. Men vi merkar og effekt av at vi i fjor vinter hadde ei engasjementstilling som arbeidde med forynging. Gjennom engasjementet blei kommunane sendt lister over skogeigarar som ikkje hadde forynga. Dette blei fulgt opp digitalt, og vidare med besøk kor det var ønske om det. Gjennom engasjementet blei det og oppretta betre kontakt med planteaktørar/entreprenørar. Men vi ser framleis at det burde vore betre og meir samhandling/dialog mellom kommune og planteaktørar. Det vil klargjere roller og vidare oppfølging.

Kommunane vert jamnleg gjennom året minna på oppgåvene med resultatkartlegging og foryngelseskontroll. På slutten av året vert skogbruksansvarleg kontakta personleg.

Grunna store skader av gransnutebille ventar vi tre år med å plante etter hogst. Det gjer at mange bestand ikkje er forynga ved tidspunkt for kontroll. Ventetida gir mykje anna problematikk, men vi ser framleis ikkje betre løysingar. Vi vil halde fram med å prøve ut nye plantetypar, plantevern og metodar.

Forynging er skogbruket si største utfordring i fylket. Det er tema under alle kontaktflater opp mot kommunane. Under fagsamling med kommunane var og forynging tema.

**Foryngelse etter hogst (opplæring)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekk antall felt/kontrollfelt	Antall slutført pr. 30.6	Antall slutført pr. 30.11	Antall ikke påbegynt 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	45	5	45	0	24
Foryngelseskontroll	147	30	146	1	70

*Fleire kartleggingar/kontrollar var ikkje registrert i ØKS pr. 30/11, men registrert heilt fram til systemet stengde. Fem bestand utplukka til resultatkartlegging er gått ut.*

**Foryngelse etter hogst (gjennomføring)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2022	3	8
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Middels	Middels
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2023	3	5

*Gjennom engasjementstillinga rundt forynging var det mykje direkte kontakt med kommunane. Under forvaltningssamlinga for skogansvarlege i kommunane hadde vi synfaring for å sjå på ulik foryngingsproblematikk. Vi har gjennom fleire år hatt forynging som største fokusområde, og merker no større kunnskap og forståing rundt plikta for få opp att ny skog. Ein ser og at samarbeid mellom kommune og planteaktørar er viktig.*

**Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt og i samsvar med regelverket.

Vi vurderer kommunane si forvaltning av dei økonomiske verkemidla i skogbruket som tilfredsstillande. Gjennomførte forvaltningskontrollar viser få og små avvik. Ein ser likevel ulik aktivitet og satsing mellom kommunar. Tradisjonelle skogkommunar har meir skogkulturaktivitet enn skogreisingskommunar.

Statsforvaltaren har god og jamnleg kontakt med kommunane og med det ei løpande rettleiing. Vi hadde i 2022 fleire kompetansebyggande webinar og ei fysisk fagsamling med ulike skogtema. Fleire kommunar har etablert ordningar med "skogpådrivar". Ein ser at dette er viktig spesielt med tanke på å få auka skogkulturaktiviteten. Det er naudsynt å bruke noko NMSK-midlar til dette. Personleg frammøte og synfaring med rådgjeving er avgjerande.

Ein ser også at dei fleste kommunane utarbeider retningslinjer i samråd med fleire nabokommunar for å harmonisere satsane på tilskot, men også for meir stabilitet i høve entreprenørar. Noko meir involvering av tillitsvalde i skogeigarorganisasjonene hadde vore bra, men ei betring er å spore.

Statsforvaltaren har sett av prosjektmidlar til støtte for utgreiing og rettleiing knytt til veganlegg. Dette er midlar som går til profesjonell vegplanleggjar før ein har bestemt om veganlegget blir ein realitet. Vi vil på oppmoding frå kommunane vidareføre prosjektet så lenge det er midlar att.

Vi ser det er viktig at statsforvaltaren har kompetanse rundt landbruksvegar. Det gjeld både vurderingar av nytte og føring i ØKS. Driftstilskot handterer dei fleste kommunane greit, men fleire har liten erfaring med sakshandsaming av vegsaker, og det krev difor god oppfølging skal systemet brukast rett. Vi vil auke informasjonen til kommunane kring bruken av ØKS, no særleg med totrins innlogging for å sjå at alle meistarar denne og har skal ha fagsamling med bl.anna temaet ØKS, nett for å vedlikehalde kompetansen.

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	21	7
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	5	5

*Infrastruktur: Fleire kommunar kunne gjort meir for å få i gong gode tiltak. Skogkultur: Manglande kompetanse og stillingsbrøk pregar forvaltning av midlane i nokre kommunar. Miljøtiltak: Ordninga er lite nytta i vårt fylke. Kommunane er informert om ordninga, men lite kjent blant skogeigarane.*

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (resultatoppnåelse)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	26	21	5
Skogkultur	26	22	4
Miljøtiltak	26	5	4

*Infrastruktur og skogkultur: Manglande kompetanse og stillingsbrøk pregar aktivitet og bruk av tilskotsmidlar i nokre kommunar. Miljøtiltak: Mange nye skogbruksplaner dei siste åra burde ført til større bruk av desse midlane.*

**Økonomiske virkemidler i skogbruket (gjennomføring)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Vi har i fleire år hatt stort fokus på planting. Ein vonar noko av effekten er synleggjort siste år. Det er stort behov for ungskogpleie i fylket og dette bør og få prioritet framover. Vi vil fokusere på desse tiltaka året som kjem, og informere om gode tilskotsordningar saman med bruk av skogfond. Kommunane vert oppmoda til bruk av "skogpådrivarar" for å få hjelp til dette arbeidet.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Prosjektet med "vegpådrivar" vert vidareført. Gjennom prosjektet vert det gitt tilskot til organisering og planlegging før det er avgjort at vegen skal byggjast. Vi har mykje skog i bratt terreng. Tilskotsnivå vil vere avgjerande for om denne skogen vert teke ut. Kommunane vert oppmoda til å vurdere tilskotsnivå til taubane og ulike hjelpevisjar. Statsforvaltaren vil drive aktiv rettleiing i høve sakshandsaming av vegsaker og føring i ØKS. Ein ser dette er utfordrande for kommunar med få saker.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Dette er ei ordning som er lite kjent av skogeigarar og fleire kommunar. Vi informerer åleg om ordninga i tildelingsbrev. Framover vil vi ha auka fokus på å informere om ordninga ved sluttføring av skogbruksplanprosjekt.

**3.1.1.13 Bærekraftig landbruk**

Regionale miljøtilskot (RMP) er fortsatt det viktigste verktøyet for eit bærekraftig landbruk. Måla er å redusere avrenning og halde i drift areal som ellers kunne gå ut av drift på grunn av intensiv drift på andre areal. Ei av ordningane er klimarådgivning, og det har vore ei aukande interesse for dette i 2022. Programmet set fokus på garden sine ressursar og mogelegheiter i eit miljøperspektiv.

Jordmonnkartlegging er viktig for å dokumentere matjorda sine egenskaper, og kunne sikre areal for matproduksjon. Dette er ein viktig faktor knytt til klimaplanlegging og avrenning frå landbruket. I Møre og Romsdal er det kun to kommunar som er kartlagt; Sunndal og Surnadal. I tillegg er ca 11 % av det dyrka arealet i kommunane Ørsta og Volda kartlagt. I perioden 2022-2028 har NIBIO planlagt kartlegging av sju kommunar, og arbeidet starta i 2022 opp i Hustadvika kommune. Men i 2028 vil fortsatt berre 1/3 av kommunane i Møre og Romsdal vere kartlagt. Dette syner at det er eit stort behov for at det vert avsett meir ressursar til jordmonnkartlegging – som er eit svært viktig verktøy for næringa.

Klima- og miljøprogrammet (KMP) har gode prosjekt, dei siste åra særleg retta mot drenering, vassmiljø og kompetanseheving. KMP i M&R er ei lita ordning med ei beskjeden ramme. Klimautfordringane krev mykje ny kunnskap, noko KMP-ordninga ikkje er i stand til å vere med på her i fylket. Mange tiltak bør gå over år, men det er det ikkje ramme til. Dreneringskurs i 2022 nådde ut til 100 gardbrukarar, men behovet er vesentleg større. Med ei større ramme for KMP kunne slike tiltak vore fleirårige. Sesongvariasjonar (2022 var blaut) slår hardt inn på effekter som avrenning frå jordbruket, og burde vore fleirårige prosjekt. Med ei større ramme for KMP kunne vi få betre oversikt over dei beste klimatiltaka.

**Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Virkemidler på miljøområdet er tilpasset til regionale miljøutfordringer

Jordbruket i Møre og Romsdal er dominert av grasproduksjon og husdyrhald. Å utnytte husdyrgjødsla best mogleg og unngå næringstap til luft og vassdrag vurderer vi som gode miljøtiltak. Det største enkelttiltaket innan RMP er tilskot til spreiring av husdyrgjødsel i vår-/veksts sesong, som bidreg til at næringsstoffa blir tatt opp av plantene i staden for næringstap til luft og vassdrag. Det blir også brukt slangespreiingsutstyr på stadig meir areal, i kombinasjon med enten spreiring i vår-/veksts sesong eller med nedleggings-/nedfellingsutstyr. Det bidreg ytterlegare til miljøriktig gjødselspreiring samt mindre jordpaking.

Ein god nummer to i fylket er tilskot til slått av bratt areal. Møre og Romsdal har mykje bratt areal. Slikt areal er ofte godt synleg og det betyr derfor mykje for kulturlandskapet. Det er viktig å bidra til fortsatt drift på slike areal.

Vi har også tilskot til drift av særleg verdifulle jordbrukslandskap, drift av beitelag, slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, tilrettelegging for hekkeområde for fugl, setring, skjøtsel av freda kulturminne, vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding, grasdekte kantsoner og vedlikehald.

Drenering er også eit godt miljøtiltak, og tilskot til drenering er eit godt virkemiddel. Det er mykje areal i fylket som er i dårleg hevd dreneringsmessig. Likevel er det vanskeleg å få opp dreneringsaktiviteteten til eit ønskeleg nivå. På grunn av ting som topografi, grunnforhold og teigstorleik er kostnadene med drenering store. Mykje leigejord påverkar også dreneringsaktiviteten.

Fylket har variasjon i type jordbruksdrift grunna forskjellar i lokalklima, topografi, jordsmonn m.m. Dette gir ulike miljøutfordringar og prioriteringar i kommunane. Det blir tilstreba at kommunane også i sine strategiar for bruk av SMIL-midlar dreg i same retning som det regionale miljøprogrammet.

**Virkemidler på miljøområdet (vurdering)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Beskriv kort hvordan de ulike økonomiske miljøvirkemidlene (RMP, SMIL, tilskudd til tiltak i beiteområder, klima- og miljøprogrammet, drenering, etc.) er blitt innrettet og prioritert mot regionale og lokale behov.	Riktig bruk av husdyrgjødsel er sentralt, og nesten halvparten av RMP-midlane går til miljøtemaet 'Utslepp til luft'. Elles er det regionale miljøprogrammet tilpassa dei regionale miljøutfordringar innanfor ramma for nasjonalt miljøprogram og nasjonale føringar.
Vurder kort om prioriteringene har gitt ønsket effekt og resultat (bidratt til å ivareta kulturlandskapet og naturmangfoldet, og redusert forurensingen).	Dei økonomiske virkemidlane har i stor grad hatt ønska effekt. Dei bidreg til betre ressursutnytting og meir miljørett produksjon. Det må nemnast at dreneringsordninga har potensial til å bli meir brukt.
Beskriv kort de største utfordringene i fylket på miljøområdet de kommende år.	Bruk av husdyrgjødsel vil alltid vere sentralt når det gjeld miljøutfordringar her i fylket. Færre bønder gir meir gjødsel, meir jordbruksareal og større køyreavstandar for kvar enkelt. Det kan føre til marginalisering av deler av areala og intensivering på det som er nærmast.
Hva kan eventuelt kommunal og regional forvaltning gjøre annerledes for å bedre måloppnåelsen/miljøeffekten.	Kunnskap om ordningane og god oppfølging og kontroll med bruken av tilskota.

**Virkemidler på miljøområdet (andel)**

Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturminner og kulturmiljøer	Avrenning til vann	Utslipp til luft	Plantevern	Miljøavtale og klimarådgiving	Sum
36 %	2 %	12 %	5 %	45 %	0 %	0 %	100 %

**Miljøvirkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Innholdet i miljøvirkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjoner og kommuner.

Informasjon om RMP er gjort kjent på heimeside og blir sendt til kommunane med oppmoding om direkte informasjon til bøndene (e-post, SMS, Facebook) samt at kommunane legg ut på eigne heimesider. På same måte er det med SMIL og drenering.

Vi opplever at desse ordningane er godt kjent for aktuelle søkjarar, landbruksorganisasjonane og kommunane i fylket. Det er relativt stabil søknadsmasse.

KMP midlane lysast ut kvart år, og aktuelle søkjarar informerast om utlysning. Etter ynskje frå søkjar-organisasjonar vil KMP-midlane lysast ut med ein frist tidlegare på året (medio februar) enn det som har vore dei seinare åra.

**Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)**

Betegnelse på rapporteringskrav	2018	2019	2020	2021	2022
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	42	44	44	46	43

**Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak (RMP, SMIL, tilskudd til tiltak i beiteområder, klima- og miljøprogrammet, drenering, etc.) har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Miljøtiltaka i 2022 var nokså like som for dei føregåande åra både i utforming og omfang. For RMP har det over tid vore ei svak dreining frå kulturlandskap over mot utslepp til vatn og luft.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	I vesentleg grad er kommunale landbrukskontor brukt som kanal ut mot bøndene. Det ser ut til å fungere, sjølv om det ikkje er optimalt. Det kunne gjerne vore sentral påminning om søknadsfrist på linje med som for PT.
Hvilke tiltak vil statsforvalteren gjennomføre kommende år for å øke oppslutningen om miljøtiltak i jordbruket?	Det regionale miljøprogrammet (RMP) har vore gjennom ein rulleringsprosess med ein omfattande innspelsprosess i 2022. Det blir iverksatt i 2023. Det vil bli ein del ekstra informasjonsarbeid sjølv om det ikkje er store endringar.

**3.1.1.14 Andre oppdrag**

Vi har jobba systematisk med implementering av verktøyet "Snakke" i 2022. Det var i juni tilbod om digitalt kurs for alle kommunane i fylket, i samarbeid med RVTS. I november fekk alle kommunane tilbod om kursleiarkurs, også dette i samarbeid med RVTS. Vi inviterte både helse og omsorg-, oppvekst og utdannings-sektoren og nav-kontora. I samband med kurset fekk kommunane tilbod om å søkje stimuleringsmidlar til implementering av verktøyet. Søknaden måtte innehalde ein tverrfagleg plan for implementeringsarbeidet og 11 kommunar fekk eit mindre beløp til arbeidet. Vi meiner det gav god effekt å gi dei tre tilboda: generell informasjon, kursleiarkurs og midlar til implementering. Vidare i 2023 tenker vi at kommunane som har fått midlar kan dele erfaringar i eit nettverk, i samarbeid med RVTS. Vi vil også planlegge for meir systematisk implementering av "Jeg vet". Effekten vi ser er at mange no er kjend med verktøyet og nær halvparten av kommunane i fylket har tatt på seg eit arbeid for å jobbe vidare med implementering i eigen kommune. I fleire av kommunane er det sett i samband med eit pågåande BTI-arbeid.

**3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger**

**3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge**



Statsforvaltaren har etablert ei Oppvekstgruppe på tvers av Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdeling for å sjå våre oppgåver i samanheng og ha ein felles strategi overfor kommunane. Vi har forskjellig fagkompetanse og er i kontakt med ulike faggrupper i kommunane.

Vi meiner at vår samordna innsats når breiare og betre ut i kommunane og vil betre deira evne til samordning.

#### **Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge (fra kapittel 3.2.1.1.1.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Godt samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge

Det er ulikt i kor stor grad kommunane samhandlar internt og med kvarandre for å sikre heilskapelege tenester til barn og unge. Statsforvaltaren har etablert ei Oppvekstgruppe på tvers av Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdeling for å sjå våre oppgåver i samanheng og ha ein felles strategi overfor kommunane. Vi har forskjellig fagkompetanse og er i kontakt med ulike faggrupper i kommunane.

Vi har nytta våre ulike nettverk for å formidle nasjonale føringar for heilskapelege tenester til barn og unge, til dømes til NAV-leiarane, helseleiarnettverket, helsesjuepleiarnettverket, barnevernsleiarar og plansamordnarar. Tema har mellom anna vore barnevernsreforma og ny velferdslovgivning.

Vi samarbeider med RVTS om felles innsats knytt til valdsførebyggjande planar, med fylkeskommunen om førebyggjande rusarbeid og folkehelseprogrammet, med NAV om gode tenester til barnefamiljar og med KoRus om BTI-arbeidet, for å nemne nokre.

I forvaltninga av dei ulike tilskotsordningar er tiltak knytt til tverrfagleg samarbeid om barn og unge prioritert.

Gjennom tiltaka vil mange faggrupper i kommunane ha same informasjon og kunnskap. Felles kunnskap gir eit betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid. I både tilskotsforvaltninga og i dialog med kommunane krev vi at dei tar høgde for tverrfagleg samarbeid. Vi har tru på at det på sikt vil føre til meir heilskapeleg arbeid som vil gi effekt i tenestene til barn og unge i fylket.

Helseføretaket i Møre og Romsdal starta i 2020 ei satsing på barn og unge si helseteneste, etter HelseFonna-modellen. Vi inviterte oss med inn i satsinga og har støtta arbeidet både praktisk og økonomisk. Ein forutsetning for det var at alle kommunane i fylket skulle få fekk delta. Alle kommunane i fylket deltek no i prosjektet, og det har vore god oppslutning i workshopp og i møta som har vore gjennomført.

Barnevernsreforma og oppvekstreforma er no godt kjend ute i kommunane. Reformarbeidet blir godt understøtta av til dømes kravet i barnevernslova om å vedta ei førebyggjande plan, prosjektet om barn og unge si helseteneste og endringane i velferdslovgivninga. Vi har og lagt vekt på å hjelpe kommunane til å sjå samanhengen og heilskap i satsingane og i tiltaka som skjer i dei ulike fagspora. Det er no 17 kommunar i fylket som brukar BTI/BTS som verktøy for å organisere og systematisere tenestene på oppvekstområdet, og vi har tett samarbeid med KORUS om å bruke BTI-nettverk til å formidle og dele erfaringar og kunnskap. Vår vurdering er at kommuneleiinga i hovudsak er godt oppdaterte om og engasjerte i endringane og satsinga på oppvekstfeltet. Det er ulikt kor langt kommunane har kome i det konkrete planarbeidet, men dei fleste har etablert til dømes tverrfaglege arbeidsgrupper. Vi er og opptatt av at dei ivaretek barn og unge sin rett til medverknad i arbeidet, men har for lite oversikt enno over i kor stor grad og på kva måtar det blir gjort.

Det er likevel framleis store utfordringar i dei mest kompliserte enkeltsakene der det er behov for tenester frå fleire instansar. Vi ser at konsekvensane for dei det gjeld blir store og alvorlege gjennom til dømes tilsyn på barnevernsinstitusjonar og ved hendelsesbaserte tilsyn. Utfordringane ligg både i samarbeid/samhandling mellom tenester og nivå og mangel på tilgang til gode eller riktige tiltak. Sjølv om lovverket har blitt harmonisert i velferdstenestene, vil det vere viktig for oss å følgje med og følgje opp korleis det blir etterlevd i praksis, under dette og korleis kommunane arbeider med og organiserer kravet om barnekoordinator.

Vi vurderer at vår innsats frå Statsforvaltaren er viktig for å hjelpe kommunane i å sjå heilskap og samanheng i alle dei ulike satsingane og endringane som kjem i dei ulike fagspora. Den interne Oppvekstgruppa hos Statsforvaltaren er i så måte veldig viktig for vår eigen interne samordning av tiltak ut til kommunane. Vår oppleving er at vi har hatt ei viktig rolle i å forankre og tydeleggjere ansvaret for arbeidet i toppleiinga i kommunane, mellom anna i partnerskapsmøte i Helsefellesskapet, gjennom dialogmøte med kommunane og i andre fora for leiarar.

Statsforvaltaren har i nettverksamling med koordinerande eining for kommunar og helseføretak hatt fokus på tematikken rundt endringane i velferdslovgivninga og ny rettleiar. I etterkant gjennomførte vi ei kartlegging av kommunane på område habilitering og rehabilitering. Her vart kommunane mellom anna spurt om korleis dei jobbar med etablering av barnekoordinator. Kartlegginga viser at kommunane organiserer barnekoordinator noko ulikt. Nokre kommunar har valgt å opprette ein eigen stilling som barnekoordinator, men organiserer sjølve stillinga ulikt. Dei fleste vel å ikkje opprette ein eigen stilling, men legg ansvaret for barnekoordinator til koordinerande eining med ein styrka ressurs.

#### **God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene (fra kapittel 3.2.1.1.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

God kompetanse om utsatte barn og unge i kommunene

Behovet for kompetanse om utsette barn og unge er stadig til stades, på alle nivå i kommunane. Kommuneleiinga har overordna ansvar for at kompetansen er tilstrekkeleg slik at utsette barn og unge får gode og heilskapelege tenester. Her er det ei forutsetning at tenestene har god kjennskap til

kvarandre sine roller, ansvar og oppgaver, og kva tilbod og tiltak dei har. Dette er ein kompetanse som treng kontinuerleg merksemd, og vi ser at det er mange kommunar som jobbar systematisk med å etablere gode strukturar og system for å samhandle og samarbeide. Prosjektet "Barn og unges helseteneste" og BTI/BTS er døme på systematisk jobbing på dette området. Sjølv om det er positiv framdrift, ser vi likevel alvorlege døme på at barn med dei mest alvorlege og kompliserte hjelpebehova ikkje får tenester som er samordna eller er heilskapelege. Dette får alvorlege konsekvensar for dei det gjeld. Det er difor viktig å ha kompetanse både på førebyggjande nivå og når det er samansette behov frå fleire tenester og instansar.

Vi ser at kompetansestrategien og barnevernsreforma har ført til økt merksemd på tenester og tiltak til barn, unge og familiar. Det gjeld ikkje berre i barnevernstenestene og andre tenester på oppvekstområdet, men også i politisk og kommunal toppleiing. Alle kommunane i fylket deltek i ulike tiltak i kompetansestrategien i barnevernet. Vi vurderer at det har bidratt til auka kompetanse i den enkelte teneste, men også at det har auka samarbeidet og skapt meir einskap og samhald mellom tenestene i fylket.

Ulike andre kompetansesatsingar, til dømes i barnehage og skule, samt lovendringar og lovkrav og nye faglege rettleiarar og retningslinjer har også bidratt til auka innsats for å betre kompetanse og samarbeid på området. Vår oppfatning er at kompetansen i kommunane, om krava til og målet om heilskapelege tenester til utsette barn og unge, etter kvart har blitt ganske god. Ansvar er i større grad forankra i kommuneleiinga og meir tverrfagleg fordelt.

Det varierer nok fortsatt i stor grad kor langt kommunane har kome i å operasjonalisere krav og planar i praksis. Ei av utfordringane er nettopp kompetanse i å samordne tiltaka, men og å ha tilstrekkeleg med leiing- og personalressursar tilgjengeleg til å kunne følgje opp. Det er nødvendig å ha tid og kapasitet til utviklingsarbeidet slik at det fører til varige endringar i praksis. Dette krev langsiktig planlegging og prioritering, ikkje berre i den einskilde teneste, men på eit overordna leiamnivå. Vi ser at dette er utfordrande både i store og små kommunar. Vårt inntrykk er at kommunane i stor grad har fagleg kompetanse på dei ulike fagområda, men at det er nødvendig med kompetanse og ressursar til å leie utviklingsprosessar, samordne og følgje opp endringane.

Vi ser det som svært nyttig å samarbeide med andre regionale aktørar, og med andre statsforvaltarar. Gjennom deltaking i ulike nettverk både lokalt og regionalt, får vi meir oversikt og kan vere ein kanal både ut og inn, opp og ned. Oppvekstgruppa vil jobbe vidare med å samle kunnskapsgrunnlag på tvers av fag og avdelingar, slik at vi kan samordne tiltaka i tråd med dei behova for kompetanse som kommunane har.

### 3.1.2.2 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Arbeidet og aktiviteten er forankra i levekårsnettverket, samarbeidet mellom statsforvalteren, Fylkeskommunen, Husbanken, NAV, Bufdir, kriminalsomsorgen, statsped. og 1 representant fra kommunedirektørene. Dette samarbeidet på strategisk nivå har ført til auka aktivitet og betre koordinert samarbeid med aktuelle statlige aktørar på dei ulike satsingsområda.

Det at staten står samla ut mot kommunane har ein god effekt, både i høve rådgjeving og aktivitet. Levekårsnettverket har ei felles satsing på ungt utanforskap og jobbar med å konkretisere tiltaka.

På Nyttårskonferansen 2022 som vi arrangerte saman med Fylkeskommunen, var det eit godt og viktig innlegg om verkemidla Husbanken rår over og som kommunane i ulik grad nyttar. Etter konferansen opplevde Husbanken ei markant auke i søknader om startlån frå kommunane i Møre og Romsdal.

Saman med Husbanken og NAV har vi ei satsing kalt Trygge hjem. Vi har nettverk for dei kommunane som deltek i dette og vi jobbar aktivt for å få med fleire kommunar.

Tikskot til utleigebustader og investeringstilskuddet har vorte endra/ tatt bort. Dette har vore viktige verkemiddel for kommunane. Vi ser at det er svært utfordrande for kommunane å planlegge og bygge til dømes nye sjukeheimar/ omsorgsbustader utan desse verkemidla. Det same i høve å kunne skaffe nok utleigebustader i kommunane.

#### Alle trenger et trygt hjem (2021 - 2024) (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene.

#### FNs berekraftsmål, og dimesjonen sosial berekraft

Gjennom kartlegginga av korleis kommunane i Møre og Romsdal ligg an ifht FNs berekraftsmål, så er sosial inkludering og relativ fattigdom eit område som kommunane i Møre og Romsdal kjem ut med dårleg skår på. I 2022 var det 1200 familiar i Møre og Romsdal som hadde låg inntekt (under 50% medianinntekt) og som leigde bolig. I desse 1200 familiene var det 400 barn og unge. Slik fattigdom veit vi frå forskning har ulike følgjeverknader som utanforskap, fråfall i skule mm.

#### Levekårsnettverket

Gjennom Levekårsnettverket har vi i Møre og Romsdal fått til eit godt strategisk nettverk for å samordne og samhandle om utfordringane innan sosial berekraft. Mellom anna har vi tatt tak i problemstillinga ovanfor. Ei kartlegging frå Nordlandsforskning, viste at det i Møre og Romsdal er 2000 ungdommar mellom 16-25 år som ikkje går på skule og som ikkje er i arbeid. Vi er bekymra for utanforskapet, og Levekårsnettverket følgjer opp dette vidare. Prosjektet "Trygge hjem" er eit anna prosjekt som vi følgjer opp. I nettverket sit leiarane frå både Husbanken, NAV, BUF-etat, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren. Frå og med 2023 er det Else-May Nordhus som leiar nettverket.

**Planar og tiltak for eit aldrande samfunn**

I dette nettverket har fire kommunar i Møre og Romsdal sett på korleis dei kan møte utfordringa med eit aukande antal eldre, særskilt med blick på kor og korleis dei eldre skal bu. Kommunane har lagt planar og gjennomført konkrete tiltak for å legge til rette for meir aldersvennlege lokalsamfunn. Det vart gjennomført eit nasjonalt webinar for å dele dei gode erfaringane kommunane har gjort. Dette er erfaringar som andre kan bruke for betre å lukkast i arbeidet på dette området.

**Tverrfaglege tenester til personar med rus- eller psykisk lidning**

I samarbeid med Kompetansesenter for rusfeltet, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helse og Husbanken har vi og ein innsats overfor seks kommunar i fylket om tverrfaglege tenester til personar med rus- eller psykisk lidning. Bustad er eit viktig element i heilskapleg innsats og kommunane vil i arbeidet mellom anna sjå på bustadtilbodet for å sikre stabile butilbod.

I desse prosjekta er kommunane inviterte inn og har sjølv valt å bli med, ut frå ei vurdering av eigne ressursar og behov. Vi har gode erfaringar med ein slik arbeidsmetode og får tilbakemeldingar frå kommunane at oppfølging frå fleire regionale aktørar i større grad sikrar prosess og framdrift.

Samordning er krevjande! For å få til større effekt er samordning både eksternt og internt vesentleg. Her har nok Statsforvaltaren fortsatt eit forbettringspotensiale.

**3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring**

Helsetilsynet har utvida tilsynsmetodikken statsforvaltarane kan ta i bruk til 5 metodar. Vi brukar desse aktivt og opplever at vi får moglegheit til sjølv å vurdere kva metode som vil ha best effekt og gje mest læring i verksemdene. Vi vektlegg god oppfølging etter tilsyn og har tru på at vi på litt sikt vil sjå betre effekt ved at naudsynte endringar er implementert i virkomeita og organisasjonen på ein betre måte enn tilfelle har vore tidlegare.

**Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Alle etater som fører tilsyn med kommunane, nyttar tilsynskalenderen. Der vert alle kommuneretta tilsyn samordna. Dette har ein god effekt i form av at alle kommunar ser tilsyna som er planlagt i eigen kommune. Når tilsynsrapportane vert lagt ut i tilsynskalenderen, er tilsynsrapportane samla ein stad og gjer ei samla oversikt over gjennomførte tilsyn. Tilsynskalenderen gjer at den samla belastninga med tilsyn for kommunane er redusert. Det samarbeidet vi har i tilsynsforum med alle tilsynsetater og kontrollutvalssekretærene har ein effekt i form av synergjar mellom eigenkontrollen og statleg tilsyn. I tilsynsforum vert det orientert om ulike tilsynsmetodar frå dei ulike tilsyna. Dette aukar forståelsen av lærande tilsyn.

**Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.3.2.1 i TB)****Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at statsforvalterens ressurser benyttes effektivt.

Vi har gjennom året dialog med andre statlige tilsynsetater og kommunens egenkontroll. Tilsynskalenderen er et godt verktøy for å styrke denne dialogen. I planleggingen av tilsyn er vi oppmerksom på kommunens egenkontroll, og tar i nødvendig utstrekning hensyn til denne i vår tilsynsplanlegging.

**Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.3.3.1 i TB)****Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

I våre tilsyn har vi arbeidd for at kommunen skal tenkje erfaringsdeling internt og breiare læring. Vi har invitert til at fleire aktuelle verksemdar i kommunen kan delta på oppsummerande møte og i det vidare arbeidet med lukking av tilsynet. Vi tilbyr rettleiing og hjelp i oppfølgingsarbeidet etter tilsynet og held kurs i ulike tema det viser seg er ei utfordring for kommunen.

Vi arbeider med endringane dei 5 ulike metodane for tilsynsaktivitet inneber, både for oss og for virksomheitene. Før vi startar tilsyn gjer vi ei vurdering av kva metode vi tenkjer vil vere den som gjer best effekt. Vi har ikkje rekt å halde kurs/opplæring for kommunane i dei ulike metodane i 2022.

Vi erfarer at tilsyna generelt sett fører til auka fokus, læring og forbetring. Vi brukar funn frå tilsyna i vår vidare dialog med kommunane, både for refleksjon og erfaringsdeling

Erfaring tilsier at eit tilsyn generelt fører med seg auka fokus på kommunal beredskapsplikt. I formøte blir dei vanlegaste avvika siste åra presentert, dette

kan vere nyttig læring for kommunane. Rettleiing og tilrådingar er ein naturleg del av tilsyn med kommunal beredskapsplikt, som ofte er prega av god og open dialog. Også i slutt møte er det eit visst rom for rettleiing både knytt til oppfølging av avvik og merknader og andre forhold. Vi tek med oss læringsbehov avdekkja gjennom tilsyna inn i anna kommuneretta aktivitet.

#### 3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorar

Vi vurderer dette delmålet som ikkje oppnådd. Dei fleste sektorar har blitt bevisst på klimaendringane, men klimaomsyna blir ikkje prioritert og vektlagt nok i beslutningsprosessar. Klimaomsyn er ikkje eit premiss som leggest til grunn, men kjem som oftast inn seinare i prosessen.

Staten må gå føre med som eit betre eksempel enn kva vi gjer i dag. Kommunane mister motivasjonen til å arbeide med klimaomstilling når ikkje staten sjølv er meir på ballen. Spesielt gjeld dette innfor arealplanlegging ved plassering av statlege verksemdar og bygging av veg.

Vi finn eksempel på enkeltstående verksemdar og kommunar i fylket som tek gode klimaomsyn, utan at dette er gjennomgåande for heile sektoren. Vi løfter kvart år opp gode eksempel gjennom utdeling av [klimasnuiprisen](#). I 2022 fekk vi god dekning i media av [dei tre finalistane](#).

Innafor landbrukssektoren har drenering og vedlikehald av grøfter vore eit stort tema i vårt fylke, både gjennom ulike tiltaksmidlar som dreg i same retning og kursing. Reduksjon av utslepp av lystgass er ein av mange positive verknadar av dette. Når utsleppa frå jordbruksareal ikkje har minska og tilskotsmidlane til drenering ikkje tømmast, ser vi at vi likevel har ein veg å gå.

Den planta skogen i Møre og Romsdal tar opp og lagrar mykje karbon. I vårt fylke er det eit problem at denne skogen blir høgda for tidleg, både med tanke på opptak av karbondioksid og økonomi.

Samla sett ser vi at utviklinga går i riktig retning, men ikkje med tilstrekkeleg tyngde og tempo. Verkemidlane til Statsforvaltaren innfor klima dreier seg om tilrettelegging for samarbeid, informasjon, kunnskapsformidling og motivering. Vi har utvikla samarbeidsfora både internt og eksternt i vårt fylke. Gjennom prosjekt som den strategiske satsinga [Klimasnu | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\)](#), aktiv bidragsgivar og samarbeidspartnar til [Berekraftfylket Møre og Romsdal \(mrfylke.no\)](#) og [Nyttårskonferansen \(mrfylke.no\)](#) og våre årelege statsetatsmøter, har vi vore med på å bidra til denne utviklinga.

#### Kommunale klima- og energiplanar har ambisjose mål (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle kommuner gjennomfører tiltak som bidrar til å redusere klimagassutslipp

I 2022 har vi formidla forventningane i SPR til kommunane gjennom:

- [Forventningsbrev til kommunane 2022](#) (s. 15)
- vår behandling av alle relevante kommunale planer og vedtak
- deltaking i klimanettverk for kommunane
- å oppfordre kommunane til å delta på relevante webinar
- møter med kommunaldirektørar
- plannettverksmøter med kommunane

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har gode mål og strategiar for klimaarbeidet i oppdaterte samfunnsdelar til kommuneplanen. Mange av kommunane vel å ikkje lage eigne klima- og energiplanar, men følgjer heller opp strategiane på klimaområdet med tiltak i klimabudsjett gjennom årelege handlingsdelar med budsjett og økonomiplan. 20 av 26 kommunar hadde planar om å lage klimabudsjett for 2023, men under halvparten av desse fekk utarbeida dette i løpet av 2022. Alle kommunane gjennomfører små eller store klimatiltak, men foreløpig ikkje i tilstrekkeleg grad til å nå klimamåla.

#### Kommunene har integrert klimatilpassing i planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Kommunene har integrert klimatilpassing i sine planer i tråd med Statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Vi har formidla forventningane i SPR gjennom fråsegn til oppstartsvarsel til regulering-, områderegulering-, og kommuneplanar, der oppstartsvarselet ikkje har nemd dette sjølv. Spesielt har dette hatt fokus i tilbakemelding på overordna planar. I fråsegna har vi samstundes vist til Klimaprofil Møre og Romsdal, som eit kunnskapsgrunnlag for venta klimaendringar. Vi har også vist til denne i vårt [forventningsbrev til kommunane s. 17](#). Klimatilpassing og naturbaserte løysingar var også tema på regional Plan- og klimakonferanse som vi arrangerte 24. til 25. oktober i Ålesund.

Kommunane er godt kjent med klimaprofilen for fylket, og vi ser denne blir nytta som kunnskapsgrunnlag i ROS-analyser. Vidare ser vi at fleire kommunar refererer til SPR som eit relevant dokument i plansaker. Klimaendringar og klimatilpassing eit tema kommunane er opptekne av, men vi ser i fleire tilfelle at vurderingane som skal gjereast ut frå SPR er noko avgrensa og mangelfulle i plansakene. Truleg som følgje av manglande ressursar og kompetanse i kommunane.

Vi ser at kommunane har større fokus på m.a. overvasshandtering og opne vassvegar for å ta høgde for meir nedbør.

### 3.1.2.5 Andre oppdrag

Statsforvaltaren har som rutine å evaluere større hendingar og øvingar. Som ein del av dette arbeidet følgjer vi opp avdekkede læringspunkt. Gjennom pandemien har vi kontinuerlig tilpassa kriseorganisasjonen ut frå erfaring, evaluering og behov. Vi følgjer òg opp læringspunkt fra Covid-19-handteringa i samarbeid med andre embeter, DSB og HDIR.

Vi har inkludert tryggingpolitisk krise/krig i vår FylkesROS. Både gradert og ugradert versjon.

Vi har støtta NFD på deira førespurnad med å etablere ein prioriteringsordning for drivstofforsyning.

Statsforvalteren har i 2022 lagt omsynet til stats- og samfunnstryggleik til grunn for vårt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Vi har hatt stort fokus på digitale trugslar, og på å få betre kunnskap i fylket om samansette trugslar, og kva vi kan gjere for å redusere risiko og sårbarheit knytt til desse trugslane. Vi har lagt dei nasjonale trugselvurderingane til grunn for vårt arbeid. Vi har hatt tett samarbeid med våre samarbeidspartar i totalforsvaret, og vi har hatt jamnlege møter mellom leiinga hos SF, Politi og Forsvar regionalt.

### 3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivarettatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av statsforvalterne

#### 3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Innan helse- og sosialområdet har vi i 2022 prioritert sakshandsaming og å jobbe ned talet på restansar. Dette har vi lykkast med til tross for at saksmengda har auka i forhold til forrige år. Samla sett har vi greid å oppretthalde god kvalitet i høve utadretta aktivitet og i tilsyn til tross for turnover og sjukefråvær. Vi har hatt god dialog med kommunane gjennom nettverk for kommunalsjefar, faste møte med NAV-leiarar og andre møte med kommunar og helseføretak.

I oppvekst og utdanningsavdelinga har rettleiing vore prioritert, forbetring av malar for sakshandsaming og systematisert registrering av bekymringsmeldingar for å kvalitetssikre og heve kvaliteten på arbeidet vårt. Vidare har vi prioritert og vidareutvikle vårt ROS-arbeid. Dette nettopp med tanke på å auke rettstryggleiken for einskildmenneske og kommunar. Vi arbeider vidare med temaet fordi vi vurderer det som eit viktig utviklings- og forbetningsområde. Vi har og arrangert ulike møte/samlingar og webinar der formålet har vore å auke rettstryggleiken. Vår vurdering er at innsatsen vår bidrar til å arbeide i retning av betre måloppnåing på området.

På Landbruksavdelinga har vi gode rutiner for eiga tilskotsforvaltning og kontroll med kommunane si tilskotsforvaltning. Rutiner vert lagra i Risk Manager. Vi har læringsbasert forvaltningskontroll der vi kombinerer eigenkontroll med arbeidsmøter, samt kontroll av kommunale vedtak. I tillegg har arrangert vi fagsamlingar og webinar, samt opplæring av nyttilsette.

På forureiningsområdet har vi ei blanding av kontroll og læringsbaserte tilsyn der vi fokuserer på verksemdene sine risikofaktorar og moglege påverkander på kort og lang sikt ved diverse forureining. Vi vektlegg også deling av kunnskap om nærområdet, slik at verksemdene kan få auka kunnskap om moglege påverkander og effekter. Vi opplever god dialog og interesse for å auke kunnskapen på miljøområdet når vi er ute hos bedriftene.

Vi har stor nytte av kompetansedeling med andre embete og Miljødirektoratet. Vi har vore nøydte til å legge bort sakshandsaming i ein periode for å fokusere på tilsyn. Det har gitt resultat og vi vil fortsette å sjå på korleis vi kan effektivisere tilsyn og så raskt som mogleg få lært opp nye tilsette. Dei tilsette har godt kompetanse.

På Justis og verjemålsavdelinga har vi i 2022 hatt høg prioritet på å handsame sakene våre innfor frist, samt prioritere ressursar for å ferdigstille Fufinn-prosjektet. Utfordringar knytt til «turn over» og låg bemanning på fleire områder har gjort at vi ikkje har greidd å nå alle måla som er satt. Vi har held imidlertid god kvaliteten i sakshandsaminga for å sikre at den einskilde sin rettstryggleik blir tilstrekkeleg vareteke.

Det er eit stort arbeidspress på den einskilde saksbehandlar på verjemålsområdet. Det er lite tid til kvar sak og kvar henvendelse. Dette gir auka risiko for feil i sakshandsaminga og det gjer at rettstryggleiken på området er under press. Vi meiner at utviklinga her ikkje går i riktig retning og at låg finansiering av området er orsaka til denne utviklinga.

#### Samlinger (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Statsforvaltaren har gjennomført tilsyn med to kommunar i 2022. Temaet for tilsynet var differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk.

I eit av tilsyna fann vi lovbrøt, og kommunen fekk tilsynsrapport med pålegg om retting.

#### Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

**Rapportere på**

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har i 2022 ikkje oppnådd resultatmålet og den gjennomsnittlege fristoverskridinga er 43 dagar. Tala ligg nokså jamnt med 2021.

I perioden 1.1.22 - 30.6.22 var fristoppnåinga på 87 %. I løpet av året slutta tre erfarne medarbeidarar og ein fjerde var i permisjon. Dette førte til to vakante stillingar og ei meir uerfaren arbeidsgruppe. Restanselista har vakse og dei eldste sakene blir eldre enn normalt.

Talet innkomne byggesaker var unormalt høgt med 184 stk. Snittet dei tre førre åra var 151.

**Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-43 %	57 %	136	77

Intem kvartal- og årsrapport viser totalt 142 saker. Dette inkluderer én klage trukket, én sak fjernet, og fire saker sendt til KDD.

**Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Resultatmålet vart ikkje nådd. Avviket er begrunna i bemanningssituasjonen og den auka saksmengda, sjå førre punkt. Fristoverskridinga i dei to sakene var inntil éi veke.

**Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-40 %	60 %	5	3

**Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)****Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	3	3

**Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)****Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Resultatmålet blei ikkje nådd. Dette har samanheng med den krevjande restanse- og bemanningssituasjonen som er skildra i punkt 3.3.1.1.2. Fristbrotet var på 8 dagar.

**Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område**

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-50 %	50 %	2	1

**Forurensningstilsyn: Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)****Rapportere på**

Brudd på miljøregelverket er forebygget og avdekket

Det er ei utfordring at vi ikkje har eit felles system for risikobasert utval av tilsynsobjekt, ut over frekvens. Det som er mogleg å registrere i Forurensning, gir eit for grovt risikobilde som ikkje er tilpassa våre bransjar og verksemdar. Det er difor ein viss fare for at vi ikkje ser det store biletet, då det er lettare å prioritere ut frå den nasjonale tilsynsplanen og frekvens, heller enn reell miljørisiko i den enkelte verksemda.

Dei 36 tilsyna som vart gjennomført i 2022 var i hovudsak risikobaserte tilsyn, der utvalet av tilsynsobjekt vart gjort med bakgrunn i erfaring og oppfølging

av klager og tips. Noko som førte til at det i dei fleste tilsyna vart funnen avvik som har krevd mykje oppfølging i etterkant. Dei fleste verksemdene gjennomfører tiltak for å lukke avvik etter tilsyn.

Vi har hatt eit etterslep på tilsyn dei siste åra, men vi har auka tilsynstalet i 2022 samanlikna med åra før. Tilsynsrekvesen vår har vore for lav dei siste åra til å kunne seie noko om trendane over tid, men vi har gjennom pandemitida sett at ei auke i antall henvendelser og klager på lovbrøt frå naboar og andre organisasjonar.

På avløpssida ser vi ein god effekt av tilsyn med kapittel 14-anlegga, saman med tettare oppfølging opp mot kommuneleiinga. Sula og Ålesund kommune er no godt i gang med utbetringar på eksisterande ledningsnett og avløpsrensaneanlegg, samstundes som dei har kommen godt i gang med planlegging av eit nytt felles hovudrensaneanlegg. Begge kommunane nyttar no §27-2 i plan og bygningslova, med byggestopp i område utan tilfredstillande løysing for rensing av avløpsvatn.

Vi hadde fleire saker med tvangsmulkt og varsel om trekking av løyve i 2022, men det har ikkje vore naudsynt å melde saker til politiet. Både varsel om trekking av løyve og tvangsmulkt er verkemiddel som fungerer godt i dei aller fleste sakene.

Vi er av ei klar oppfatning om at tilstedeværelse gjennom tilsyn er nødvendig for å sikre overhaldelse av gjeldande krav samt fokus på kontinuerlig forbetringar i næringslivet.

### 3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Vi har følgd plan for risikobasert kontroll av kommunane og gjennomført forvaltningskontroll etter planen. Vi har gjennomført fleire fagsamlingar for kommunane digitalt/fysisk, og har løpande fokus på rettleiing innan alle fagområde. Elles handsamar vi saker som førsteinstans og klageinstans innan rimeleg tid. Vi meiner vi oppfyller lov- og tilskottsforvaltning både effektivt og korrekt.

#### Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

I 2021 etablerte vi eit internkontrollsystem for all tilskottsforvaltning. Vi utarbeidde rutiner for alle tilskottsordningar, både der vi er førsteinstans og klageinstans. Vi skal jobbe vidare med internkontrollsystemet i 2023 som er ein løpande prosess. I saker der vi får opplysningar som kan tilsi at tidlegare vedtak er feil, har vi plukka ut foretak til kontroll. I tre konkrete saker førte kontrollen til omgjering og tilbakebetaling av tilskot.

#### Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Nei
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	1
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfellesskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	1
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfellesskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	1
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	51687

Vi har ikkje rokke å ferdigstille husdyrkonsesjonskontrollen i 2022 enno.

#### Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	0
Saker funnet i orden	0
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

**Internkontroll for tilskuddsforvaltningen**

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Merknad
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Stimuleringsstilskudd til veterinærdeknning	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd til regionale prosjekter innen klima og miljøprogrammet	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Erstatning etter offentlige pålegg	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Kompensasjon ved avvikling av hold av pelsdyr mv	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
NMSK, kommuneskog	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Ja	Kontrollpunktene er integrert i sakshandsaminga og rutinene
Tilskudd til siidaandeler og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og tamreinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger	Ikke aktuell	Nei	

**Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 % av kommunene.

Vi har etablert rutiner for forvaltningskontroll og anna kontrollarbeid. Disse ligg lagra i RiskManager. Vi jobber kvart år med oppfølging av kommunane si sakshandsaming for produksjon- og avløsertilskot gjennom rettleiing og webinar i kombinasjon med forvaltningskontroll. I 2023 har vi auka kontrollverksemda retta mot kommunane med fleire dokumentkontrollar enn tidlegare. Vi skal ha fokus på kommunane si sakshandsaming som gjeld avkorting for feilopplysningar.

**Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning**

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Tingvoll	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Vanylven	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Eitt avvik på sjukdomsavløyning. Kommunen har ikkje sjekka dokumentasjon godt nok. Førte til feilutbetaling.	Avvik lukka
Vestnes	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Alesund	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Eitt avvik. Kommunen manglar risikobasert kontrollplan.	Avvik er ikkje lukka. Kommunen vert følgt opp
Ulstein	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Sunndal	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Sula	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Herøy	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Hareid	Sjukdomsavløyning, husdyrtilskot, tiltak i beiteområder og spesielle miljøtiltak i landbruket	Ingen avvik	Ingen avvik
Aure	Nærings- og miljøtilskot i skogbruket	Ingen avvik	Ingen avvik

**Forvaltningskontroller av kommunene, 20%**

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	18	38 %	10	26

**Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)**

**Rapportere på**

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Det er skriftleg rutine i RiskManager for korleis dette skal gjerast. Det blir loggført alle endringar som gjerast etter konkrete henvendelsar. Systematisk gjennomgang blir gjort to gonger årlig (vår og haust).

I samband med nye vedtak-/godkjennartilganger krev vi skriftleg stadfesting frå overordna om nødvendig fullmakt (budsjettdisponeringsfullmakt).



**Kontroll tilgangen til Ldirs fagsystemer**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Når er kontroll av brukertilganger gjennomført?	3. oktober var siste systematiske gjennomgang. Neste planlagt i mars d.å.
Hvordan er kontroll gjennomført?	Kontrollen retta seg primært mot å ta bort brukarar som ikkje lenger er i teneste eller midlertidige tilgangar som ikkje lenger er aktuelle.
Ble det funnet avvik ved kontrollen?	I denne konkrete kontrollen vart 6 brukarar tatt bort frå systemet.
Er årsak til avvik(ene) undersøkt og fulgt opp?	Årsak er, med unntak av eit dødsfall, at dei har gått av med pensjon utan at vi har fjerna brukartilgangane med det same. Det må leggst til at like mange tilgangar er fjerna undervegs i året.

**Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)****Rapportere på**

Kommunene kontrollerer grunnvilkåret om «vanlig jordbruksproduksjon» i behandlingen av produksjons- og avløsertilskudd.

Vurderingstemaet "Vanleg jordbruksproduksjon" har slik vi ser det tre ulike hovudspor i praktisk saksbehandling: 1) Avdrått (husdyrproduksjon), 2) Aktiv drift (areal, på teigbasis), og 3) Dyrevelferd.

Temaet er med varierende tyngde fast innslag på dei fagsamlingar vi arrangerer for den kommunale landbruksforvaltninga. Ut frå dei kartleggingar vi har gjort, er manglande oppfylging av vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon mest utbredt i sauehald. Det har derfor vore spesiell fokus på det. Å vise kva rapportar som finst og som kan indikere lave lammetal eller lave slaktevekter er eksempel på tiltak. Det er også mykje areal som blir meir marginalisert etter kvart som det blir færre og større bruk. Alvorlege dyrevelferdssaker er det ikkje så veldig mange av og der må Mattilsynet ha konstatert brot på regelverk. Både kommune og SF får kopi av vedtak, slik at det i desse sakene er enklare for SF å følgje opp at kommunen.

Vi vurderer det som veldig stor variasjon mellom kommunane i kor stor grad dei gjer slike vurderingar og tek ubehaget med å avslå tilskot eller deler av tilskot.

**Vanlig jordbruksproduksjon**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Temaet er kontinuerleg gjenstand for rettleiing overfor kommunane. På fagsamlingar blir det blir presisert at vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon må vere oppfylt, og kritisk vurderingstema tatt opp.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Det varierer veldig. Nokre kommunar er flinke til å følgje opp. Enkelte andre føler vi vegrar seg for å gå inn i desse vurderingane i enkeltsaker.

**3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester**

Innanfor saker om tvang og makt har vi endeleg kome ajour. Ein fantastisk laginnsats, og omprioritering av ressursar internt.

Vi har over fleire år hatt lang sakshandsamingstid innan helseklager. Også desse restansane er tatt unna i 2022. Det er uheldig at saker blir liggande for lenge - det handler om tillit og rettstryggleik. Derfor var det svært viktig å få "rydda opp".

Elles er det hyggeleg å lese resultatane frå DFØ rapporten om statsforvaltarstrukturen som gjeld kommunedialogen. Den vurderer kommunane i Møre og Romsdal til å vere meget god, og at den har utvikla seg i ei positiv retning.

**Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

I 2022 fekk 92 % av barna som budde på institusjonane under våre tilsyn, tilbud om samtale. Alle tilsyn blir gjennomført på tidspunkt barna er forventa å vere tilstades. Vi hadde samtale med 28 av 59 barn. Dei barna som ikkje var på institusjonen får som hovudregel tilbud om samtale i ettertid.

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)****Rapportere på**

Saksbehandling av tilsynssaker:

- behandlingsmåte 1 og 2: 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- behandlingsmåte 3 og 4: 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- behandlingsmåte 5: 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

I 2022 har vi hatt eit stort fokus på å få avslutta gamle saker og saker etter gammel rettleiar. Vi har pr. 01.01.23 ikkje nokon slike gamle saker igjen. I starten av året hadde vi 44 saker.

Når det gjeld hendingsbaserte tilsynssaker på helse (totalt på alle metodar) fekk vi avslutta 121 flere saker i 2022 enn i 2021 noko vi er veldig nøgde med. I prosent er dette ei auke på 73% og dette trass i at vi har hatt ei auke i saker inn med 13%.

Vi har og hatt ei stor auke i registrerte tilsynssaker knytt til kommunale omsorgstenester. Auka var frå 6 tilsynssaker i 2021 til 31 saker i 2022. Det kan skuldast både ei reell auke, men og at vi no kan registrere meir av det vi faktisk gjer i Nestor.

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 1**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	6 %	86 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 2**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	7 %	87 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 3**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-2 %	78 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 4**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	20 %	100 %

**Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 5**

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	-16 %	64 %

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker ASD (fra kapittel 3.3.1.3.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre

Ingen ting å bemerke

**Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %	50 %	100 %

**Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Avsluttede klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2022 hadde vi reduserte ressurser på sosialområdet grunnet sykdom og at noen sluttet. Opplæring og redusert kapasitet har gjort at vi har hatt lavere måloppnåelse på klagesaksbehandlingen enn vi pleier på dette området.

**Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker: minst 90% innen 3 måneder**

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	-23 %	67 %
Helse/omsorg	90 %	2 %	92 %

**Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.2.4 i TB)**

**Rapportere på**

Overprøvede vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2022 behandla vi 84% av alle overprøvingar innan fristen.

Noko av aviket skuldast at det i nokre saker har teke tid å få saka tilstrekkeleg opplyst. I tillegg hadde vi ei auke i talet på overprøvingar frå 2021 frå 139 til 160. Vi hadde og ei auke i talet på a-meldingar frå 1671 i 2021 til 4327 i 2022. Vi har hatt to saker til behandling i Fylkesnemnda for barnevern og sosiale

saker og ei sak i Tingretten.

Interne rutinar for saksbehandling på området er revidert med sikte på å redusere saksbehandlingstid og auke talet stadlege tilsyn.

Forklaring på auken i A-meldingar er at vi på slutten av 2020 endra vår praksis og bad kommunane om å nytte a-meldingar i periodar utan godkjent vedtak (planlagde skadeavverjande tiltak i nødsituasjon/b-tiltak). Tidlegare skreiv dei berre interne avvik i desse periodane. Det kan tenkast at denne endringa var betre kjent og implementert i kommunane i større grad i 2022 enn i 2021.

Vi hadde og fleire saker der det vart brukt a-melding for å melde om bruk av planlagde tvangstiltak fram til det låg føre overprøvd og godkjent vedtak. I enkelte av sakene var det svært mange registreringar, t.d halding av hender. Det er snakk om 5 saker som står for om lag halvparten av meldingane.

Med praksisen som vart innført i slutten av 2020 vil nok talet på meldingar være høgare enn før endringa. Men, vi har betre kontroll med tvangen som vert nytta i fylket. Håpet er at kommunane og skal bli meir effektive i si sakshandsaming med å fatte nye vedtak og sende inn vidareføringar i god tid før gjeldande vedtak går ut.

Trass forklaringane på dei høge tala på a-meldingar skulle vi nok hatt noko fleire vedtak om tvang, og i dei fleste av sakene dette gjeld er vedtak no fatta og overprøvd.

#### Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	-6 %	84 %

#### Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.2.5 i TB)

##### Rapportere på

Behandlede søknader om dispensasjon fra utdanningskrav: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Søknader om dispensasjon frå utdanningskravet blir handsama innan fristane. Unntaket er i saker der fristen for overprøving blir overgått og det er søkt om dispensasjon som skal behandles samtidig.

Vi ser at kommunane har fått og får større utfordringar med å skaffe personell med rett formalkompetanse, og i enkelte tilfelle er det også ei utfordring å skaffe personell til tenestene. Dette er ei utfordring som vi er bekymret for med tanke på rettstryggleiken til denne brukargruppa.

#### Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.2.6 i TB)

##### Rapportere på

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Vi behandla åtte klager på tvang i barneverninstitusjonar i 2022. Klagen vart behandla innan ein måned.

#### Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	10 %	100 %

#### Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.3.7 i TB)

##### Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 190 poeng

I 2022 såg vi det naudsynt å nedprioriterte tilsynsaktivitet for å jobbe ferdig gamle hendelsesbaserte tilsynssaker og redusere høge restansar. Vi tok i bruk prioriteringstilvisingar i styringsdokumenta.

Vi såg ei auke i saker inn på 13% og hadde og ei auke i ferdigstilte saker, sjå ovanfor. Dette var ei heilt naudsynt prioritering i 2022.

#### Aktivitetvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
190	-110	80

#### Resultatmål SFAG og SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.4.4 i TB)

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 45 poeng

Tilsynsaktivitet vart bevisst nedprioritert i 2022 for å avslutte gamle hendingsbaserte saker og redusere våre restansar. Årsaka til auke i restansar skuldast at vi lenge har hatt få legar og då vi fekk fleire legar, kom pandemien som tok ein god del av legekapasiteten vår. Arbeid knytt til oppfølging av situasjonen i Ukraina har og gått noko ut over vår sakshandsamingskapasiteten. Vi har og hatt endringar i medarbeiderstaben som har ført med seg naudsynt opplæring og auka tidsbruk på saker i ein periode.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten**

Resultatmål	Differanse	Resultat
45	-6	39

**Resultatmål SFMR (fra kapittel 3.3.1.3.5.7 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 65 poeng

Grunna stort behov for prioriteringar, gjennomførte SFMR ikkje LOT eller eigeninitiert tilsyn på sosialområdet i 2022.

**Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester**

Resultatmål	Differanse	Resultat
65	-65	0

**3.1.3.4 Andre oppdrag**

**3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning**

2022 var eit krevjande år for vergemålsavdelinga i Møre og Romsdal. Alle juristane slutta i løpet av året. Det har tatt tid å rekruttere og lære opp nye.

Den utfordrande situasjonen gjorde at vi no er i gang med ein prosess for å sjå nærare på måten vi jobbar og er organisert på. Allereie hausten 2022 gjorde vi nokre grep for å frigjere tid til saksbehandling: utadretta aktivitet vart stoppa og vi innførte telefontid. Særleg sistnemnte har hatt god effekt.

Vi nådde ikkje måla for alle områder i 2022, men dette skuldast dels forhold som ovanfor nemnt. Vi meiner likevel at dette ikkje har gått ut over kvaliteten i utført arbeid, og at den enkelte si rettstryggleik og sjølvråderett er vareteke.

Vi vil på generelt grunnlag framheve at budsjett- og ressursituasjonen på vergemålsområdet gjer jobben krevjande.

**Opprett vergemål (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager.

2022 har vore eit krevjande år for vergemålsavdelinga i Møre og Romsdal. Dette skuldast i all hovudsak at mange tilsette (juristane) har slutta. Det har tatt tid å rekruttere og lære opp nye saksbehandlarar.

Frå oktober 2022 valgte vi å prioritere og ferdigstille Fufinn-prosjektet som hadde vore satt på vent grunna bemanningssituasjonen. Med knappe budsjett og kun ei stilling finansiert gjennom Fufinn, har dette arbeidet gått på bekostning av opprett saker.

**Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
64 %	80 %	-16 %

**Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)**

**Rapportere på**

Klagesaksbehandling – 80 % av klagen statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Klagesaksbehandling vore ei prioritert oppgave i 2022. Låg bemanning gjer at vi ikkje når måla i 2022.

**Klagesaksbehandling – 80 % av klagen Statsforvalteren mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
79 %	80 %	-1 %

**Stadfestelse av fremtidsfullmakter (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)****Rapportere på**

Stadfestelse av fremtidsfullmakter - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager.

Sjølvm om vi når målet, ser vi at behovet for rettleiing om dette temaet er stort. Vi ser at mange ikkje forstår kva som faktisk er statsforvaltaren si rolle, og vi vert i aukande grad involvert i privatrettslege spørsmål. Dette kan dels skuldast at mange av spørsmåla ikkje er løyst i regelverk eller praksis.

Dette inneber at ressursbruken omfattar meir enn sjølve arbeidet med stadfestinga.

**Stadfestelse av fremtidsfullmakter - 80 % av fremtidsfullmaktene som stadfestes, skal være behandlet innen 30 dager**

Resultat	Resultatmål	Differanse
98 %	80 %	18 %

**Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Vi bruker erfame tilsette til å utføre kontrollen. Dette gir tryggleik i utføringa av regnskapskontrollen.

**Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen**

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

**3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje**

Før vi tek ei avgjerd om å opprette verjemål eller anna, har vi eit klart mål om å snakke med personen det gjeld eller innhente informasjon på anna måte for å sikre sjølvråderetten.

Individtilpassa mandat gjer at verjemål ikkje omhandlar meir enn dei skal. Denne presiseringa gjer at omfanget av verjemåla er betre tilpassa den enkeltes behov for hjelp.

Vi krev at alle nye verjer må gjennomføre kurs før dei vert oppnemnd. Vi er likevel i tvil om alle alminnelege og nærstående verjer i tiltrekkelig grad tek omsyn til verjehaverens ønske og vilje i alle høve. Dette er ei stor og samansett gruppe med ulik kompetanse i til dømes digitale hjelpemidler. Vi erfarer og at det i denne gruppa verjer, kan foreligge ulike motiv for å ta på seg verjeoppdraget. I all vår kontakt med disse verjene, legg vi derfor svært stor vekt på å framheve at dei må ta omsyn til verjehaveren sine behov og vilje.

Utviklinga går i riktig retning og vi opplever at det er fleire som gjennomfører kurs. Særleg faste verjer er bevisste på dette og har respekt for verjehavers sjølvråderett.

**Opplæring av verger (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)****Rapportere på**

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett.

Nye verger har gjennomført e-læringskurs.

Vi krev at alle nye verjer må ta introduksjonskurs før dei vert oppnemnt. I all rettleiing til verjene legg vi stor vekt på at dei må ta omsyn til og respektere verjehaver sin sjølvråderett.

I vår kontakt med verjane opplev vi at verjane er blitt meir bevisste på verjehavers sin sjølvråderett.

### 3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

#### Skole

For å sjå til at skoleeigar forstår, formidlar og etterlever regelverket, har vi arrangert fleire fysiske og digitale møte, gitt rettleiing, vore i dialog med kommunane og fylkeskommunen, gjennomført tilsyn og arrangert webinar.

Vi har gjennomført digitalt eksamensmøte for grunnskolane. Her fekk eksamensansvarlege i kommunane og grunnskolane informasjon om vurdering og eksamen. Vi hadde fokus på forskrift til opplæringslova, individuell vurdering i grunnskolen og individuell vurdering i grunnsopplæring særskilt organisert for vaksne. Her viste vi også til regelverk, rundskriv og tolkingar i samband med standpunktvurdering etter LK20 i grunnskole og vaksenopplæring. Terskelen er lav for skoleleiing og skoleeigarar til å ta kontakt med oss og be om rettleiing. Sjølv om vi har dialog og jamlege møte med kommunane, opplever vi at det er variasjon knytt til regelverkforståing når det gjeld mellom anna vurdering etter innføring av nytt læreplanverk. Vi ser også at det er spesielt behov for rettleiing når det gjeld skolefråver, framandspråklege og spesialundervisning.

Når det gjeld personar som har fått opphaldstillatelse etter utlendingslova § 34 - ukrainske flyktningar, har vi laga eit webinar. Vi har motteke 7 klager etter integreringslova. Statsforvalteren har stadfesta kommunen sine vedtak i alle 7 klagesakene. Her opplever vi at kommunane etterlever og forstår regelverket.

Vidare var regeletterleving tema på eit digitalt møte med privatskolane i oktober. Forvaltningslova og saksbehandling, regelverk tilknytt spesialundervisning og skolen sine plikter knytt til skolemiljø vart formidla. I dialog med privatskolane formidla dei at kommunane v/ PPT ikkje tilrår assistenttimar. Vi erfarer at dette gjeld nokre kommunar. Her er det tydeleg ei misforståing når det gjeld korleis skoleeigar forstår, formidlar og etterlever regelverket, jf. oppll. § 5-3. Vi forventar av skoleeigar at dette vert endra i samsvar med regelverket og tar det med oss vidare i vår risikovurdering og oppfølging.

Vi ser gjennom saksbehandling og klage på spesialundervisning og klage på skolebytte, at nokre kommunar har manglande forvaltningskompetanse. Det gjeld mellom anna at barnet sitt beste vurdering ikkje tilstrekkeleg er med i saksbehandlinga og at enkeltvedtak ikkje inneheld dei krav som forvaltningslova krev. Dette kan vere opplysningar om klageadgang, klagefrist og klageinstans.

#### Barnehage

På barnehageområdet har vi gjennomført fleire møte med sektor, både stadleg og digitalt. Det har vore to digitale møte med barnehageigarar og barnehagemyndighet, i tillegg til eit digitalt og eit stadleg møte med barnehagemyndighet. I møta har vi hatt gjennomgang og rettleiing i aktuelt regelverk, dialog og erfaringsdeling i grupper. I tillegg oppfordrar vi eigarar og myndigheter til å følge ulike webinar, kompetansepakkar mv.

Regelverk om spesialpedagogisk hjelp, tiltak for barn med nedsett funksjonsevne og kommunen sine roller som barnehagemyndighet og eigar peikar seg ut som mest aktuelt. Nesten samtlige barnehagemyndigheter har deltatt på kursrekka *Kommunens rolle som barnehagemyndighet* i regi av KDS, Statsforvalteren i Nordland og regionalt kompetansekontor i Vesterålen og Lødingen.

Gjennom klagesaksbehandling, tilsyn og møter med sektor ser vi at det er variasjon i kompetanse om regelverk. Det er gjerne grunngeving for vedtak, forvaltningslova sine bestemmelser og barnet sitt beste vurderingar som er årsak til at vedtak har blitt oppheva.

Vi har gjennomført 4 stadlege tilsyn i 2022. Tema for tilsyna har vore *Kommunen som barnehagemyndighet - rettleiing og tilsyn*. 3 av tilsyna er avslutta utan lovbrøt. Her viser kommunane god regelverksetterleving. Det fjerde og siste tilsynet er framleis under saksbehandling. At vi i dei tre tilsyna ikkje har funne lovbrøt, har gitt oss refleksjonar om vår eiga ROS-analyse. Samtidig var det forhold vi på førehand vanskeleg kunne finne informasjon og dokumentasjon om.

#### Sektorkunnskap ligger til grunn for vurdering av oppfølging og virkemiddel (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

##### Rapportere på

All vurdering av oppfølging og valg av virkemiddel skal være basert på kunnskap om tilstanden på rettsikkerhetsområdet

Vi følger opp sektor gjennom mange ulike kanalar. Statistikk, forskning, evalueringar, NOU-ar, endringar i regelverk mv. GSI og BASIL gir oss sentral informasjon. Også arbeidet med Kommunebildet, tips, presse, bekymringsmeldingar, tilsyn og klagesaksbehandling gir informasjon og kunnskap. Kontakten vi har med kommunane, og om det er lite/inga kontakt med kommunar, dannar grunnlag for våre vurderingar. Gjennom arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse dannar vi oss eit bilde av situasjonen i sektor. Konsekvensane av eventuelle lovbrøt har betydning for val av verkemiddel. Vidare vurderer vi læringseffekten ulike typer verkemiddel vil gi.

For å kunne velje rett verkemiddel på skoleområdet har vi eit breitt spekter av kjelder i dette arbeidet, som nemnt innleiingsvis.

Tilsyn blir vurdert som verkemiddel på to ulike måtar. For eitt år om gongen, planlegg og lagar vi ein tilsynsplan. Tilsyna som blir planlagt, er etter ei grundig risikovurdering og ei vurdering av kor store konsekvensane ved regelverksbrøt vil vere. I tillegg vurderer vi fortløpande om det er behov for å opne andre tilsyn enn dei vi allereie har planlagt. Dersom vi har motteke varsling/bekymring eller har informasjon som kan tyde på at ein skole/barnehage eller skoleeigar/barnehageeigar ikkje følger lovverket, vurderer vi korleis vi skal følgje opp og kva vi vurderer som det mest hensiktsmessige verkemiddelet.

Oppfølging kan til dømes vere å gjennomføre eit hendelsesbasert tilsyn eller gi rettleiing.

Vi gir ofte og omfattande rettleiing. Gjennom klagesaksbehandling og resultat frå tilsyn, gjer vi ei risikovurdering for utval av tema for rettleiing til kommunar og skolar/barnehagar. Rettleiing gir vi gjennom fagdagar, webinar og i digitale/fysiske møte med kommunen.

Rettleiing opp mot enkeltkommunar eller konkrete skolar/barnehagar er på bakgrunn av ein konkret risiko vi er gjort kjent med. Vi vurderer då kva som er det mest eigna verkemiddelet, tilsyn eller rettleiing. Det som er avgjerande for val av verkemiddel i desse tilfella er kva for ressursar vi har tilgjengeleg i embetet, kompetansenivået til kommunen og korleis konsekvensane for regelverksbrot vil påvirke sårbare barn og unge og eksisterande tilsynsbelastning hjå kommunen.

**Tilsyn skal avdekke brudd med store konsekvenser (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Når statsforvalteren vurderer at det er risiko på skolemiljøområdet, skal tilsynsopplegget for FNT 2022 benyttes

Vi vurderer at det er stor risiko for lovbrudd på skolemiljøområdet. Vi har i 2022 nytta FNT for 2022-2025 på skolemiljøområdet i tre stadlege tilsyn. Vi har valt ut dei tre kommunane med bakgrunn i ei bekymring for dårleg oppfølging og system i saker etter 9 A-4 og 9 A-5 som vi har sett mellom anna gjennom handhevingsordninga. Vi har også motteke bekymringsmeldingar frå føresette i desse kommunane. Vi har i tillegg sett på resultatata i elevundersøkinga.

**Rapportering av tilsyn - barnehage og opplæringsområdet**

Område	Kommune	Navn på barnehage (kun særlege tilfeller)/skole	Nasjonalt initiert tema eller egeninitiert	Tema nasjonalt initiert tilsyn	Tema egeninitierte tilsyn	Stedlig/skriftlig	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Status tilsyn per 31.12.	Antall korreksjonspunkter i foreløpig rapport pr tilsyn (= brudd på regelverket per tilsyn)	Dato foreløpig tilsynsrapport	K S ZI
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Kristiansund vgs	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	13	Foreløpig rapport	2	06.12.22	S
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda vgs	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	13	Foreløpig rapport	3	06.12.22	S
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Ålesund vgs	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	13	Foreløpig rapport	2	06.12.22	S
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø og internkontroll		Tilsynsbesøk	13	Endelig rapport	6	11.05.22	M
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø og internkontroll		Tilsynsbesøk	13	Endelig rapport	10	12.05.22	M
Opplæring	Volda	Øyra skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø og internkontroll		Tilsynsbesøk	13	Foreløpig rapport	8	24.11.22	M
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Borgund vgs	Nasjonalt initiert	Videregående voksne		Skriftlig	10	Endelig rapport	1	12.05.22	S
Opplæring	Hustadvika	Fræna ungdomsskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Læramorm	Skriftlig	1	Endelig rapport	1	11.01.22	M
Opplæring	Sula	Sula ungdomsskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Læramorm	Skriftlig	1	Endelig rapport	1	11.01.22	M
Opplæring	Giske	Giske ungdomsskule og Valderøy barneskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Læramorm	Skriftlig	1	Endelig rapport	1	11.01.22	M
Opplæring	Ålesund	Blindheim barneskole, Brattvåg barneskule og Spjelkavik ungdomsskule	Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Læramorm	Skriftlig	1	Endelig rapport	1	11.01.22	S
Barnehage	Ørsta		Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Tilsynsbesøk	30	Endelig rapport	9	24.02.2022	M
Barnehage	Herøy		Nasjonalt initiert	Veiledning og tilsyn		Tilsynsbesøk	11	Endelig rapport	0	15.07.2022	M
Barnehage	Volda		Nasjonalt initiert	Veiledning og tilsyn		Tilsynsbesøk	11	Endelig rapport	0	31.08.2022	M
Barnehage	Sykkylven		Nasjonalt initiert	Veiledning og tilsyn		Tilsynsbesøk	21	Endelig rapport	0		M

**Rapportering av funn fra tilsyn - barnehage og opplæringsområdet**

Område	Kommune	Navn på barnehage/skole	Tema/deltema nasjonalt initierte tilsyn	Tema/deltema egeninitierte tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (nasjonalt initierte tilsyn)	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (egeninitierte tilsyn)	Kommentarer
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Kristiansund vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak så snart som mulig i alle saker der PPT har gjennomført en sakkyndig vurdering?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Kristiansund vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak så snart som mulig i alle saker der PPT har gjennomført en sakkyndig vurdering?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor elevene likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Volda vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Barnehage	Møre og Romsdal fylkeskommune	Alesund vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak så snart som mulig i alle saker der PPT har gjennomført en sakkyndig vurdering?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Alesund vgs	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan?		
Opplæring	Sykkylven	Sykkylven ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Undersøker skolen saken så raskt som saken tilsier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Gjennomfører skolen/skoleeier de undersøkelser som ut fra en faglig standard med rimelighet kan forventes?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Setter skolen inn tiltak så raskt som saken tilsier, når en elev sier at skolemiljøet ikke er trygt og godt, eller undersøkelsen viser det?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Vurderer skolen/skoleeier konkret hvilke tiltak som er egnede?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Lager skolen/skoleeier en skriftlig plan når de setter inn tiltak i en sak, og inneholder den skriftlige planen minimumskrav til innhold?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan?		
Opplæring	Hareid	Hareid ungdomsskule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Undersøker skolen saken så raskt som saken tilsier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Dokumenterer skolen/skoleeier hva som blir gjort for å oppfylle undersøkelsesplikten?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at undersøkelsesplikten og dokumentasjonsplikten ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Setter skolen inn tiltak så raskt som saken tilsier, når en elev sier at skolemiljøet ikke er trygt og godt, eller undersøkelsen viser det?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Evaluerer skolen/skoleeier tiltakene jevnlig, og blir tiltakene endret ved behov?		



Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Er kommunens internkontroll tilpasset for å hindre eller forebygge brudd på tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan?		
Opplæring	Volda	Øyra skule	Skolemiljø og internkontroll		Avdekker og følger kommunen opp med korrigerende tiltak for å hindre eller forebygge risikoen for at tiltaksplikten og kravet om å lage en skriftlig plan ikke blir oppfylt?		
Opplæring	Møre og Romsdal fylkeskommune	Borgund vgs	Videregående voksne - Gjennomføre opplæring		Får deltakerne opplæring i samsvar med vedtaket når det gjelder: a. hva det faglige innholdet i opplæringen skal være? b. hvordan opplæringen skal organiseres? c. hvilket omfang opplæringen skal ha?		
Opplæring	Hustadvika	Fræna ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Lærarnorm		Oppfyller skulen norma for lærartettleik?	jf. forskrift til oppl. § 14A-1
Opplæring	Sula	Sula ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Lærarnorm		Oppfyller skulen norma for lærartettleik?	jf. forskrift til oppl. § 14A-1
Opplæring	Giske	Giske ungdomsskule og Valderøy barneskule	Egeninitiert tilsyn	Lærarnorm		Oppfyller skulen norma for lærartettleik?	jf. forskrift til oppl. § 14A-1
Opplæring	Ålesund	Blindheim barneskule, Brattvåg barneskule og Spjelkavik ungdomsskule	Egeninitiert tilsyn	Lærarnorm		Oppfyller skulen norma for lærartettleik?	jf. forskrift til oppl. § 14A-1
Barnehage	Ørsta		Egeninitiert tilsyn		Tar kommunen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialpedagogisk hjelp?		Nasjonalt tilsyn, men ligg ikkje som tema i registeret
Barnehage	Ørsta		Egeninitiert tilsyn		Har kommunen i vedtaket tatt stilling til: a) om barnet har en nedsatt funksjonsevne b) om den nedsatte funksjonsevnen gjør at barnet ikke kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn		Nasjonalt tilsyn, men ligg ikkje som tema i registeret

**Tilsyn er innrettet etter avdekket risiko (fra kapittel 3.3.3.1.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Tilsyn skal i økt grad innrettes med de temaer og i det omfang som er nødvendig basert på den risikoen som er avdekket

På opplæringsområdet nyttar vi til dømes tal frå GSI, rapporteringar, innkomne klagesaker, kontakt og bekymringsmeldingar frå til dømes FAU og føresette og oppslag i media. Kommunar vi ikkje høyrer noko frå vurderer vi òg til å kunne inneha risiko.

Barnehageområdet nyttar tilsvarande kjelder som skuleområdet. BASIL er ei viktig kjelde, tal frå KOSTRA/SSB, foreldreundersøkingar, klager, tilsyn og elles den kontakten vi gjennomgåande har med sektor og føresette.

Val av tema og omfang i tilsyna blir vurdert utifrå vår samla ROS analyse og ei sannsynlegheitsvurdering for å kunne avdekke lovbrøt. Vi legg til grunn risiko og kor sannsynleg det er at krav i regelverket ikkje er oppfylt. Vi legg stor vekt på konsekvensane dei moglege lovbrøta kan ha for born og unge ved val av tilsynsobjekt.

Til dømes når det gjeld FNT - internkontroll og skolemiljø, har vi avgrensa tilsynet til to delplikter.

Vi målrettar omfanget av eigeninitierte tilsyn i samsvar med det analysearbeidet vårt tilseier vi må følge opp. Døme på dette kan vere eigeninitierte tilsyn med lærarnorma. Tilsyn med spesialundervisning i videregående skole vart avgrensa til skolen sin praksis med å fatte vedtak.

**Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

I 2022 har vi nådd dei måla vi har sett oss.

Vi har arrangert ein fagdag; "Korleis forebygge og løyse kompliserte skolemiljø saker" med Erling Roland. Målgruppa var skoleeigarar og kommunale innsatsteam mot mobbing. På fagdagen var det i tillegg til fagleg påfyll, også lagt opp til viktig refleksjon over eigen praksis. Det var meir enn 90 deltakarar.

Vi har også arrangert eit webinar: "Kva gir eit godt og trygt skolemiljø" På dette webinaret hadde vi eit innlegg av Anne Randi Fagerlid Festøy frå Høgskulen i Volda om "Eit trygt og godt skolemiljø - ei pedagogisk tilnærming". Målgruppe var; skoleeigarar, skoleleiinga, lærarar og andre som jobbar med eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø. Det var meir enn 200 påmeldte.

På begge desse arrangementa hadde statsforvaltaren eit eige innlegg om status på området. Vi har orientert om funn i våre tilsyn og kva vi avdekker og erfarer i dei sakene vi behandlar i handhevingsordninga. Dette for å bidra til å auk kompetansen hos skoleeigarar og skoleleiarar.

Vår vurdering er at vi gjennom innsatsen og tiltaka våre i 2022, har bidratt til å heve kompetansen til skoleeigarar og skoleleiarar.

Dette arbeidet vurderer vi at det er nødvendig og viktig å arbeide vidare med.

#### Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

##### Rapportere på

Kapittel VIII i barnehageloven om psykososialt barnehagemiljø er kjent og forstått av barnehageeier og de som arbeider i barnehager.

Kompetanse på kva som gir eit trygt og godt barnehagemiljø er svært sentralt i alt arbeid i barnehagen og eit gjennomgåande tema i vårt arbeid. Temaet er aktuelt i våre møte med kommunane, barnehageeigar og barnehagemyndigheit. I arbeidet med lokal kompetanseutvikling er trygt og godt barnehagemiljø satsing i fleire regionar. I våre møte med barnehageeigarar og barnehagemyndigheit har mellom anna mobbeombodet hatt innlegg.

27.-28. oktober 2022 arrangerte Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal Barnehagekonferansen 2022: *Post covid - Barnehagen ein samfunnspilar*. Målgruppe for konferansen var pedagogisk personale i barnehagane, barnhageansvarlege på kommunenivå, tilsette i PPT og høgskuletilsette. Konferansen hadde ca. 400 deltakarar og tema for konferansen var svært aktuelt sett i lys av eit godt psykososialt barnehagemiljø. <https://www.barnehagekonferans...>

To barnehagar i fylket er med i Læringsmiljøprosjektet pulje 7. Elles gir vi rettledning til einsskild kommunar der det har vist seg å vere nødvendig.

Vi vurderer det slik at vår innsats gjennom ulike tiltak om psykososialt barnehagemiljø, bidrar til at både barnehageeigar og dei som arbeider i barnehagar har auka si forståing og kompetanse på området. At vi har dette som gjennomgåande tema i vår prioritering i kontakt med sektor, gir tydelege signal om at dette arbeidet er sentralt.

#### Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

##### Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Dette arbeidet skal alltid ha høgst prioritet. Vi organiserer arbeidet slik at vi alltid er to saksbehandlarar som arbeider med ei sak. Den medarbeidaren som har ansvaret for arbeidet på området, følgjer opp framdrift i sakene. Tidsbruk er tema på kvart møte i 9 A-forumet, og alle som jobber med dette er til ei kvar tid oppdatert på kva som er mediantid og gjennomsnittleg saksbehandlingstid.

Vår erfaring frå 2022 er at det å vere bevisst på dette og det at vi til ei kvar tid har dette på agendaen, medverkar til at sakene blir ferdig-behandla så raskt som råd.

#### Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

Gjennom vår skriftlege prosedyre som saksbehandlarane følgjer, meiner vi å bidra til å sikre høg kvalitet i saksbehandlinga. Prosedyren gir instruksjon om kva saksbehandlar skal gjere og på kva måte.

Vi har møter kvar 14. dag og både pågåande saker og avslutta saker blir drøfta. Erfaringsdeling og refleksjon blir nytta.

Når vi til dømes drøftar saker som er avslutta, presenterer deltakarar i 9A-forum "mi sak" for resten av gruppa. Det blir då gjort greie for tidlegare vedtak som er fatta og peika på ulike val av metodar, klart språk og det blir gjort greie for ulike delar av vedtaket.

I dei fleste sakene er det foretatt drøftingar mellom pedagog og jurist, for å sikre riktig rettsanvendelse.

Slik vurderer vi at vi sikrar riktig rettsanvendelse og at vi har felles forståing for regelverket i embetet.

Det er også kontakt mellom fleire embete. Dette er også med å bidra til felles forståing og felles regelverksetterlevelse.

#### Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

##### Rapportere på

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Heile embetet har hatt eit større arbeid med klarspråk i 2022, og det er utarbeidd retningslinjer for klarspråk for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Etter språkverkstader hausten 2021 i regi av kommunikasjonsrådgivar på embetet, har vi i 2022 vidareført arbeidet med meir brukarretta vedtak. Vi har påbegynt eit omfattande arbeid med å revidere malane våre for vedtak innanfor fleire saksområde. I dette arbeidet har vi stort fokus på klart og brukarretta

språk, samt eit oversiktleg og lesbart oppsett for vedtaka. Vi har mange malar vi ikkje er ferdige med enda, men vi ser at erfaringar frå språkverkstadene har medført ei meir bevisst haldning til språket vi nyttar overfor brukarane våre.

Vi har også blitt flinkare til å bruke "kollegalesing" før vi sender saker til godkjenning. Det betyr at vi ber ein kollega lese igjennom vedtaket med eit klarspråkleg blikk, før den med formelt godkjenningsansvar får saka. Kollegaen som les igjennom, skal gjerne ha ein annan fagbakgrunn enn den som har skrive vedtaket.

Dei aller fleste har sjekklista "Ver klar!" frå Språkrådet hengande på arbeidsplassen sin. Fleire nyttar denne plakaten aktivt.

Vi ser resultat av dette arbeidet med at vi skriv kortare vedtak, med det viktigaste innhaldet først. Vi har også blitt mykje meir bevisste på at vi skal bruke ord og formuleringar som mottakaren i kvar enkelt sak har føresetnader for å forstå.

#### **Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Vi har i 2022 hatt ei auke i klagesaker. Dette kan kanskje forklarast med pandemien og heimeskule i store delar av 2021.

Prosentvis del av klagesaker som er oppheva i 2022 er noko høgare enn for 2021. Opphevinga gjeld i all hovudsak klagesaker om skulebyte, og i tillegg nokre få klager på vedtak om spesialundervisning.

Når det gjeld oppheving i klagesaker om skulebyte i 2022, skuldast dette i hovudsak manglar ved grunngjevinga og manglande vurdering av barnets beste. Vi erfarte at berre ei slik sak kom tilbake til oss i form av klage på kommunalt vedtak om nytt avslag om skulebyte. Vi tolkar dette som at kommunane har tatt til seg rettleiinga vi har gitt i våre opphevingsvedtak om krava til barnets bestevurdering. Vi har også brukt tid til å rettleie enkeltkommunar i regelverket om skulebytesaker.

Vi har også i 2022 brukt ressursar til å rettleie konkret i vår klagesaksbehandling og i for- og slutt møte i tilsyn, både om regelverksbruken og forvaltningslova sine krav til saksbehandling. Vi rettleier også jamleg kommunar og skuleeigarar som tek kontakt for regelversavklaring eller om saksbehandlingskrava etter forvaltningslova. Nokre lovtolkings spørsmål sende vi vidare til Utdanningsdirektoratet for avklaring.

Ved behov tar vi direkte kontakt for å rettleie kommunar og skuleeigarar. Vi får gode tilbakemeldingar på vår rettleiing, og vi forutset at rettleiinga bidrar til både færre regelverksfeil og saksbehandlingsfeil.

Gjennom klager vi mottar til behandling og andre førespurnader, ser vi på fleire områder manglande kompetanse innan forvaltningsrettslege krav til saksbehandling og barnets bestevurderingar. Forutan å trekke fram skulebytesaker, ser vi også dette gjennomgåande i klagesaker på gjennomføring av spesialundervisning og vedtak om spesialundervisning. Vi ser og ofte manglar ved sakkunnig vurdering som medfører følgjefeil vidare. Vi vil følgje opp både skuleeigarane og PPT på dette området.

På bakgrunn av det vi ser i klager og førespurnader vi mottar, samt kontakten vi har med kommunar og skuleeigarar elles, vil vi i 2023 gå ut med ei breiare rettleiing i form av felles kursing og møte med skuleeigarane. Dette gjeld regelverksbruk og regelverksforståing innafor ulike tema, men også krava til saksbehandling etter forvaltningslova. Vi vurderer at det vil vere stort sannsyn for at dette vil bidra til færre rettsbruks- og saksbehandlingsfeil. I 2022 hadde vi eit slikt felles møte for alle privatskolane, og erfarte at det var eit klart behov for dette.

Vi brukte også i 2022 ressursar på rettleiing om vurdering og fastsetting av standpunktkarakter. Det var ein klar reduksjon i talet på klager i 2022. Vi er usikre på om dette skuldast at skulane hadde betre tid til å sette standpunktkarakterar på grunn av avlyst eksamen eller om det skuldast vår rettleiing.

Samla sett vurderer vi at vi har god måloppnåing på dette punktet i rapporten og at tiltaka våre har bidratt til færre rettsanvendelsesfeil og saksbehandlingsfeil. Vi vurderer det slik at det er viktig å halde fram med tiltak på dette området.

#### **Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.6.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

Antall vedtak fra barnehagemyndigheten med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Vi har gått gjennom vedtaka for 2021 og 2022 og gitt rettleiing, både direkte til den einskilde kommune, i møte med barnehagemyndigheita og gjennom erfaringsdeling i arbeid i grupper. Aktuelle tema har vore å styrke barnets beste vurderingar. Vidare har grundigare grunngjeving for vedtak og bestemmelsane i forvaltningslova vore tema. Vi har lagt vekt på å rettleie i samband med klagesakshandsaming og i for- og slutt møte i tilsyn.

Vi vurderer at måten vi arbeider på i kontakt med kommunane og i møte med barnehagemyndigheita bidrar til å heve kompetanse og dermed redusere talet på saksbehandlingsfeil og rettsanvendelsesfeil.

#### **Særskilt oppmerksomhet på barn og elever med behov for spesialped. tilrettelegging (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Barn og elever, som ikke har fått det tilbudet de har behov under pandemien, er fulgt opp.

Under og etter pandemien har vi gjennom hyppige møte med kriseleiinga i kommunane og fleire rapporteringsspor (CIM, STAF/Hdir, Udir) motteke informasjon om situasjonen i sektoren. Denne informasjonen nyttar vi i våre risikovurderingar og vår kontakt med sektor.

Vi har følgt opp eigarane sitt arbeid med å sikre at barn og elevar får det tilbudet dei har krav på gjennom rettleiing, klagesaksbehandling, tilsyn og møte med kommunar og barnehage- og skuleiegarar.

I haust hadde vi eit digitalt møte med privatskolane. I møtet hadde vi mellom anna fokus på regeletterleving og forvaltningslova og retten til spesialundervisning. Det vart også peika på krav om at barnet sitt beste vurdering skal vere med i saksbehandlninga. I møtet hadde vi fokus på endringar i helselovgivinga, inkluderande praksis, rett til spesialundervisning, PPT og sakkyndig vurdering, enkeltvedtak om spesialundervisning, planlegging og gjennomføring og om klage på spesialundervisning.

Planen var at vi også skulle gjennomføre eit digitalt møte med kommunane når det gjaldt regeletterleving med fokus på forvaltningslova og retten til spesialundervisning. Dette møte vart ikkje gjennomført på grunn av manglande kapasitet som følge av sjukdom og vakanse. Vi erfarer at det er nødvendig med rettleiing og oppfølging på dette. Gjennom klagebehandling, henvendelse frå mobbeombod og føresette erfarer vi at fleire skolar og kommunar ikkje sikrar eleven sin rett til spesialundervisning. Det gjeld særleg gjennomføring av spesialundervisning.

Gjennom tre skriftlege tilsyn med vidaregåande skolar har vi undersøkt skolen sin praksis med å fatte vedtak for elevar med rett til spesialundervisning. Her fann vi at det ikkje vert fatta vedtak om spesialundervisning når sakkunnig vurdering frå PPT ikkje anbefalar spesialundervisning. Vi fann og at skolane heller ikkje i stor nok grad tar stilling til kva som er til eleven sitt beste når skolen fattar vedtak om spesialundervisning.

Vår vurdering er at det er spesielt nødvendig å følge opp arbeidet med å fange opp barn og elevar som har behov for ekstra oppfølging og elevar med vedtaksfesta rett til tilpassingar og det tilbudet dei har krav på. Vi ser òg at det er ein samanheng mellom dei elevane som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø og fråver av retten til spesialundervisning. Dette er eit arbeid vi særskilt vil sette fokus på i 2023.

**Gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.7.2 i TB)****Rapportere på**

Kommunen gjennomfører vedtak om spesialpedagogisk hjelp i tråd med regelverket.

Vi følger med på dette arbeidet gjennom klagesakshandsaming og i møte med kommunane. Spesialpedagogisk hjelp og regelverket knytt til det, har vore eige tema i møte med kommunane som barnehagemyndigheit. Vi erfarer at i kommunar vi har hatt rettleiing med, er det ei forbetring i praksis, mellom anna når det gjeld barnets beste vurderingar.

**Fritak for fag (fra kapittel 3.3.3.1.7.3 i TB)****Rapportere på**

Alle skoleeiere følger regelverket for fritak for fag

Av spørsmål og problemstillingar knytt til fritak frå fag etter kapittel 5 som vi får inn frå sektor, også frå PPT, ser vi at praktiseringa og forståinga av regelverket for fritak for fag i hovudsak er god.

Samstundes ser vi at dette er eit område der det er naudsynt med meir rettleiing. Vi ser at spørsmåla vi mottek om fritak frå fag ofte er knytt til problemstillingar som gjeld elevar med bekymringsfullt skolefråvær og/eller i samband med bruk av alternativ opplæringsarena. Vi ser tidvis at spørsmål om rettleiing frå skoleiegarar og skolar kjem seint i løpet, ofte mot slutten av 10. trinn, i månadene før vitnemål skal skrivast ut.

Vi har også fått spørsmål frå ei interkommunal PP-teneste om korleis regelverket knytt til fritak frå fag skal forståast, også jf § 2-1. Særleg omhandla PP-tenesta sine spørsmål elevar som ikkje møter på skolen, der lærar ikkje kjem i posisjon til å vurdere om eleven har tilfredstillande utbytte, og vidare oppmelding til PPT for sakkunnig vurdering, spesialundervisning og eventuelle fritak.

Vi gir rettleiing både om fritak frå opplæringsplikten, jf. oppl. § 2-1 og kap. 5. spesialundervisning. Vi har gitt rettleiing i tråd med Udir si regelverkstolkning "Fritak fra fag" publisert på FM-nett 03.02.2022. I tillegg har vi gitt rettleiing om at skoleiegar og skolar må arbeide førebyggjande og ha gode rutiner for å følge opp elevar med bekymringsfullt fråvær.

Etter vår vurdering er dette område der praksis ikkje alltid er i tråd med regelverket. Vi er i ferd med å utvikle eit rettleiingsskriv til alle skoleiegarar inkludert PP-tenester, samt at vi skal følge dette vidare opp i 2023 i våre møter med skolesektoren.

**Spesialundervisning i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.7.4 i TB)**

**Rapportere på**

Elever i videregående opplæring får spesialundervisning i tråd med regelverket

Vi har i 2022 ført tilsyn med korleis tre vidaregåande skolar fattar vedtak om spesialundervisning. Desse tilsyna avdekte fleire brot på regelverket som vi har pålagt skoleeigar om å rette opp i. Vi har bedt fylkeskommunen om å rette opp i dette i alle sine vidaregåande skolar. Dette dannar grunnlag for oppfølging i 2023.

**Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)****Rapportere på**

Alle skoleeiere, skoler og lærebedrifter følger Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20)

Statsforvaltaren har i 2022 hatt høgt fokus på innføringa av LK20.

Vinteren 2022 fekk Statsforvaltaren spørsmål frå sektor som tyda på at det var ulikt både på kommune- og skolenivå kor langt arbeidet med nye læreplanar og vurderingsordningar var kome. Behovet for informasjon og rettleiing vart spelt inn frå regionar, skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar.

I 2022 har vi hatt eit særleg fokus på eksamen etter LK20, trass i avlysinga av ordinær eleveksamen. Etter fleire år med avlysingar, samstundes med innføringa av LK20 og medfølgande endringar i eksamen, samt nytt, digitalt eksamensgjennomføringssystem, var det behov for å informere sektor: korleis forstå, implementere og etterleve endringane.

Våren 2022 hadde Statsforvaltaren i Møre og Romsdal nasjonalt ansvar for eksamen (gjennomføring og sensur) for vaksne privatistar i grunnskolen. Gjennomføringa gjekk godt.

LK20 og endringar i vurderingsordningane har vore eit jamleg tema i vår rettleiing og kommunikasjon med sektor. Dette gjeld til ulike nivå: skoleeigarar, regionar, skoleleiarar og faglærarar. Vi har hatt kommunikasjon på ulike arenaer, mellom anna:

- **Informasjonsbrev til eksamensansvarleg i kommunane** (januar 2022)  
Tema: Skoleeigar sitt ansvar for eksamen med nytt om eksamen, påmelding av kandidatar, oppdatering av fagpersonregister, datoar mm, samt informasjon om komande møter og webinar.
- **Eksamensmøte for skoleeigarar og skoleleiarar** 9. februar 2022 (før avlysinga av eksamen)  
Første tema på vårt faste, årlege eksamensmøte var fornya fokus på skoleeigar sitt ansvar for arbeid med nye læreplanar og vurdering. Hovudtema var eksamen 2022 og ein gjennomgang av PAS-eksamen og nytt og gammalt eksamensgjennomføringssystem. Det var om lag 100 deltakarar på møtet.
- **Digitale eksamenssamlingar for faglærarar** (våren 2022)  
I samarbeid med dei fire regionane i Møre og Romsdal arrangerte Statsforvaltaren fire digitale samlingar for faglærarar i matematikk og engelsk. Tema for alle samlingane var læreplanforståing, ny eksamen og vurdering. Kurshaldarar var fagmiljøa som deltok i utviklinga av nye eksamenar: Matematikksenteret (NTNU) og Institutt for fremmedspråk (UiB). Vi hadde også lagt opp til tilsvarande fagdagar for faglærarar i norsk, men Skrivecenteret måtte dessverre avlyse.  
- På dei fire eksamenssamlingane deltok om lag 350 faglærarar i matematikk og engelsk
- **Oppdatert informasjon om standpunktvurdering og klage på standpunktkarakterar** på vår nettside
- **Dialogmøter med fylkeskommunen** om standpunktvurdering og behandling av klager på standpunktkarakterar
- **Eksamenssamling for vidaregåande** i samarbeid med Udir.  
På denne samlinga på Gardermoen deltok om lag 172 potensielle sensorar og sensorar frå Møre og Romsdal.
- **Digital eksamenssamling** 3. november 2022.  
Denne samlinga arrangerte Statsforvaltaren i samarbeid med Udir.  
Tema på samlinga var ny eksamen etter LK20. Dagen var todelt: Ein fellesdel ved Udir og tre parallelle økter i faga. Til saman deltok om lag 150 faglærarar i faga norsk, engelsk og matematikk.

Vi har òg gått ut med forsterka informasjon til sektor om webinarer mm i regi av Udir. Vi opplever at desse har vore svært gode og nyttige for sektor.

**Klage på standpunktkarakterar 2022**

Klagehandsaminga på standpunktkarakterar gir Statsforvaltaren viktig informasjon om kor vidt skolane forstår og etterlever endringar i læreplanar og regelverk.

Klagebehandlinga av standpunktkarakterar viste at alle karakterar var sett etter nye læreplanar (LK20).

I 2022 gjekk talet på klager på standpunktkarakterar i grunnskolen kraftig ned i Møre og Romsdal. Vi fekk 26 klager på standpunktkarakterar i fag og ei klage på standpunktkarakter i åtferd. Vi oppheva karakteren i om lag 65 % av klagesakene.

Storparten av klagenes er i praktisk estetiske fag, dei utgjør 69 % av klagenes. Tek ein med valfaga utgjør klagenes i praktisk-estetiske fag og valfag 96 % av klagenes.

Dei fremste grunnane til at karakteren vert oppheva er at faglærar i sin uttale ikkje omtalar eleven sin samla kompetanse og/eller at faglærar legg for stor vekt på nokre kompetanssmål i fag. Dette gjeld særleg i dei praktisk estetiske faga.

### 3.1.3.8 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Våren 2022 gjennomførte Statsforvalteren jamlege møter med kommunane i fylket knytt til mottak og busetting av flyktningar som følge av krigen i Ukraina.

Statsforvalteren har understøtta kommunane i Møre og Romsdal i deira arbeid med å busette nykomne flyktningar. Ved årsslutt 2022 var 2365 flytningar frå Ukraina busett i kommunar i vårt fylke, av desse 825 barn.

Statsforvalteren har òg understøtta fylkeskommunen og kommunar i korleis bosettinga i fylket får konsekvensar for tilbodet til barn og unge i barnehage og grunnopplæring.

#### Fylkesmannen bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Statsforvalteren fekk våren 2022 ei stor samordningsoppgåve i å handtere ei stor tilstrøyming av flyktningar i samband med krigen i Ukraina. Vi gjennomførte jamlege møter med alle relevante aktørar(UDI, IMDi, Politiet, spesialisthelsetenestene og kommunane) for å få til ein godt tilrettelagt flyt i mottakskjeden for flyktningar, frå ankomst, til registrering, opphald i mottak og vidare til busetting i kommunane. Særleg den desentraliserte registreringa som vart oppretta på kort tid kravde samarbeid og tilrettelegging for å få til ein god flyt i mottaksprosessen. Vi vil berømme kommunane som har vore positive, og har vist stor vilje til å ta i mot og busette flyktningane som kjem til landet.

I møter med oppvekstsektoren vart det gitt tilbod om rettleiing i høve regelverk for t.d. godkjenning av barnehagar, rettar som barn og unge har i barnehage og skule.

Det vart gjennomført samhandlingsmøter mellom kommuneoverlegar og lokalt helseforetak, der informasjonsformidling og avklaring av konkrete spørsmål knytt til helse- og omsorgstenester til fordrevne frå Ukraina var aktuelle tema.

### 3.1.4 Statsforvalteren skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

#### 3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Møre og Romsdal følger stort sett landsnittet kva gjeld utdanningsgrad i barnehagane. Om lag 42% av dei tilsette har barnehagelærarutdanning, om lag 20% er fagarbeidarar og om lag 26% har anna bakgrunn. Det er imidlertid nokre av kommunane som har svært låg del barnehagelærarar. Dei aller fleste kommunane har barnehagar med dispensasjonar frå utdanningskravet. Det er behov for fleire barnehagelærarar i fylket og vi er kjent med at det fleire stader er krevjande å rekruttere fagfolk.

Foreldreundersøkingar viser, som elles i landet, at det er svært høg tilfredsheit med barnehagane. Når det gjeld tilfredsheit med tilbodet gir foreldra ein skår på 4,5 av 5. På spørsmål om barnets utvikling får barnehagane i fylket ein skår på 4,8 av 5.

Del av tilsette i grunnskolane i Møre og Romsdal som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetting har gått ned dei to siste åra og er no på 3,6%. Det er stor variasjon mellom ulike eigarar. 3 av 26 kommunar rapporterer 0 i kolonnen «undervisningspersonale som ikkje oppfyller kompetansekrav for tilsetting».

Statistikken frå nasjonale prøver viser at Møre og Romsdal er på landsnitt eller litt under på alle trinn i alle fag. I elevundersøkinga har fylket om lag landsnitt for alle indikatorar både på 7. og 10. trinn. Mobbetala i Møre og Romsdal er stort sett lavere enn landsgjennomsnittet både på 7. og 10. trinn.

Som tidlegare skrive i rapporten har vi med ytterlegare to kommunar i oppfølgingsordninga.

Det er høg deltaking i dei ulike kompetanseordningane; regional ordning, desentralisert ordning og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Dette er viktige tiltak for å styrke den kollektive kompetansen i barnehage og grunnopplæring.

#### Kompetansebehov i lys av Kompetanseløftet (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner vurderer sine kompetansebehov i lys av målsettingene i Kompetanseløftet

Møre og Romsdal har fem samarbeidsforum for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Kommunane og fylkeskommunen har gjennomført relativt omfattande kartleggingar som grunnlag for å vurdere behov i lys av målsettingane for Kompetanseløftet. I fleire regionar har KOSIP-undersøkinga vore nytta. Det er noko variasjon i kor langt dei fem samarbeidsfora har kome i analyse av resultatane. Vi ser at det kan vere ei svært stor mengde data som skal bearbeidast og vi erfarer at det kan vere ein krevjande jobb å lande rett tiltak.

Gjennom vår rolle i samarbeidsfora understrekar vi betydninga av at tiltaka er lokalt forankra og at tiltaka må bygge på dei kompetansebehova kartleggingane har avdekt.

**Tiltak i tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.4.1.1.2 i TB)****Rapportere på**

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten er inkludert

Vi har bidratt til at det er gjennomgåande stor merksemd på laget rundt barnet - både gjennom barnevernreforma, velferdstenestelovgivninga, BTI/BTS, barnas helsetenester og Kompetanseløftet.

Statsforvaltaren bidrar med å ta dette opp som tema i ulike møte og samlingar. Vi møter på fylkessamlingar med PPT og er i dialog med dei om på kva måte dei både av eige initiativ og gjennom vår aktivitet kan bli meir involverte i dette arbeidet.

Statped og PP-tenesta er viktige aktørar i arbeidet med Kompetanseløftet og dei er representerte i alle samarbeidsfora. Det er viktig at dei nyttar den representasjonen. I kva grad dei er deltakande aktørar i arbeidet med Kompetanseløftet varierer frå region til region. Årsaken til det er nok samansett. I møte med PP-leiarane får vi tilbakemelding på at dei har eit stort ønske om både meir informasjon og ei meir aktiv rolle. Dei gir òg uttrykk for ein svært hektisk kvardag, og at det er krevjande å finne tid og rom til meir. Vi tar med oss innspela deira og vil arbeide for tettare dialog mellom anna i samarbeidsfora for å sikre at PP-tenesta blir godt inkludert i alle regionar.

**System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har bedret sine systemer og økt sin kompetanse til å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Møre og Romsdal har to kommunar med i oppfølgingsordninga i 2022-uttrekket. Vi har valt at begge rettleiarane samarbeider i begge kommunane slik at dei kan spele på kvarandre og for å kunne gje ei meir spesifikk og målretta rettleiing. Det har frå Statsforvaltaren og rettleiarane vore tydeleg kommunisert at rettleiarane skal gi prosessstøtte til kommunen i deira arbeid med å utvikle eit utfordringsbilete.

Hovudfokusert i rettleiinga har så langt vore å bidra til samskaping og forankring av det arbeidet som kommunane er i, hjelp til kartlegging, analyse og vurdering av sine kompetansebehov. Med bakgrunn i dette kan dei skape eit framtidsbilde og modellere eigne system og rutinar, både på einingsnivå, men og på kommunalt nivå. Med bakgrunn i dette vil kommunen kome fram til tiltak, basert på deira behov, som skal gjennomførast i gjennomføringsfasen dei neste to skoleåra.

Både rettleiarane og statsforvaltaren har heile tida oppfordra til at oppfølgingsordninga må sjåast i samanheng med andre kompetanseutviklingstiltak som kommunen deltek i. Det har vore formidla at denne ordninga ikkje kjem som eit tillegg til det dei allereie deltek i.

Vår vurdering er at arbeidet har bidratt til å hjelpe kommunane i arbeidet med å både bygge system og å legge tilrette for å kunne gjennomføre relevante og gode kvalitetsutviklingsprosessar.

**Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)****Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Møre og Romsdal har kun kommunar med i oppfølgingsordninga frå 2022 uttrekket. I arbeidet med forfasen har vi valt å samarbeide tett med rettleiarane og kommunane slik at vi kan få eit betre bilete over utfordringane kommunane har. Då kan vi sikre framdrift og kontinuitet i arbeidet med å finne konkrete

tiltak for gjennomføringsfasen.

Kommunane er no komet halvvegs i forfasen og arbeider med å innhente data for sin situasjon, både på kommunalt nivå, men og ute på kvar eining. Det vert arbeidd med å skape ei felles forståing av kva for moglegheiter oppfølginga kan gje for kommunane og at det overordna målet er hjelpe kommunane til å byggje kapasitet til eigen kompetanseutvikling i framtida.

Eit viktig moment frå vår side er at kommunane står i prosessen med å innhente og analysere data lenge nok, og ikkje går for tiltak for tidleg. Eit viktig bidrag i denne samanhengen vil vere å hjelpe kommunane med prioritering av tiltak og kva ein bør vektlegge først. Vi er tydeleg på at arbeidet i oppfølgingsordninga ikkje skal komet som tillegg til kompetanseutviklingstiltak som kommunane allereie deltek i, men at dei ser tiltak i oppfølgingsordninga i samanheng med det dei allereie gjer.

I løpet av våren 2023 vil kommunane og rettleiarane/Statsforvaltaren utarbeide tiltak med bakgrunn i analyse av data som er innhenta i forfasen. Dette vil synleggjerast i ein søknad med prosjektplan for gjennomføringsfasen i løpet av våren 2023. Kommunane vil sende inn søknad for støtte til tiltak til gjennomføringsfasen i løpet av våren 2023.

### 3.1.5 Gjennomførte evalueringer

#### Ekstern evaluering

DFØ rapporten om statsforvalterstrukturen "færre og bedre" var ei god tilbakemelding på korleis ny struktur fungerer. Kommunane i Møre og Romsdal gav god tilbakemelding på samarbeid og dialog med Statsforvaltaren.

#### Intern evaluering

Hausten 2022 satte vi i gang ei intern evaluering av organisasjonsstrukturen med involvering av alle tilsette.

Vi har hatt same organisasjonsstruktur i 10 år, og stiller spørsmålet om denne strukturen er den rette for dei neste 10 åra, gitt alle nye utfordringar i samfunnet rundt oss og i endringar i oppdrag.

Dette arbeidet vil bli ferdigstilt i løpet av første kvartal 2023.

Ut over det har ikkje Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomført egne evalueringar av større omfang.

## 3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

### 3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

### 3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

67% av rettighetsklagene våre vart realitetshandsama innan 3 mnd. Resultatmålet var 90%

### 3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Institusjonstilsyn: Eit av 29 tilsyn ikkje gjennomført på grunn av manglande kapasitet. Vi gjennomførte tre av fire tilsyn ved institusjonen.

Landsomfattande tilsyn: Vi gjennomførte eit tilsyn hausten 2022, kravet var to tilsyn.

Vi gjennomførte ikkje tilsyn ved senter for foreldre og barn. Forskrifta seier at vi skal føre tilsyn kvart anna år. (Vi har ikkje ført tilsyn sidan 2018.) Årsaka er manglande kapasitet, og prioritering på bakgrunn av vår risikovurdering, samt at senteret fekk nye oppgaver og målgrupper for opphald i 2022.

Vi vurderte det som hensiktsmessig og rett prioritering å utsette tilsynet til 2023.

### 3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse og sosialavdelinga har hatt aukande restansar på fleire områder dei siste åra, mellom anna grunna covid og restanseprosjekt. For å få prioritert våre lovpålagde oppgaver i tråd med prioriteringsrettleiing i styringsdokumenta, nedprioriterte vi landsomfattande tilsyn i 2022 og nådde difor ikkje målkrava når det gjeld tilsyn.

Vi har og sett oss nøydd til å nedprioritere noko på utviklingsoppgaver.

Når det gjeld Kap 9 området har vi jobba godt med det men ligg litt under målkravet, med resultat på 83%.

Elles ingen vesentlege avvik.

### 3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet



Vi har ikkje nådd måla om saksbehandlingstid på klager og saker om opprett verjemål i 2022. Dette skuldast bemanningssituasjonen på verjemål.

Hovudinstruksen punkt 5.3.4.5 krev av vi skal kontrollere at verjene leverer komplett rekneskap. Dette er ei oppgåve som vi som følgje av bemanningssituasjonen og den økonomiske situasjonen på verjemålsområdet har sett oss nøydte til å prioritere ned.

### 3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Vi har opp til 6 månaders saksbehandlingstid på søknader om utsleppsløyve for akvakultur.

Vi har ikkje klart å ha tilfredsstillande tilsynsfrekvens med dei verksemdene vi er myndigheit for. Det gjer at det er eit uheldig rom for at verksemdar kan produsere med konkurransevridande avvik over uakseptabelt lang tid.

Skipsverfta som vi har pålagt å kartlegge forureina sjøbotn og utarbeide tiltaksplanar for handtering av dei forureina områda mangler vilje til framdrift i tråd med våre pålegg.

### 3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Vi har i 2022 ikkje nådd måla om saksbehandlingstid som er satt for klager på vedtak i byggesaker og på reguleringsplanar. Vi har heller ikkje nådd måla på saker om utsatt iverksetting og klage på vedtak om oreigning. Avvika er vesentlege og skuldast bemannings-situasjonen. Fleire saksbehandlarar har slutta og vi har hatt uvanleg store utfordringar med å rekruttere nye medarbeidarar.

### 3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Vi har ikkje gjennomført tilsyn med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar for lærebedrifter. Grunnen til avviket er prioritering på bakgrunn av kapasitetsutfordringar.

### 3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

## 3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

### Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for:

- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å styrke forankringen av kvalifiseringsprogrammet på ledernivå i NAV- kontoret og i kommunen.
- Hvilke tiltak statsforvalteren har iverksatt for å øke kompetansen på kvalifiseringsprogrammet i NAV-kontorene, herunder hvordan det sikres kompetanse om at kvalifiseringsprogrammet er en lovbestemt rettighet for de brukerne som fyller vilkårene.
- Hvordan statsforvalteren har fulgt opp NAV-kontor med særskilte utfordringer i gjennomføringen av kvalifiseringsprogrammet.
- Hva som er de største utfordringene i kommunenes arbeid med kvalifiseringsprogrammet.

KVP er tema på NAV-leiarmøter og på siste møte vart Kompetanse-kassa presentert av direktoratet. Alle NAV-leiarane er og invitert når vi har aktivitetar på KVP.

Vi har spelt inn opplæring i regelverket og det ligg tilgjengeleg digitalt på vår heimeside.

Vi har hatt frikjøpte kompetanseretleiarar som har samarbeidd med Statsforvaltaren og NAV fylkeskontor om å arrangere fysisk fagdag i mars, dei kom med innspel til tema i nettverket og bidrog og til gjennomføring av våre nettverksmøter i TEAMS

Vi har ei TEAMS gruppe der vi legg ut nytt, svarar ut spørsmål og drøftar problemstillingar. Vi gir råd og rettleiing på telefon og e-post. At KVP er ein rett for dei som fyller vilkåra blir heile tida sagt.

- I 2022 har vi ikkje av eige initiativ fulgt opp kontor med særskilte utfordringer. Vi har heller sørga for å gi tilbod til alle ( sjå over) og har vore tilgjengelege ved behov.
- Vi har spurt NAV kontora om kva som er dei største utfordringane i arbeidet med KVP og 9 av 18 kontor svara på spørsmåla: Svara er ulike og gjeld ikkje alle. To kontor svarer at det er ei utfordring å vedlikehalde kompetansen, eit at dei ikkje har nok ressursar på kontoret. Andre at dei ikkje har personar med rett til KVP på kontoret, på grunn av lav arbeidsløyse og få som treng sosialhjelp. Eit kontor seier sjølv at dei ikkje har eit godt nok felles system for arbeidet, dei opplever og at det er byråkratisk og at både kommunalt og statleg datasystem gjer det vanskeleg å ha oversikta. Det blir og svart at det er ei utfordring å fyller programtida, særleg for dei under 30 år. Andre at det er vanskeleg å få brukarane til å delta 37,5 t mellom anna på grunn av omsorgsoppgåver. Språkvanskar kan være ei utfordring.

I tillegg vil vi legge til at vårt inntrykk er at det framleis er slik at NAV kontora vel AAP og praksisplass heller enn KVP fordi dette er mindre ressurskrevjande.

#### Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal beskrive utøvelsen av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år i fylket; herunder hva slags aktivitet det stilles vilkår om, og vurdere hvorvidt aktivitetene er hensiktsmessige for å øke overgang til arbeid og utdanning.

Dei fleste kontora i fylket nyttar aktivitetsplikten, men ikkje alle har kandidater som er i målgruppa, som mottar økonomisk sosialhjelp over tid. Tiltak kommunane nyttar er mellom anna å vere registrert som arbeidssøkar, tiltak gjennom NAV - enten kurs eller arbeidstrening, norskopplæring, aktiv jobbsøking, oppfølgingssamtalar. Nokre kommunar har eigne tiltak og ein kommune viser til miljøarbeider/los og samarbeid med vidaregåande skole for oppfølging av dei yngste brukarane av NAV. Kontora formidlar at nye tiltak blir vurdert etter ei individuell kartlegging, som er i tråd med lov om sosial tenester sitt formål.

#### Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for kompetansehevende tiltak innanfor økonomisk rådgivning som er gjennomført overfor kommunene og sitt øvrige arbeid med økonomisk rådgivning.

Tre gjeldsrådgivarar frå dei tre bykontora er frikjøpt for å bidra med kompetanse og oppfølging av NAVkontora i fylket på området økonomisk rådgivning. Dei driv kvart sitt regionale nettverk med månedlege møter. Det er og etablert eit fylkesnettverk som samlast fire gangar i året.

#### Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal beskrive hvilke kompetansehevende tiltak de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i NAV-kontoret, og redegjøre for hvordan statsforvalteren har tilrettelagt for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i NAV.

I all opplæring har vi særskilt fokus på å sikre levekår for barn og unge. Det samme gjeld klagesaker. Ungdom med foreldre som nyttar NAV sine tenester er ofte ei utsett gruppe. Ved tildeling av tilskot til utvikling av sosiale tenester i NAV er vi særleg merksame på søknadane som har ungdom og familiar som målgruppe. På første NAV-leiarmøte i 2022 var barnevernreformen, radikaliserings og ungdom si medverknad eige tema. Barn og unge vil og bli tema på første NAV-leiarmøte i 2023. Erfaringar frå prosjekt knytt til oppfølging av barnefamiliar og ungdom i faresonen vert delt på møtene.

#### Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for sin oppfatning av hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene, og hvordan det jobbes med å sikre tilgang til sosiale tjenester for brukere som har vansker med å benytte digitale løsninger.

NAV-kontora melder at dei er nøgd med digitalisering gjennom DIGISOS. Det gjer tilgjengelegheit til å søke enklare for dei som er digitale og dei fleste søknadar om økonomisk sosialhjelp kjem no gjennom DIGISOS. Samstundes peiker dei på at det er ei gruppe som ikkje har moglegheit til å nytte dette verkøyet. For dei er det ei utfordring at søknadar skal leverast digitalt. Det gjer tilgjengelegheiten dårlegare, fordi dei er avhengig av ein avtale eller bistand frå andre tenester for å kunne søke. Rettleiing, tett oppfølging og lett tilgang på tiemavtaler er nokre av tiltak NAV-kontora nemner for å gjere tenesten tilgjengelege for dei som ikkje kan nytte DIGISOS.

#### I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

##### Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2022 hadde vi 7 klagesaker i samanheng med introduksjonsordninga.

- Fire saker gjaldt deltaking i program
- To saker gjaldt permanent stans i programmet
- Ein klage gjaldt forlenging av introduksjonsprogram

Statsforvalteren stadfesta kommunen sine vedtak i alle 7 klagesakane

#### **På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)**

##### **Rapportere på**

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I 2022 hadde vi ingen klager på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere.

#### **Statsforvalteren skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

Det er arrangert 3 seremoniar. Totalt utsendte invitasjonar: 1548. 306 nye statsborgarar deltok i seremoniane totalt.

#### **Statsforvalteren skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal også rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven.

Antal deltakarar i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere var 1268 deltakarar i 1. halvår 2022 og 1798 deltakarar i 2. halvår 2022.

Kommunane som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova/integreringslova brukte i 1. halvår 93,25 årsverk på denne form for opplæring og 117,1 årsverk i 2. halvår.

Meir detaljerte opplysningar er og rapportert inn til Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse.

#### **Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.1.7.5 i TB)**

##### **Rapportere på**

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Statsforvalteren skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Statsforvalteren, kommunar og helseføretaket etablerte under pandemien gode rutinar for gjensidig informasjonsutveksling og samarbeid om aktuelle og forventa problemstillingar. Organisasjons- og samarbeidsstrukturar kunne difor raskt reetablerast og tilpassast utfordringar knytt til forventa auke i migrasjon som følge av angrepet på Ukraina.

I samhandling med sentrale myndigheiter opplevde vi imidlertid at det tok tid før samhandlinga med Statsforvalterne var like godt organisert som ved handtering av pandemien i 2020-2021.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har jamleg kontakt med både flyktningteneste og vaksenopplæringa i kommunane gjennom rettleiing, klagesaksbehandling og tilsyn. I vaksenopplæringa har vi jamleg kontakt med arbeidsutvalet for kommunal vaksenopplæring i Møre og Romsdal og vi informerer om regelverket og drøftar den praktiske gjennomføring av dette. Vi har prioritert informasjon om kapittel 6A i integreringslova.

#### **Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**

##### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven og gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har besøkt 2 av våre 3 krisesenter i 2022. Under besøket har vi fått orientering om drift og tilgjengelegheit ved kontora. Besøk ved det siste krisesenteret er utsett til 2023. Ny statsforvaltar har vært med på dei aktuelle besøka. Etter vår vurdering er fylke sitt behov for tilgjengelegheit dekt ved tre krisesenter i vårt fylke. Det er framleis stor forskjell kommunane i mellom på tilbodet for dei som ber om mellombels bustad. På Nordmøre er det planar om nybygg, men Statsforvaltaren har peika på at tilbodet må være i tråd med krav i krisesenterlova også i tida fram til nytt bygg er på plass. Dette gjeld sjølv sagt også for tilbodet til menn som ber om hjelp. Under besøket på Nordmøre vart det avdekt at det mellombelse botilbodet for menn/menn med barn ikkje er bemanna. På Sunnmøre er det planar om å endra lokalitetane for krisesenteret for menn og vi vil under vårt planlagde besøk i 2023 innhente meir informasjon om desse endringane. Krisesenteret for Molde og omegn har likeverdig tilbod til menn og kvinner.

Besøk på krisesenter med orientering om drift gir oss god innsikt i om krisesentera i vårt fylke har eit tilbod til våre innbyggjarar som oppfyller krav i lov om krisesenter, med tilhøyrande forskrift. Under våre besøk har vi også hatt fokus både på krisesentera sin samhandling med heimkommunane når det gjeld oppfølging i reetableringsfasen, samt samarbeid knytt til kommunane sitt arbeid med handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Statsforvaltaren følger også opp kommunane sitt arbeid med slike handlingsplanar der vi i tilsynsarbeid har avdekt at dei ennå ikkje har slike planar på plass, men dei gjenstående kommunane i fylket har no laga planer som forventes godkjent i kommunene i løpet av kort tid.

Vi har gjennomført eigevurderingstilsyn i fleire kommunar dei siste åra og har også i 2022 brukt tid på oppfølging av dei. I 2022 har vi også delt våre erfaringar med eigevurderingstilsyn med andre embete og vi vil også i 2023 vurdere å gjennomføre nokre slike tilsyn. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i dialogmøte med Barne og familiedepartementet gitt innspel til deira revisjonsarbeid knytt til krisesenterlova. I møtet har vi mellom anna bedt om at det blir vurdert om det framleis er behov for å ha åtskilt tilbod til menn og kvinner og om det ikkje bør vurderast å innføre journalføringsplikt slik sentra sjølv tidlegare har meldt behov for.

#### Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	26
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	2
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2021	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2021	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2022	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2022	3

#### Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova. Rapporteringen skal for hver sakstype omfatte antall fattede vedtak fordelt på henholdsvis innvilgelser, avslag og avvisinger. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes statsforvalteren rapportere på om sakene gjelder bokstav a), b) eller c). Når det gjelder separasjons- og skilsmisssøknader, skal statsforvalteren rapportere på andelen søknader som er mottatt digitalt.

Talet på saker vi har til handsaming etter ekteskapslova er noko lunde stabilt, men med ein svak oppgang for 2022. Talet på søknader som vert sendt inn elektronisk aukar framleis. Sjølv om ein ikkje har nøyaktige tal, anslår ein at talet på elektroniske søknader no er oppe i 90 % . Totalt er det i 2022 gitt 415 separasjonsløyve og 383 skilsmissseløyve, til saman er det gjeve 818 løyve.

I 2022 har vi handsama 41 saker etter anerkjennelseslova.

**Ekteskapsaker**

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	424	415	0	9	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	391	383	8	0	90 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	28	20	8	0	90 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivf familiemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	12	9	3	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	42	41	1	0	0 %
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	0				
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

**Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

I 2022 har ikke Statsforvalteren i Møre og Romsdal fatta vedtak etter barnelova.

**Saker etter barneloven**

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

**Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område. Dette kan for eksempel være hvilke sakstyper som henvendelsene gjelder, hvilke problemstillinger og utfordringer som ofte tas opp og går igjen, samt utviklingstrekk. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter statsforvalteren og bakgrunnen for at det tas kontakt.

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har svart på spørsmål etter kvart som dei er kome inn når det gjeld mekling, reisekostnader samt foreldreansvar. Dei fleste spørsmåla gjeld reisekostnader. Det er få skriftlege spørsmål på dette området. Det er som regel foreldra sjølv som tek kontakt pr. telefon. I tillegg får vi nokre spørsmål frå andre verksemder, slik som kommune og skatteetat. Vi har i år også sendt over ei klagesak til BUF-etat kor dei var riktig instans på ei klage knytt til påstand om meklar som tok parti med den eine parten.

**Tilsyn med familievernkontorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

I 2022 har vi ikkje sett eller motteke noko informasjon som har vist så stor risiko at vi skulle hatt tilsyn med familievernkontora i vårt fylke i år.

Vi planlegg tilsyn i 2023 då er det 3 år sidan sist tilsyn.

**Tilsyn med familievernkontorene**

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2022	Antall gjennomførte tilsyn i 2021	Antall gjennomførte tilsyn i 2020
3	0	0	3

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har svart på spørsmål etterkvart som dei er kome inn når det gjeld mekling, reisekostnader samt foreldreansvar. Vi har sendt over ei klagesak til BUF-etat kor dei var riktig instans på ei klage knytt til meklar. Vi har i 2022 ikkje motteke informasjon som skulle tilseie behov for tilsyn med familievernkontora i vårt fylke i år. Vi planlegg tilsyn i 2023 då det er 3 år sia sist tilsyn.

**Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Buudir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i statsforvalterens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

25 av fylket sine 26 kommunar er frå 1.1.23 med i ein av dei to interkommunale barnevernsvaktene i fylket. Den nordlegaste kommunen Sunndal, samarbeider med Trøndelag barnevernsvakt. Dei to største kommunane i fylket er vertskommune for kvar sin vaktberedskap. Barnevernsvaktene har etablert eit tett og systematisk samarbeid med politi og andre tenester og er tilgjengeleg alle dagar utanom barneverntenesta si ordinære opningstid. Vi har ikkje behandla tilsynssaker som gjeld barneverntenesta si handtering av akutte hendingar i 2022. Statsforvalteren si vurdering er at akuttberedskapen i kommunalt barnevern i fylket er forsvarleg ivarettatt både av den ordinære tenesta og av barnevernvakta.

Vår risikovurdering tek utgangspunkt i rapporteringar og kartleggingar samt kunnskap vi får gjennom klagar, tilsyn, dialog med barnevernstenestene og tilstandsrapportar til kommunestyra.

Ei felles utfordring for dei fleste kommunane er høg turnover og mange har også høgt sjukefråvær. Dette gjer at mykje kapasitet går med til rekruttering og opplæring av nyttilsette og erfarne tilsette får høgare arbeidsbelastning og ansvar.

Statsforvalteren gjennomførte 3-dagarskurs for nyttilsette også i 2022. Sentrale tema er rolleforståing, grunnleggande barnevernfagleg arbeid og barnevernssjuss. Kommunane har også sett i verk mange tiltak for å sikre stabilitet i tenesta, t.d. eigne opplæringsprogram, systematisk rettleiing og tilrettelegging for at tilsette tek vidareutdanning. Alle kommunane har vore med i prosjekt i læringsnettverk om ivaretaking av tilsette i barnevernet. Desse tiltaka har så langt ikkje snudd trenden når det gjeld turnover, medan det er meir varierende når det gjeld sjukefråvær. Ingen barneverntenester har fått ny leiar i 2022, og det er stabilitet i dei tre regionale leiarforuma i fylket. Statsforvalteren møter leiarane saman med fag- og teamleiarar fleire gonger årlig. Vår vurdering er at stabiliteten på leiarnivå bidrar til ein kultur for deling, endring og utvikling av tenestene som vi kan bygge vidare på i vår dialog og oppfølging av leiarnivået også i 2023.

Omstillinga i kommunane mot tidlegare oppdaging og innsats overfor utsette barn og unge er godt i gang i mange kommunar slik vi ser det. Dette gjeld både planarbeid og i konkret samhandling. Kommunane viser ei felles erkjenning og vilje på dette området. Ingen av kommunane vart ferdige med plan for å førebygge omsorgssvikt og atferdsproblem innan 2022. Mange opplyser at dei har sett ned tverrfaglege grupper som skal utforme planen og nokre kommunar vil lage ei interkommunal plan fordi dei sentrale tenestene er interkommunale. Ein rettleiar på området er etterspurt, og kunne bidratt til større framdrift i arbeidet. Temaet er nærare omtalt i pkt. 3.1.2.1.i rapporten.

Nedgangen i talet barn som får tiltak frå barnevernet held fram i 2022, og i nokre kommunar var nedgangen markant. Dei barna som har barnevernstiltak ser ut til å ha til dels omfattande og samansette behov. Ut frå rapportar frå tenestene, funn i tilsynssaker og anna informasjon vi har, finn vi grunn til uro for om barna som har dei mest omfattande og samansette behova i nokre tilfelle ikkje får den hjelpa dei treng. Det kan også vere grunn til å spørre om intensjonen i barnevernreforma om tidleg og tverrfagleg innsats kan ha ført til at barnevernet avgrensar seg til sine "kjerneoppgåver" og ventar at andre instansar skal fange opp og tilby hjelp tidleg. Dette er eit område vi meiner bør følgast opp framover slik at ikkje dei ulike instansane avgrensar sitt ansvarsområde i staden for å arbeide for "sømlause" tiltak for dei som treng det mest.

Kommunane oppfyller stort sett lovkrava knytt til fristar i undersøkingsarbeidet, og stadig fleire oppfyller krava som gjeld talet på oppfølgingsbesøk og tilsyn med barn i fosterheimar. Fleire kommunar har for dårleg måloppnåing på evaluering av hjelpetiltak. Dette kan gi risiko for m.a. at barn blir lenger i eit tiltak enn dei treng eller at tiltaka ikkje blir justert eller endra ut frå evaluering av kva som fører til ønska endring.

Funn i tilsyns- og klagesaker viser fortsatt behov for å auke kompetansen i saksbehandlinga i analyse, vurdering, beslutning og dokumentasjon av arbeidet. Statsforvalteren har lagt vekt på å følgje opp tenester der vi har funne lovbrøt på desse områda i ulike tilsyn. Vi har m.a. gitt råd og rettleiing, deltatt på fagdagar, gjennomført etterkontrollar og lagt til rette for at kommunane sjølv kan kontrollere eige arbeid. Dette er ressurskrevjande arbeid, men har blitt prioritert da vi vurderer det til at innsatsen vår bidrar til betra praksis.

Også i 2022 har fleire kommunar påpeika utfordringar med å få bistand frå Bufetat til å finne fosterheimar og andre tiltak. Mot slutten av 2022 meldte fleire kommunar om utfordringar med å få tildelt plass på institusjonar som tilbyr akuttatferdplass. Det er uklart om dette er tidsavgrensa eller ei meir varig problemstilling, men svært krevjande for dei barna det gjeld og for alle involverte.

**Separasjon og skilsmisse (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)****Rapportere på**

Separasjon og skilsmisse

Statsforvalteren skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsmisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslåtte statsforvalterne. Statsforvalterne skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

Bruk av ressursar til sakshandsaming og rettleiing i saker etter ekteskapslova for fjerde kvartal 2022 utgjør 1,5 full stilling. Kvaliteten på

sakshandsaminga er god, og vi har svært få klagesaker. Statsforvalteren i Møre og Romsdal har i tillegg deltek både i prosjektgruppe og malgruppe i samband med innføring av nye sakbehandlarsystemet Disam. For fjerde kvartal 2022 er det nytta 25 timar til deltaking i møter. Totalt i 2022 er det gått med 127 timer til deltaking i prosjekt i samband med Disam. Systemet er nok ein gong forseinka, noko som gjer at ressursbruken blir høgare enn forventa. Pilotperioden var meint å vare frå 01.11.2022 til lansering 02.01.2023, men er so langt ikkje starta opp.

#### Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Statsforvalteren har i 2022 handsama 142 saker om løyve til spreing av oske. Dette er ei vesentleg auke frå tidlegare år. Av dei innkomne er 109 innvilga og 33 søknader avslått.

#### Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere antall saker i hver kategori og utfallet av dem.

I 2022 har vi motteke 5 søknader etter lov om helligdager og helligdagsfred. Fire av søknaden gjaldt dispensasjon frå lovas § 5. Tre søknader vart avslått og ein godkjent. I tillegg har vi avslått å stadfeste ei lokal forskrift om typisk turiststad.

#### Implementering av barnevernsreformen (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalter skal rapportere på om det er kommuner i fylket som ikke ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret.

Dette har vi ikkje konkret kunnskap og oversikt over.

Fleire tilsynssaker der barn har/treng tiltak frå fleire tenster, har vist at det er utfordringar når det gjeld kva for teneste som tar koordineringsansvaret. Dette kjem fram når ulike tenester kontaktar Statsforvalteren for å få hjelp til å avklare kven som har ansvar i saka. Ut frå slike erfaringar ser vi eit klar behov for å følge opp at dette ansvaret blir tatt i vare og avklara i kommunane.

#### Rapportering på Demensplan 2025 (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2025, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig, jf. [demenskartet.no](https://demenskartet.no)

Hjelpetekst:

Statsforvalterens vurdering bør om mulig være kvantitativ. Bekrivelsen kan med fordel omfatte hvilke tiltak Statsforvalteren har satt i verk for å skaffe seg oversikt på området, samt hva som er gjort for å bistå kommuner som særlig har behov for oppfølging.

Statsforvalteren skaffar seg oversikt på demensområdet gjennom både å vere høyringsinstans, og ved å gi innspell til ulike kommunale planar. Her viser vi mellom anna til Demensplan 2025 samt oppmoding om bruk av Demenskartet.no til planlegging av tenestetilbod i eigen kommune.

Vi har i tillegg utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse, ut i frå ulike statistikkar og vår kjennskap til kommunane. Vårt inntrykk er at kommunane arbeider godt på område. Dei har likevel eit forbetringspotensiale knytt til planlegging av kapasitet og kompetanse, for å møte framtidens utfordringar med auke i andel personar som har ei demensdiagnose.

Ut i frå vår kjennskap har vi satt i verk følgande tiltak på desse prioriterte områda:

#### Brukar - og pårørande

Kommunane legg opp til at alle skal bu heime lengst mogleg, og fleire avviklar derfor sjukeheimplassar. Utfordringar kan vere mangelfulle individuelle tilretteleggingar til personar med demens. I mange høve opplever pårørande eit auka press og manglande tilpassa avlastingstilbod. Individuell plan og koordinator er lite nytta for denne brukargruppa, og dei opplever liten grad av brukarmedverknad.

Pårørandestrategi, ulike pårørandetiltak og avlastingstilbod som til dømes "Inn på tunet" var tema på årets demenskonferanse. Nasjonalfaglig retningslinje

for demens og Demensplan 2025 har vi presentert på fleire ulike arenaer i møte med kommunane.

Vi ser at fleire kommunar har implementert palliativ plan og førehandsamtalar til denne brukargruppa. Gjennom vårt arbeid har vi bidratt til auka merksemd på dette samhandlingsverktøyet til både kommunane og helseforetak.

### **Retts kompetanse - organisering**

Demensomsorgs ABC har over tid hatt høg prioritet i Møre og Romsdal. Vi ser no ei lita auke i 2022, etter ein liten nedgang knytt til pandemi og samanslåtte kommunar. Det var tildelt tilskot for 323 personar for Demensomsorgs ABC i 2022. Vi tildelte tilskot til 18 personar for vidareutdanning demens på fagskulenivå, som er ein liten auke. På vidare- og mastergradsutdanning i demens tildelte ein tilskot til 10 personar, som gir ein liten nedgang.

Kompetanse og tilbod knytt til utfordrande adferd til personar som har demens, er noko vi har sett over tid må styrkast. Personsentrert omsorg, tillitsskapande tiltak og utfordrande adferd har hatt fokus i vårt arbeid i 2022.

I Demenskonferansen hadde vi med erfaringar i frå fagnettverk for demenskoordinatorar/team på Nordmøre og Romsdal. Dette skapte engasjement, og førte til etablering av tilsvarande fagnettverk på Sunnmøre. Alle kommunane i fylket vil dermed ha eit tilbod om deltaking i fagnettverk i sin region. Nettverka vil vere ein arena for læring og erfaringsdeling. Det vil bli ei fellessamling for desse nettverka i 2023, i samarbeid mellom USHT og statsforvaltaren.

Ei utfordring knytt til velferdsteknologi er at kommunane har komme ulikt i sin implementering, og per idag ikkje er ein integrert del av kommunane sitt tenestetilbod. Vi ser at kommunane har utfordringar med gjennomføring av risikovurdering, samt at tiltak ikkje vert evaluert og korrigert. Dette kan føre til at ein fortsett med tiltak som ikkje er verknadsfulle og gir ønska effekt. Eit tiltak her er læringsnettverk for kontinuerleg forbetring i regi av det regionale støtteapparatet for Leve hele livet ved USHT, der deltakarane får kompetanse i prosessarbeid.

### **Samhandling**

Arbeidet med Demensplan 2025 vert sett i samheng med Leve hele livet, og andre aktuelle nasjonale føringar. I 2023 vil det regionale støtteapparatet ha hovedfokus på samheng i tenestene. Det gjeld mellom anna personsentrert tilnærming, avlastning og pårørandestøtte samt overgangar mellom tenestetilboda.

Vi har eit svært godt samarbeid på området med USHT. Det var ønske om auka aktivitet knytt til Demensvenleg samfunn, som har hatt nedgang grunna pandemien. Ut i frå dette arrangerte USHT i samarbeid med oss ein erfaringskonferanse for dei 13 kommunane som har avtale om Demensvenleg samfunn ved Nasjonalforeninga for folkehelse i starten av 2023.

### **Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.2 i TB)**

#### **Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, inklusive allmennelegetjenestene, svangerskapsomsorgen og helsestasjon- og skolehelsetjenesten, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

### **Omsorgstenestene**

Kompetanse - og rekrutteringssituasjonen er utfordrande i kommunane. Det er derfor eit stort behov for vidare styrking av kompetansen. Frå ulike møter og kommunale planar er vi kjent med at det framleis er eit udekt behov for kompetanse, særleg for sjukepleiar og vernepleiar. Det er også viktig at kompetansesamansetninga står i høve til brukarbehovet og oppgåvane som skal løysast. Erfaringar frå mellom anna tilsyn, syner at mange av kommunane ikkje har oversikt over kva kompetanse dei treng ut i frå brukarbehova. Dette gjeld og kva kompetanse dei har i kommunen og korleis dei skal dekke gapet mellom kva dei har og det som er behovet.

SSB sin statistikk for Møre og Romsdal syner at andel stillingar med fagutdanning har auka frå 2020 til 2021 i bustadar for personar som har ei utviklingshemming. Det gjeld ikkje for aktivtør, ergoterapeut og sjukepleiar med spesialutdanning. Det er og auke i stillingane for personell utan helse og sosialfagleg utdanning og pleiemedarbeidarar.

Trass i dette ser vi at tenestene for personar som har ei utviklingshemming framleis har store utfordringar med å rekruttere faglært personell. Kommunane sjølve gir tilbakemelding på det, og Statsforvaltaren erfarer det gjennom tilsyn, klagesaker og i vedtak om tvang og dispensasjonssøknader om fritak frå kompetansekravet.

Rekrutteringsutfordringane har sammensette årsakar, som mangel på heiltidsstillingar, demografiutviklinga og manglande moglegheit for fagleg utvikling. I Møre og Romsdal er det framleis høg andel med deltidsstillingar, trass ein liten auke i heiltidsstillingar.

Vi har gjort ei risikoanalyse av kompetanseområdet:

Jordmor og helsefagarbeidar er på same nivå som i 2020. På vernepleiar har vi tal kun for 2021. Størst auke frå 2020 til 2021 er for sjukepleiarar utan vidareutdanning,

Vi ser ein høg andel helsepersonell som er 55 år og eldre, med ei auke frå 2020 til 2021. Faktorane høg andel 55 år og eldre og lav andel faglærde, gir kommunane i Møre og Romsdal store utfordringar no og i tida framover, sett i lys av dei demografiske framskrivingane for fylket.



Fleire av kommunane har sett fokus på heiltidskultur. Erfaringane har vist at organisering, kulturbygging og forankring må ligge til grunn for dette arbeidet. Dersom ein startar rett på turnusarbeidet, kan det føre til ei forventning om rask måloppnåing, både frå den administrative og politiske leiinga.

Noko av det viktigaste for å oppnå utvikling og innovasjon i tenestene, handlar om leiarkompetanse. Statsforvaltaren sitt leiarnettverk har bidratt mellom anna til erfaringsdeling på området. Sjå pkt. 3.1.1.5

Statsforvaltaren har etablert eit årleg møte med Høgskulane og NTNU om kompetansebehov, innhald i utdanningane, og behov for desentraliserte deltidsutdanningar. Behov blir også meldt i møte om kompetanseløftet og i nettverk for kommunalsjefar,

Det er mellom anna starta opp desentralisert studietilbod i sjukepleie og vernepleie gjennom Høgskulen i Molde, avd. Kristiansund. Etablering av desentralisert utdanning i vernepleie i Sunnmørs- regionen er under etablering. Dette er eit resultat av samarbeid mellom kommunane, utdanningsinstitusjonane, og statsforvaltaren. Det har vore tema i eigne møte mellom oss og NTNU/høgskulane og eit årleg møte der alle tre partane deltek. Det syner at samarbeid kan gi positive resultat, og moglegheit for fleire til å ta utdanning.

**Tannhelse** I det årlege møte med den offentlege tannhelsetenesta fekk vi informasjon om at det er få søkarar til tannlegestillingane i distrikta. Det er utlyst ni tannlegestillingar, men dei er framleis ubesette. I tillegg manglar ein tannpleiar og to tannhelsesekretærar. Fylkeskommunen i Møre og Romsdal har spela inn ein rekrutteringsfilm for området.

Vi tok opp behovet i møte med NTNU/ høgskulane, men det er ikkje grunnlag for å etablere utdanningsløp for tannpleiar eller tannlegar her i fylket.

### Allmennlegetjenestene

Hausten 2023 kjem dei første 20 medisinstudentane til Ålesund og Helse Møre og Romsdal, som ledd i eit desentralisert tilbod mellom NTNU Trondheim og Ålesund. Studentar som har gjennomført dei første to studieåra i Trondheim, kan fortsette dei neste tre åra ved helseføretaket og primærhelsetenestene i Møre og Romsdal.

Å utdanne legar i Ålesund vil kunne bidra til auka rekruttering av fagfolk med akademisk kompetanse lokalt. Legar som tidlegare søkte seg til Trondheim for å komme nær forsknings- og utdanningsmiljøa ved NTNU og St. Olavs kan no i større grad bli verande ved lokalsjuekhusa i fylket.

Statsforvaltaren følger med på fastlegekapasiteten i kommunane, inkludert lister utan fastlege. Gjennom 2022 var det ei jamn auke av lister utan fastlege i fylket. Tala er henta frå Helfo, samt ved direkte kontakt med kommunane.

Lister utan fastlege i fylket auka frå 21 – 34 i løpet av 2022. Ei spørjeundersøking til kommunane hausten 2022 viser at det faktisk var fleire lister utan fastlege enn det som offisielt kom fram i tala frå Helfo. Basert på svarea vi fekk var det 38,5 lister utan fastlege. Talet på kommunar med lister utan fastlege økte frå 12 til 16 av 26 kommunar i løpet av 2022. Dette gjeld både små kommunar og dei tre største bykommunane i fylket. Det har vore vanskeleg å skaffe vikarar i allmennlegetenesta. Det kan likevel sjå ut som vikarsituasjonen er stabil, då det ikkje har vore auke av lister utan vikar gjennom året. Det har heller ikkje vore ei auke av oppseiingar frå fastlegar i perioden mellom våren og hausten 2022.

Fastlegekapasiteten også gått ned. Hausten 2022 var det 8 kommunar som ikkje hadde ledige listeplassar i det heile, i tillegg var det andre forhold som i praksis ga lite eller ingen høve til å bytte fastlege for pasientane i 11 kommunar. Årsaker til dette var at det var ledige plassar berre på lister utan fastlege, ledige plassar på distriktkontor med svært lang reiseveg frå sentrum, eller svært få (under 10) ledige plassar.

Nokre kommunar har positive erfaringar knytt til rekruttering, og har ikkje hatt problem med ubesette fastlegeheimlar over tid, andre kommunar opplever å ha ein eller fleire ubesette heimlar over tid. I spørjeundersøkinga hausten 2022 bad vi kommunane om erfaringar med til ALIS- tilskot. Tre av kommunane svarte at dei ikkje har søkt om tilskot, mens 17 kommunar svarte at dei har søkt om ALIS- tilskot enten i høve utlysing av stillingar, eller at dei har inngått ALIS- avtale med allereie tilsette legar.

Kommunane som meldte inn utfordringar med rekruttering, rapporterte at det var problem med å få dekt legevakter, bruk av dyre vikarløysingar, og korte vikariat og lite kontinuitet, auka arbeidspress på andre deler av helsetenesta, utfordringar knytt til helsetenester for flyktningar, pågang frå nabokommunar med fastlegemangel. Dei attverande legane fekk auka ansvar for rettleiing av legar i spesialisering og LIS 1. Gjennomsnittleg størrelse på listelengde har gått ned i fylket, i tråd med resten av landet. Dette har gitt behov for å auke talet på heimlar. Enkelte kommunar har meldt dette inn som problematisk, då dei må rekruttere leger til lister utan fastlege først. Kommunane som har lukkast betre peiker mellom anna på årsaker som gunstige rekrutteringstiltak iverksett av kommunen, tilbod om fastløn eller at legekontora vert drifta av kommunen, oppretting av fleire heimlar for å avlaste dei andre legene, interkommunalt vaksamarbeid, godt samarbeidsklima mellom legane og kommunen, samt at nyttilsette legar har lokal tilknytning.

### Helsestasjon- og skulehelsetenesta og svangerskapsomsorgen

Svangerskapsomsorgen i fylket verkar å dekke behovet. Ikkje alle kommunar har eigen jordmor men dei kjøper då teneste frå anna kommune. Det at det er kome jordmorutdanning i Trondheim har nok bidrege til betre dekning i vårt fylke.

I 2020 var det 81 prosent av kommunane som hadde tilbod om helsestasjon for ungdom og i 2021 hadde det auka til 85 prosent.

Det er ein liten nedgang i avtalte årsverk for helsesjukepleiarar frå 2020 til 2021. For jordmødre er det ein auke. Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenestene per 10 000 innbyggjarar 0-20 år er talet helsesjukepleiarar på same nivået i 2021 som i 2020, medan det er ein auke for jordmødre. For aldersgruppa 0-5 år er det ein liten nedgang frå 2020 til 2021, men auke for jordmødre også her. Totalt for alle utdanningar er det ein auke i antall stillingar.

Andel nyfødte med heimebesøk av helsesjukepleiar har auka frå 89,4 prosent i 2020 til 91,7 i 2021.

#### Rapportering på habilitering og rehabilitering (fra kapittel 7.3.3.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen, herunder antall/andel kommuner med planer for sin habilitering og rehabiliteringsvirksomhet, samt hvordan kommuner informerer om habilitering og rehabiliteringstilbud til innbyggerne.

Vi har gjennomført ei kartlegging av kommunane på området habilitering og rehabilitering. Her går det fram at framleis er nokon få kommunar som ikkje har ein plan eller har ein plan under utarbeiding. Desse vil vi sjølvstøtt følge opp.

Kommunen skal sikre eit differensiert tilbud som inneheld funksjonstrening, tilrettelegging og læringstilbod som dekker behovet til kommunen sine innbyggjarar. Alle kommunane oppgir at dei har eit tilbud. Vår kartlegging viser her at 21 kommunar har eit døgnbasert tilbud i institusjon. Det er 18 kommunar som seier at dei har eit dagtilbod, og 22 kommunar viser til at dei har tilbud i brukar sin heim. 14 kommunar har eit tilbud integrert i barnehage, skule, dagtilbod og arbeid, og 13 kommunar har eit lærings- og meistringstilbod. Det er 15 kommunar som har tilbud om kvardagsrehabilitering, og 20 kommunar har midlertidig utlån av hjelpemiddel.

Av tilbud som kommunen manglar så er det fleire kommunar som nemner tilbud til unge personar som bur heime, og som har behov for bu-trening. Manglande tilbud for kvardagsrehabilitering er og nemnd av fleire.

Vi ser at mange kommunar svarar at dei ikkje har eit systematisk samarbeid med NAV for å sikre eit differensiert tilbud. Nokon svarar at samarbeid er ved behov og på førespurnad.

Vi har også kartlagt avlastningstilbod i kommunale barne- og avlastingsbustadar. Kartlegginga her viste at 22 kommunar har eit slikt tilbud.

Det er no fleire kommunar enn tidlegare som sikrar ein tverrfagleg kompetanse, men framleis er det kommunar som manglar breddekompetanse. Vi ser også at det framleis er kommunar som ikkje fyller kompetansekravet knytt til ergoterapeut og psykolog. Enkelte kommunar har behov for å arbeide meir systematisk for å auke den tverrfagleg kompetansen, for å betre ivareta personar som treng langvarige og koordinerte tenester. Dette vil vi ha stort fokus på i 2023.

Vi hadde i samarbeid med NAKU et webinar om rettleiaren *Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming*. Målgruppa her var kommunalt tilsette, brukarorganisasjonar og andre interesserte. Vi har fått tilbakemelding på at dette var nyttig. Vårt inntrykk er at fleire kommunar i fylket har implementert, eller er godt i gang med å implementere rettleiaren i tenestene. Vi er også i gang med eit meir systematisk samarbeid med USHT om kvalitetsutvikling og forbetningsarbeid i disse tenestene.

Statsforvalteren ser av henvendingar, samt i tilsyn og klager, at individuell plan og koordinator ikkje er tilstrekkeleg ivarettatt i enkelte kommunar. Dette har vi særskilt hatt fokus på i oppfølging av tilsyn, og i møte med kommunane og spesialisthelsetenesta.

Statsforvalteren deltar i nettverk for Koordinerande eining (KE) for kommunar og Helse Møre og Romsdal. Vi deltar og saman med statsforvalteren i Trøndelag i Regionalt nettverk for koordinerande eining i Helse Midt (RKE). I tillegg har vi to møter per år med habiliteringstenestene i Helse Møre og Romsdal HF, og vi deltar i Regionalt nettverk for helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Vi ser at desse nettverka er viktige arenaer for å kunne ha ei oversikt og stimulere til god samhandling. Det er og viktige arenaer for gjensidig informasjons- og erfaringsutveksling.

#### Tilsyn og vergeregnskapsskontroll (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på:

- Totalt antall kontrollerte vergeregnskap
- Totalt antall gjennomførte tilsyn med verger
- Totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag

Statsforvalteren skal gi en beskrivelse av hva tilsyn har avdekket og redegjøre for hovedårsakene til at verger fratatt vergeoppdrag

Vi har gjennomført 81 tilsyn. 21 av desse etter sentralt uttrekk, 58 saker er det gjennomført tilsyn i på grunn av at vi har motteke klage eller bekymringsmelding på verje, ei sak som følge av verjens fungering og ei med bakgrunn i at verjen ikkje har teke vare på verjehavers økonomiske forhold.

Vi har 7 verjer som er fratatt oppdraget.

Hovudårsak til fratakning av verjeoppdrag er verjens fungering eller at verjen ikkje har ivareteke verjehavers økonomiske interesser.

**Tilsyn av verger**

Totalt antall kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall gjennomførte tilsyn med verger	Totalt antall verger som er fratatt vergeoppdrag
691	81	7

**Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal i årsrapportløsningen rapportere på antall inkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Statsforvalteren skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Statsforvalteren har motteke 707 inngående poster knytt til fri rettshjelp.

For fritt rettsråd er det registrert 341 nye saker som har medført vedtak fra Statsforvalteren. For fritt rettsråd er 11 saker avslått. 6 av disse grunna manglende oppfyling av økonomiske vilkår, 5 av andre grunner. Økonomisk dispensasjon er gjeve i 10 saker, i hovedsak gjeld dette trygde- og familiesaker.

For fri sakførsel har vi motteke 110 saker, der 104 av disse er krav frå Kontrollkomisjonen. Vi har gjort 6 vedtak om fri sakførsel for saker for retten. Av disse er 3 innvilga og 3 avslått. Avslaga er knytt til at vilkåra for sakleg dispensasjon ikkje har vore oppfylt.

**Kostnader**

I 2022 er totale advokatutgifter inkludert salær til Kontrollkomisjonen, utbetalt med kr 2. 857.903,-. Salær godkjent av Kontrollkomisjonen utgjør kr 640.094,- og tolkeutgifter kr. 31.063,-. Sakshandsamingstid

**Saksbehandlingstid og restanser**

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid hos oss er 4 veker. Restansesituasjonen ved årsskiftet er under kontroll med 5 saker til handsaming.

Tala syner at saker og utbetalingar gjekk litt opp i 2022. Det er venta ei auke i saksmengda i 2023 då bruttoinntektsgrensa for rett til fri rettshjelp aukast frå 01.01.23.

**Rettsjelp**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Inkomne søknader	341	335	6
Innvilgede søknader	327	324	3
Avslåtte søknader	14	11	3

**Rettsjelp restanser**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum
Restanser	5

**Forventet forbruk (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Statsforvalteren skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Det er venta at forbruket på kap.470.post 01 vil auke, da både bruttoinntektsgrensa og nettoformuesgrensa for rett til fri rettshjelp, er auka på nytt ved årsskiftet 2023.

**Rettsjelp forbruk**

Forbruk kap. 470.01	Forventet forbruk kap. 470.01 neste år
2 857 903	3 000 000

**Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)**

**Rapportere på****Samfunnssikkerhet i plan**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventninger til samfunnssikkerhet i planprosessen er formidlet til kommunene?
- Hvordan statsforvalteren har bistått kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?

I våre fråsegner til oppstart viser Statsforvalteren til DSB sin rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" og vi tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Vidare gjer vi merksam på «Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Vi viser til relevante rettleiarar og forventar at desse nyttast i arbeidet med ROS-analysen. Vi har det siste året vore spesielt opptatt av klimatilpassing og tryggleik rundt verksemdar med farleg stoff/eksplosivar. Vi ser kommunane er blitt flinke til å avklare og følge opp farar knytt til skred, kvikkleire, flaum, og stormflod.

Vi deltek i regionale planforum der vi tidleg i planprosessen kan støtte kommunane i deira planarbeid. Vi deltek i andre relevante møter og rettleiarar over både e-post og telefon ved behov. Mykje av rettleiinga føregår gjennom våre høyringsfråsegner til planar.

**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)****Rapportere på****Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva er status i fylket for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos de kommuner som har storulykkevirksomheter?
  - o Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivare tatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Hvilke tiltak gjør Statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter?

Vi har oversikt over kommunane som har storulykkeverksemdar, og sikrar gjennom plansakshandsaminga at naudsynte omsynssoner vert oppretta/vidareført i aktuelle arealplanar. Dette gjerast gjennom fråsegn til planoppstart og ved høyring av planar. Vi fremjar motsegner til planar dersom det er mangelfull dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik rundt storulykkeverksemdar. Temaet vert òg diskutert med relevante kommunar, t.d. ved tilsyn.

Vi fører ikkje liste over kva kommunar som har oppretta (ev. ikkje oppretta) omsynssoner kring storulykkeverksemdene i sine eksisterande arealplanar. Vi handtarar plansaker etter kvart som dei kjem inn, og kjem med våre krav/forventningar om bruk av omsynssoner når vi får plansaker som inkluderer storulykkeverksemdar. Ved systematisk handtering av plansaker over tid sikrar vi at omsynssoner rundt alle storulykkeverksemdar i fylket.

**Valg av virkemidler i oppfølging av kommunene (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)****Rapportere på****Valg av virkemidler i oppfølging av kommunene**

Statsforvalteren skal redegjøre for status på virkemiddelbruken overfor kommunene:

1. Hvilket kunnskapsgrunnlag er lagt til grunn for valg av virkemiddel tilpasset kommunens behov?
2. Når vurderes det at tilsyn er det mest effektive virkemiddel for oppfølging av kommunene på samfunnssikkerhetsområdet?
3. Er valg av kommuner for tilsyn gjort ut fra en risiko- og vesentlighetsvurdering, og ut fra hvilke kriterier?
4. Hvilke typer læringsaktiviteter har Statsforvalteren lagt til rette for i forbindelse med tilsynet?
5. Hvordan sikres involvering av kommuneledelsen i øvelser?

1: Det viktigaste kunnskapsgrunnlaget vi nyttar for å vurdere verkemiddelbruken er den informasjonen vi har fått gjennom tilsyn, øvingar, kommuneundersøkinga til DSB, handtering av krisehendingar og anna dialog vi har med kommunane. Under pandemien, og gjennom flyktningskrisa i 2022, har vi vore ekstra tett på kommunane. Dette har gjeve oss enda betre kunnskap om behovet til kommunane.

2: I 2022 har vi gjennomført tilsyn med bykommunane i fylket der to av desse var "nye" samanslåtte kommunar. Vi vurderte at tilsyn er eit effektivt verkemiddel for å verte kjent med beredskapen hos dei "nye" kommunane. Vidare er det eit effektivt verkemiddel når det er lenge sidan førre tilsyn, og vi ynskjer status på kommunen sitt beredskapsarbeid.

3. Vi har gjennomført 3 tilsyn i 2022, og valte dei tre største bykommunane. Tema for tilsyna var oppfølging av kommunal beredskapsplikt. Ut i frå ei risikovurdering har vi valt å prioritere tilsyn med samanslåtte kommunar. To av dei tre største bykommunane er "nye kommunar". Den tredje ble valgt siden det var lenge sidan førre tilsyn.

4. Statsforvalteren har knytt våre læringsaktivitetar retta mot kommunane ut frå funn i FylkesROS og i samband med øvingar, og i mindre grad knytt direkte til tilsyn. Vi tilbyr og tilrettelegger for kompetanseheving gjennom webinar i forkant av øvinga.

I samband med tilsyn har vi alltid formøte i god tid før tilsynet for å klargjere for kommunane kva vi ser etter i tilsynet, og kva dei bør ha fokus på for å støtte krava i forskrifta om kommunal beredskapsplikt. Gjennom open og god dialog er rettleiing og læring naturleg integrert i tilsynsprosessen.

5. Vi har gjennomført øving for alle kommunane våre i 2022, der 25 av 26 deltok. Øvinga var retta mot kommunen sin kriseleiing. Øvingsføremålet (øve kriseleiinga) sikrar at kriseleiinga deltek i øvinga.

#### FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

##### Rapportere på

##### FylkesROS

Statsforvalteren skal:

- Redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Arbeidet med FylkesROS vart i all hovudsak avslutta til sommaren 2022 og sendt på høyring 15.september. Sjølve analysen er på 98 sider, og har 3 vedlegg: *Metode og Rammeverk* (30 s.), *Objekt- og systemskildring* (66 s.) og *Kartlegging av heilskapleg kommunale ROS-analysar* (12 s.).

FylkesROS 2022 har seks scenario: kvikkleireskred, regnflaum, fjellskred, grunnstøying cruiseskip, radikalisering og valdeleg ekstremisme og tryggingpolitisk krise/krig.

Førre FylkesROS (2017) inneheldt ikkje scenarioanalysar. Det er derfor gjort eit solid arbeid med metode og rammeverk denne gongen, og lagt eit godt grunnlag for framtidige nye scenario.

Det er planlagt å oppdatere FylkesROS med eit par nye scenarioanalyser kvart år framover.

FylkesROS 2022 vart presentert for statsetat-møte, Fylkesberedskapsrådet, kommunale beredskapsmedarbeidarar og Fylkesutvalet. Heile eller delar av FylkesROS er også presentert i fleire andre samanhenger, konferansar osv.

Oppfølgingsplanen inneheld både generelle og scenariospesifikke tiltak. Det er planlagt å ferdigstille oppfølgingsplanen i løpet av februar 2023. Planen gjeld for fire år, med årleg revisjon.

Tryggingpolitisk krise/krig er eit av scenarioa i FylkesROS 2022. Scenarioanalysen ligg føre i to versjonar, gradert og ugradert. Begge versjonane er bygd opp likt og tek utgangspunkt i eit nasjonalt scenario, utarbeid av DSB. Gradert versjon er utarbeida i tett samarbeid med HV-11 og Politiet, og er tenkt å vere eit dynamisk dokument som kan oppdaterast i takt med mellom anna arbeidet med objektsikring.

#### Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

##### Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av statsforvalterne og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten.

Vi opplever at det å kunne prioritere deltaking i nasjonale tilsynsaksjonar samt organisere eigeninitierte tilsyn som lokale aksjonar, bidrar til auka kvalitet og likare praksis. I tilsynsaksjonar rekk vi å bruke meir tid for å kunne gå i dybde fagleg. Vi får opp fleire gode diskusjonar om tolking av regelverk for vurdering av funn med Miljødirektoratet og kollegaer i andre fylke.

Vi ser framleis eit potensiale i å redusere bredden i nasjonale aksjonar, slik at dette ikkje blir som umeldte "revisjonar", Vi ønsker mindre omfattande kontrollar på utvalde relevante tema. Dette vil kunne gjere oss i stand til å få gjennomført fleire tilsyn.

#### Gevinstrealiseringsplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på effekten av tiltakene som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Vi har mykje kontakt med kommunane i fylket. I miljøvernavdelinga mest gjennom aktuelle plansaker samt handsaming av saker innfor forureining og naturforvaltning. Saman med fylkeskommunene arrangerer vi også klima og plankonferansar årleg. Noko som har blitt fine møteplassar på tvers av sektorar og kommunar.

Digitale møter har blitt eit godt verktøy for rettleiing og kontakt med kommunane, noko som har gitt oss rom for fleire og kortare møte utan lang reiseveg.

Miljøvernavdelinga møter kommunane på en rekke arenaer; som regionalt planforum i regi av fylkeskommunen, vannområdegrupper, diverse regionråd, nyttårskonferanse og møter med kommuneleiinga.

**Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)**

**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer.

Kjempebjørnekjeks er nesten utrydda i fylket. For øvrige artar er effekten av tiltak meir å rekne som brannslukking med avgrensa effekt samla sett på lang sikt.

**Fremmede organismer**

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av overordnede kriterier	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum brukt
Kartlegging framande plater Sunnmøre	Grunnlag for tiltak og risikovurdering	Rynkerose, kjempespringfrø	Kartlegging	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	48 620
Uttak hemlokk	Fjerne framande artar	Vestamerikansk hemlock	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	68 600
Fjerne kjempespringfrø (heile fylket)	Fjerne framande artar	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Greier å rydde ut nokre stader, men i hovudsak vert dette å hindre spreii n g ved å slå ned førekomstane .	533 000
Fjerne rynkerose	Fjerne framande artar	Rynkerose	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	406 000
Uttak kjempebjørnekjeks Molde, Hustadvika og Averøy	Fjerne framande artar	Kjempebjørnekjeks	Bekjempelse	God effekt, men krev kontroll og ny etterbehandling	16 200
					1 072 420

**Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**

**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak for å ta vare på truede arter og naturtyper

Eit hovudsatsingsområde for SFMR er kartlegging og skjøtselsplanlegging av trua naturtypar og artar. Dette gir eit viktig underlag for arbeid med tilskotsordningane. I tillegg til det faglege grunnlaget er det også ein viktig motivasjonsfaktor for drivarane. Styrka kunnskapsgrunnlag er også ein avgjerande faktor i arbeidet med arealsaker. For hubro er det i tillegg nødvendig med større innsats for å utbetre kraftlinjer.

**Truede arter og naturtyper**

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Effekt av gjennomført tiltak	Sum
Slåttemark, slåttemyr kystlynghei, naturbeitemark.	22S35F28	Kartlegging/rekartlegging og utarbeiding av skjøtelsesplanar	Kartlagt og utarbeidd skjøtelsesplan for 5 nye lokalitetar, og rekartlagt og revidert 9 planar.	Mange område spreidd i fylket.	Viktig grunnlag for søknadsordningane for truga artar og naturtypar, og for RMP-tilskot i landbruket. Kartlegging og skjøtelsesplanlegging er viktig motivasjonsfaktor for skjøttarane.	322 490
Slåttemark, slåttemyr kystlynghei, naturbeitemark, med eit stort tal tilknytte trua enkeltartar og artsgrupper	22S35F28	Drift av skjøtelsesgruppe	Ressursgruppe for kvalitetssikring av skjøtelsesplanar, drøfting av tiltak, prioritering av tilskotssøknader.	Fylkesdekkande	Viktig grunnlag for arbeidet med trua naturtypar og handtering av tilskotsordningane. Statsforvaltaren er heilt avhengig av eksternt kompetanse om artar og naturtypar.	17 510
I hovudsak slåttemark	22S35F28	Opplæring og rettleiing i skjøtsel trua naturtypar	Gjennomført to markdagar, med til saman 39 påmeldte spreidd frå heile fylket.	Geiranger og Øvre Sunndal	Vi har gode erfaringar frå markdagane vi arrangerte i Fjord og Sunndal kommuna gjennom samarbeid med Norsk Landbruksrådgivning Nordvest, og har fått gode tilbakemeldingar. Siste generasjon som har erfaring frå drift av areala slik dei opphøveleg var i bruk som del av gardsdrifta er no på veg ut, og vi står ovanfor eit generasjonsskifte der vi risikerer å miste mange motiverte personar. Alle eigarskifte skjer heller ikkje på ein måte som sikrar kontinuitet, og det er viktig å motivere nye eigarar til å drifte areala på ein måte som sikrar naturverdiane.	50 000
Solblom/slåttemark	22S35F28	Kartlegging av solblom	Kartlagt 14 solblomlokalitetar på Sunnmøre. Kartlegging vart prioritert innanfor årets midlar.	Sunnmøre	Viktig grunnlag for søknadsordningane for truga artar og naturtypar, og for RMP-tilskot i landbruket. Kartlegging og skjøtelsesplanlegging er viktig motivasjonsfaktor for skjøttarane.	80 000
Brunburkne/olivinskog	22S35F28	Rekartlegging av brunburkne i olivinskog	Rekartlegging av brunburkne på kjente olivinskoglokalitetar 4 lokalitetar i Volda, 2 lokalitetar i Ørsta, 1 lokalitet i Vanylven og 2 lokalitetar i Ålesund	Diverse lokalitetar i Vanylven, Volda, Ørsta og Ålesund	Viktig kunnskapsgrunnlag i areal- og inngrepssaker (særleg bergverk) og i samband med skogsdrift.	70 000
Tinnvokssopp/beitemarkssopp	22S35F28	Kartlegging tinnvokssopp/beitemarkssopp	Kartlagt minst 1500 funn frå minst 150 oppsøkte lokalitetar. Dei er samla i følgjande fylke: Innlandet, Vestland, Møre og Romsdal, Nordland, Rogaland, Troms og Finnmark, Trøndelag	Mange område - landsdekkande	Data om ulike beitemarkssoppar blir brukt i skjøtelsesplanlegging og prioritering av tilskot til skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark, samt i arealplanlegging.	200 000
Sjøfugl (fleire artar)	22S35F28	Hekketeljingar av sjøfugl i verneområde	Telling av sjøfugl i verneområda på Smøla og Ulstein/Herøy	Sør-Smøla lvo, Sortna nr, Remman nr, Grasøyane (Runde ffo), Eggholmen nr, Flørauden nr, Sandøya-Vattøya nr, Stokksund-Blikkvågane ffo	Teljingane gir eit godt grunnlag for å vurdere utvikling i hekkebestandane, spesielt sett opp mot den positive effekten som følgjer av innsatsen som er lagt ned over fleire år for å fjerne mink frå Smøla-skjergarden og til dels frå fastlands-Smøla. I Ulstein/Herøy var det svært lite hekkande sjøfugl i 2022, og her ønskjer vi meir kartlegging for evt. å finne tiltak.	94 148
Hubro	SFNO	Hekkekartlegging	Lyteboksar og oppfølging av kjende territorium og reirlokaltetar i 9 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal.	Sande, Ålesund, Sula, Stranda, Fjord, Herøy, Giske, Molde og Aukra kommunar. Delfinansiert med vilttilskotsmidlar (ikkje inkl. i sum)	Eitt par i Sande fekk fram to ungar, elles ikkje hekking og svak aktivitet. Viktig faggrunnlag, spesielt i arealplansaker.	40 000
						874 148

**Fellingstillatelser på rovviltområdet (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)**

**Rapportere på**

Fellingstillatelser på rovviltområdet

I 2022 mottok vi kun ein søknad om skadefellingsløyve i Ulvådalen i Rauma kommune. Søknaden vart innvilga, men ingen dyr vart felt.

**Rovvilt**

	Antall skadefellings søknader	Antall avslag	Antall tillatelser	Andel innvilgende
Jerv	1	0	1	100 %
Gaupe	0			
Bjørn	0			
Ulv	0			
Kongeørn	0			
Totalt	1	0	1	

**Status på aktivitet og gjennomførte tiltak mot fremmede treslag i verneområder (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)**

**Rapportere på**

Status på aktivitet og gjennomførte tiltak mot fremmede treslag i verneområder.

Statsforvaltaren har halde fram med arbeidet med å fjerne framande treslag i verneområda. Arbeidet vert utført av entreprenørar vi har rammeavtale med, samt nokre grunneigarar og små manuelle hogstfirma. Det er utført ein stor helikopterhogst i eit nytt skogreservat, elles har det vorte rydda mindre førekomstar av gran, sitkagran og bergfuru. Tiltaka har stor effekt der det ikkje står andre tre i nærområdet.

**Redusert forekomst av fremmede treslag i verneområder**

	Kystlynghei	Løvsog	Myr	Furuskog	Annet	Sum
Antall verneområder	5	1	4	1	2	13
Anslag volum hogd (m3)	200	500	300	200	50	1 250
Anslag areal hogd (dekar)	100	15	500	20	5	640
Anslag andel sitkagran (%)	50	0	50	0	0	100
Anslag andel norsk gran (%)	0	50	10	30	10	100
Anslag andel andre treslag (%)	50	10	40	0	0	100

Det er veldig vanskeleg å rekne volum og fordeling på artar i desse hogstane. Mange prosjekt går på å ta ut spreidde og unge tre, og då blir volumet lite trass stor nytte.

**Status for arbeidet med avfallsplan i havn (fra kapittel 7.3.5.7 i TB)**

**Rapportere på**

Status for arbeidet med avfallsplan i havn

I 2022 har vi heldt fram med arbeidet med å få inn og godkjenne avfallsplanar for hamner i fylket.

**Avfallsplaner i havner**

Type havn	Totalt antall	Uten krav om avfallsplan	Med krav om avfallsplan	Har godkjent avfallsplan	Mangler godkjent avfallsplan
Nærings- og industrihavn	507	176	331	254	77
Fiskerihavn	24	2	22	17	5
Trafikkhavn	83	56	27	27	0
Småbåthavn	957	509	448	394	54
Sum	1 571	743	828	692	136

**Status for bedre tilstand og kunnskap om vannforekomstene (fra kapittel 7.3.5.8 i TB)**

**Rapportere på**

Status for bedre tilstand og kunnskap om vannforekomstene

Det vart tildelt 250.000 kr på kap/post 1420.22. Det er tidlegare rapportert i tilgjengeleg tabell på FM-nett når det gjeld spesifisering av bruken av midlane.

**Vannforvaltning**

År	Driftsmidlene vil brukes opp i løpet av året	Midlene er brukt til
2022	Ja	Midlane er nytta internt i vassforvaltningsarbeidet; i hovudsak oppdatering av Vann-Nett, samt oppfølging av Regional vassforvaltningsplan

**Status på bruk av tilskuddsmidler for tiltaksorientert overvåking etter vannforskriften (fra kapittel 7.3.5.9 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på bruk av tilskuddsmidler i henhold til behovsinnmelding gjennom ESS for tiltaksorientert overvåking etter vannforskriften (kapittel/post 1410.21).



Som oppfølging av Regional vassforvaltningsplan er det i 2022 gjennomført overvaking av organisk belastning frå landbruk og avløp i 28 vassførekomstar (elver og vatn) Antall stasjonar er gjort i samsvar med rettleiar 02-2018 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*.

Detaljert oversikt over dei enkelte vassførekomstane med talet på stasjonar og overvaka kvalitetselement vart oversendt i rapportering 05.01.2023, saksnr 2022/12744 i Miljødirektoratet.

#### Overvåking under vannforskriften

Delprogram/område/prosjekt	Antall stasjoner	Sum tilskudd (beløp)	Sum brukt (beløp)	Beskrivelse av gjennomført overvåking
Overvaking av organisk belastning frå landbruk og avløp	84	500 000	1 408 594	Gjennomført overvaking i 28 vassførekomstar (elv og vatn) i samsvar med prioritering i Regional vassforvaltningsplan. Finansiert som spleiselag med fylkeskommunen og kommunar. Detaljert oversikt over alle vassførekomstar med tal på stasjonar og overvaka kvalitetselement vart oversendt Miljødirektoratet 05.01.2023 .
	84	500 000	1 408 594	

#### Rapportering på antall anmeldte lovbrudd (fra kapittel 7.3.5.10 i TB)

##### Rapportere på

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd

Statsforvalteren i Møre og Romsdal har ikke meldt lovbrudd til politiet innfor miljøområdet i 2022. Vi har "gamle" og store saker som vi bruker mykje tid og ressursar på.

Elles har det vore ein del saker der naboer, interesseorganisasjonar, kommunane, Kystverket og SNO har meldt lovbrudd til politiet. I fleire av desse sakene blir vi rådspurt og involvert som fagpersonar.

Vi opplever eit tett og godt samarbeid med politiet og SNO.

#### Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

##### Rapportere på

Det skal:

- Gis en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- Redegjøres kort for fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- Gis en omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi omtalar prosjektskjønn også for fylkesløft etter at vi har satsa på større og færre prosjekt som har som målsetting å løfte fleire kommunar. Statsforvalteren tildelte ca. 8,6 millionar av potten på 54 millionar til prosjektskjønn til utbetaling i 2022. Det kom inn 45 søknadar på til saman 49 millionar.

Tildelingane gjekk til dei tre satsingsområda Helseplattforma, Berekraftsfylket Møre og Romsdal, og Ungt entreprenørskap i grunnskolen.

Berekraftsfylket Møre og Romsdal og Ungt entreprenørskap er prosjekt knytta til programmet «Møre og Romsdal 2025» som er eit samarbeid med Fylkeskommunen. Dei 12 kommunane som søkte om prosjektskjønn til Ungt entreprenørskap i grunnskolen fekk tildeling. To kommunar fekk tilskot til berekraftssatsinga. Den største tildelinga gjekk til fire kommunar som har koordinatorar som arbeider med innføring av Helseplattforma i kommunane i fylket.

Vi har dei seinare åra satsa på Helseplattforma for å sette kommunane i stand til å ta i bruk "ein pasient ein journal". Fleire kommunar i Møre og Romsdal starta utrullinga av journalsystemet i 2022. I denne samanhengen har prosjektskjønn finansiert koordinatorstillingar i fire regionar i fylket.

#### Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

##### Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Vi har i 2022 mottatt seks saker med krav om lovlegkontroll, der alle seks vedtaka blei stadfesta som lovlege.

Dei seks lovlegkontrollane omhandla følgjande tema:

- Om sal av kommunal tomt var i strid med regelverk om offentleg støtte, utgreiingskrav
- Habilitetsvurdering, utgreiingskrav og økonomiføresegna i kommunelova
- Habilitetsvurdering

Om ordfører kan stå for saksutgreiinga av ei sak, habilitet, saksutgreiing

Vi har i 2022 mottatt ei oppmoding om lovlighetskontroll, men oppmodinga førte ikkje fram. Vi har i 2022 ikkje nytta oss av høvet til å ta opp ei sak til lovlegkontroll på eige initiativ.

#### Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	6	0	6
På eget initiativ			0

#### Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Mykje av vår rettleiing til kommunane er retta mot saksbehandlingsreglane i kommuneloven. Det gjeld til dømes spørsmål om gjennomføring av møter, både fysiske og fjernmøter. Ein del spørsmål er knytt til habilitet.

Vi har i 2022 også hatt ein del rettleiing retta mot valreglane i kommuneloven. Det gjeld spørsmål knytt til reglane for uttreden og fritak og reglane for opprykk, nyvalg og suppleringsvalg.

#### Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)

##### Rapportere på

Statsforvalterne skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Det skal også gis en kortfattet omtale av utviklingstrekk og utfordringer statsforvalterne ser i det interkommunale samarbeidet i fylke.

På planområdet er det etablert eit interkommunalt samarbeid mellom åtte kommunar på Nordmøre. Dette kom i gong som eit prosjekt finansert gjennom prosjektskjemmidlar. Dei har gjort seg gode erfaringar med samarbeidet, og derfor vil det bli vidareført i 2023 for kommunane si eiga rekning..

På helse-, omsorg- og sosialområdet er det fleire interkommunale samarbeid i fylket. Det er ulike kommunar som samarbeidar på ulike område. Det er i hovudsak dei større kommunane som er vertskap for tenestene det vert samarbeid om.

Innan helsetenestene er det legevakt, KAD, miljøretta helsevern og psykiolog- og jordmortenester det i hovudsak er inngått avtaler om.

Vidare er det mellom anna fleire kommunar på Sunnmøre som har samarbeid innan folkehelseområdet.

Fleire NAV kontor er samaslått. Det er 26 kommunar i fylket og 19 NAV kontor.

Gjennom den nasjonale ordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring er det eit omfattande interkommunalt samarbeid i regionale nettverk. Alle kommunar i fylket deltek gjennom regionane Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Møre og Romsdal fylkeskommune har tilsvarande nettverk for dei vidaregåande skolane i fylket. Nettverka samarbeider om planar og tiltak for kompetanseutviklinga i barnehage-, skule/opplæringssektoren. Så godt som alle offentlege og private skolar og barnehagar i fylket deltek. Planar og tiltak skal bygge på lokale behov og arbeidet skal gjennomførast i partnarsskap med UH. Vi erfarer at arbeidet med ordningane stadig blir betre og at det er mykje aktivitet i regionane. Samstundes ser vi at interkommunale samarbeid òg kan være krevjande. Det dreier seg mellom anna om tid og ressursar til å drive eit slikt partnarsskap og at ordninga kan bli opplevd som byråkratisk.

På barnevernsområdet er det oppretta to interkommunale barnevernvaktsamarbeid som dekker 25 kommunar i fylket. Også desse finansiert med prosjektskjemmidlar første året for å kome i gong. Det er vidare oppretta fem interkommunale vertskommunesamarbeid for i alt 17 kommunar. To av dei minste kommunane i fylket er ikkje del av interkommunale samarbeid. Dette er øykommunar som ikkje naturleg grenser til andre kommunar.

For samarbeidskommunane kan tverrfagleg samarbeid og samordning vere ei utfordring. Dette gjeld både i plansamarbeid, t.d. i utforming av førebyggjande plan. Ei anna utfordring kan oppstå når barn og familiar treng tenester frå fleire tenester som er drifta av ulike vertskommunar. Nokre kommunar har tatt tak i utfordringane ved å etablere interkommunale arbeidsgrupper for førebyggjande plan. På den måten vil planen kunne bidra til at tenestetilbod kan ytast på ein god måte på tvers av kommunar.

Vi har fem interkommunale landbrukskontor i fylket, der 12 kommuner er med.

Ei kartlegging av interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal i 2013 viste tilsaman 256 ulike samarbeid. Vi planlegg ei ny slik kartlegging i 2023 for å sjå på endringane i interkommunalt samarbeid i vårt fylke. Spesielt i etterkant av kommune-samanslåingane i 2020. Dette vil vi kome tilbake til i neste årsrapport.

**Fylkesmannsembeter som samordner statlig innsigelsler (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelsler, herunder i hvilken grad innsigelsler blir løst gjennom dialog.

Etter første gongs høyring vil dialogen i varierende grad gå mellom Statsforvaltaren og kommunen og mellom den statlege etaten som har reist motsegn og kommunen.

I mange saker er det motsegna som opnar opp for den gode dialogen. Uansett er det gjennom god dialog at kommunane får fram dei beste planane.

**Samordning av statlige innsigelsler**

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er avskåret av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt				
Statsforvalteren				
Avinor	2	0	0	2
Biskopene				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	1	0	0	1
Forsvarsbygg				
BaneNor				
Kystverket	1	0	0	1
Luffartstilsynet	0	0	0	0
Mattilsynet				
NVE	14	0	0	14
Oljedirektoratet				
Politiet				
Rikskontrollvaren				
Statens vegvesen				
Statsbygg				

**Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Sjå kommentarar til pkt. 3.3.1.1.2

**Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven**

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
136	57	59	43	2	0	0

Se kommentar til 3.3.1.1.2 om antall saker.

**Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)**

**Rapportere på**

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten for 2022 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Sjå kommentarar til pkt. 3.1.1.3.2

**Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven**

<b>Betegnelse på rapporteringskrav</b>	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	18
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	92
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	5
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	1

Intern oversikt viser 19 saker. Éi sak er trukke.

**Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall lærlinger i 2022. Det skal også fremgå innenfor hvilke fag.

SFMR har i flere år hatt lærling både på IKT og kontor- og administrasjonsfaget. SFMR har bidratt til lærlingeordninga i fylket ved at ein tilsett har vore nemndsmedlem i prøvenemnda for kontor- og administrasjonssfaget.

I samband med overflytting av administrative oppgåver til STAF, kan ikkje SFMR lenger vere lærebedrift, då vi ikkje har oppgåver i embetet som gjer at opplæringa er i tråd med læreplanen for faga.

**Statsforvalteren skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Universell utforming (UU) inngår som fast sjekkpunkt i alle plansaker på høyring etter plan- og bygningslova. I den løpande plansaksbehandlinga vil merknadar og vurderingar knytt til universell utforming inngå i våre høyringsfråsegner i samband med kommunale planstrategiar, kommune(-del)planar og reguleringsplanar.

Universell utforming vil i praksis ofte vere nær knytt til andre planfaglege tema som Folkehelse, Barn og unge, Friluftsliv grønstruktur og bustadsosiale forhold. Det tverrfaglege perspektivet i UU-saken er særleg understreka.

Arbeid med kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følgje opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v.

Universell utforming, og med kopling til sosial berekraft, har vore tema i samband med fagsamlingar, plannettverkssamlingar og regionalt planforum.

Likestilling og inkludering inngår som gjennomgåande perspektiv i SFMR sin strategiplan for perioden 2020 – 2023. Universell utforming er her eit berande element.

**Fylkesmannen skal gi en omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)**

**Rapportere på**

Nye regler om aktivitets- og redegjørelsesplikten på likestillingsområdet trådte i kraft 1.1.2020. I årsrapporten for 2021 skal det redegjøres for arbeidet for likestilling i tråd med il de nye kravene for redegjørelsesplikten, jf. hovedinstruksen pkt. 4.2.3 og pkt. 5.1.1.2, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 24 om offentlige myndigheters aktivitets- og redegjørelsesplikt samt §§ 26 og 26 a om arbeidsgivers aktivitets- og redegjørelsesplikt. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har utarbeidet veiledning og maler for det aktive likestillingsarbeidet og maler for redegjørelse.

Lenke: [Aktivitets- og redegjørelsesplikten \(ARP\) \(bufdir.no\)](https://www.bufdir.no)

**Del 1 - Faktisk tilstand for kjønnslikestilling**

Tala som viser den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling kjem fram i vår nøkkeltalsrapportering.

Alle som jobber deltid gjer det etter eige ønske og behov.

**Del 2 - Korleis vi arbeider med likestilling og diskriminering**

SFMR arbeider aktivt med å fremme likestilling og hindre diskriminering. Dette vert synleggjort gjennom vår lokale lønnspolitikk, rekruttering, og i den strategiske plana vår kor likestilling og inkludering er eit gjennomgåande perspektiv og som det skal takast omsyn til i alt vi gjer.

Arbeidet med likestilling og diskriminering er nedfelt i virksomhetens personalpolitikk, lokale lønnspolitikk, strategisk plan og handlingsplan for inkluderings- og mangfoldsrekruttering.

**Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljø saker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på medianverdi og gjennomsnittstid på saksbehandlingen i håndhevingssakene per 31.12. Statsforvalteren skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

Mediantiden var på 32,5 dager. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var på 37 dager.

**Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)****Rapportere på**

Statsforvalteren skal beskrive vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsynsystema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

**Barnehage****a) tilsynsystema**

Risiko- og sårbarhetsanalyse gav oss kunnskap om at fleire kommunar ikkje hadde ført tilsyn med barnehagane på fleire år. I tillegg var det kommunar vi hadde hatt lite kontakt med. Med bakgrunn i dette valgte vi kommunen som barnehagemyndigheit, rettleiing og tilsyn som tema i 2022. Å føre tilsyn med dette temaet kan ha stor betydning for kommunen sitt arbeid som barnehagemyndigheit. Vår sannsynlighetsvurdering var at vi ville finne lovbrøt. Vi vurderte også kva konsekvensar regelverksbrøt ville kunne ha. Vår vurdering og i tråd med ros-analyse, var at det var hensiktsmessig å ta denne inngangen etter fleire år med andre tilsynsystema. I tillegg fullførte vi eitt tilsyn som var starta i 2021 med tema spesialpedagogisk hjelp, tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Ut frå statistikk registrerte vi ein nedgang i kommunane si tilsynsverksemd i perioden 2019-2021. I perioden var det pandemi og ei krevjande tid for alle. Med nedgang i tilsynsverksemd ville vi kontrollere i kva grad kommunane følger opp regelverket og om nedgang i tal på tilsyn førte til oppfølging ma med tett oppfølging og rettleiing.

**b) omfang**

1 tilsyn starta i 2021 blei avslutta i 2022. 3 tilsyn fullført i 2022, 1 påbegynt i 2022, men blir ikkje avslutta før i 2023.

**c) skriftleg eller stadleg tilsyn**

Alle tilsyn var stadlege.

**d) tilsynsobjekt**

Ørsta, Volda, Herøy, Sykkylven og Hareid kommunar

**Skole**

a) Tilsynsystema b) omfang c) skriftlig eller stedlig tilsyn

Statsforvaltaren har prioritert å føre tilsyn der vi gjennom risiko- og sårbarheits analyse, meiner at regelverksbrøt har store konsekvensar for barn og unge. Vi har gjennomført tre tilsyn med skolemiljø og internkontroll. Her har vi følgd tilsynsopplegget for FNT.

Basert på risikovurderingar og erfaringar frå handhevingssordninga, avgjorde vi å kontrollere to aktivitetspliktar; å undersøke og sette inn tiltak. Vurderingane som var avgjerande for utval av tilsynsystema var fleire skolemiljø saker kor Statsforvaltaren har fatta vedtak. Gjennom saksbehandlinga fann vi risiko for at skolane ikkje har eit godt nok system for å følge opp skolemiljø saker. I tillegg fekk vi kjennskap

til bekymringsmelding sendt til ein av kommunane, kor bekymringa gjekk på manglande kompetanse for planverk og oppfølging av sårbare elevar. To av kommunane hadde eit gjennomsnittleg mobbetal på over 8,5 % i følgje elevundersøkingane.

Alle tilsyna med skolemiljø og internkontroll var stadlege, bortsett frå eit slutt møte som vi gjennomførte vi på Teams. Vi vurderte å gjennomføre slutt møtet på Teams då det var mindre ressurskrevjande. Det var også hensiktsmessig ut frå funn i tilsynet, samstundes som vi heile vegen hadde ein god dialog med skole/kommune som gjorde at vi vurderte dette som ei god løysing.

Vi planlagde to stadlege tilsyn med

spesialundervisning, men desse vart utsett nokre månader, slik at oppstart vart januar 2023. Grunnlaget for valet var bekymringsmelding frå føresette, anonymt varsel samt mykje uro i kommunen knytt til store nedtrekk på budsjetta. Tilsynet vart utsett i samråd med direktør og assisterande direktør og i dialog med kommuneleiinga. Dette fordi ein av skolane var i ein ekstraordinær vanskeleg situasjon og vi vurderte at tilsynet ville føre til ei meirbelastning for skolen. Her har vi planlagt at oppstartsmøtet skal gjennomførast på Teams. Dette for å trygge dei tilsette som skal intervjua. Samstundes får vi repetert kva vi vil spørje om på sjølve tilsynsdagen. Undervegs, i tilsynet vil vi evaluere og avgjere om slutt møtet blir gjennomført på Teams. Dette vil vere avhengig av funn i tilsynet og vurderingar som vil vere avgjerande om stadleg eller digitalt møte vil vere til det beste for skolen og kommunen.

Vi erfarer at vi hører lite frå elevar/føresette og Fylkeskommunen tilknytt spesialundervisning på vidaregåande. Derfor vurderte vi at det er mogleg risiko for regelverksbrot her. Dei skriftlege tilsyna på spesialundervisning gjennomførte vi med Fylkeskommunen i tre kommunar. Vi vurderte det slik at det var ressursparande å gjennomføre tilsynet skriftleg, samstundes som vi fekk kontrollert regeletterlevelse som har stor betydning for ungdomar.

Vi har prioritert å kontrollere lærarnormen.

Vurderingane er gjort ut ifrå GSI-tal og manglar på ordinære undervisningsårsverk. Vi har gjennomført 6 skriftlege tilsyn.

Dette er eit "enkelt" skriftleg tilsyn ressursmessig

sett, samstundes som det på enkelt vis kan føre til positive endringar for sårbare barn og unge og regeletterleving for kommunane.

Vi har også gjennomført tilsyn med integreringslova i to kommunar. Tilsyna var stadleg, dette har vi vurdert til å vere viktig med omsyn til tema og at dette er ei sårbar gruppe, kor det også er naudsynt med tolk. Når det gjeld utval av nettopp dei to kommunane har det samanheng med innkomne bekymring knytt til desse kommunane og at kommunane er store nok til å sikre tilstrekkeleg antall deltakarar. Når det gjeld temaet for tilsynet på integreringslova, er dette valt ut av IMDI på bakgrunn av ei risikovurdering. Ettersom differensiering av programtid og slutt mål vart satt i ny integreringslov, er det ein særlig risiko for brudd på bestemmelsen.

d) Tilsynsobjekt

Gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar gjer vi utval av tilsynsobjekt. Tilsynsobjekt i 2022 var: Sykkylven, Hareid, Volda, Ålesund, MR fylke, Giske, Hustadvika, Sula og Ålesund.

Vi brukar eit risikovurderingsskjema der vi skriv inn saker som gir grunn til bekymring for regelverksbrot. Dette gjeld både på barnehage- og skole-/opplæringsområdet. Det kan være bekymring vi har tatt imot på telefon eller kunnskap knytt til saksbehandling. ROS-gruppa går gjennom registrerte saker og risikoanalyserer dei. Saman med desse registreringane tar vi i bruk kjelder som BASIL, GSI, elevundersøkinga, resultat på nasjonale prøver og kartleggingsprøver, klagebehandling, kunnskap vi får frå kommunane og føresette gjennom rettleiing, kunnskap om tilsyn og oppslag i media. Ut frå analysen gjer vi eit utval ut frå kor stor risikoen vil vere for at vi finn regelverksbrot. Vi ser også på om regelverksbrot vil få store konsekvensar for sårbare barn og unge. Saman dannar dette grunnlaget for kva tema og kommunar vi skal føre tilsyn med. Noko som er beskrive ovafor under a) - c).

### Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

#### Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

På barnehageområdet kan vi sjå restrisiko etter tilsyn om spesialpedagogisk hjelp og tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Dette har vi fulgt opp i møte med alle barnehagemyndighetene, mellom anna med gjennomgang av regelverk, kva funn vi ser i klagesaksbehandling og tilsyn og ved erfaringsdeling og dialog.

Vi har ikkje ført tilsyn med § 11. Krav til likebehandling og uavhengighet, men ser i tilsyna vi har hatt og i møta med sektor at her er det risiko for lovbrøt. Så langt har vi fulgt opp dette i møte med sektor og ved å oppfordre kommunane til å delta på KS, SF Nordland og regionalt kompetansekontor i Vesterålen og Lødingen si kursrekke om kommunen si rolle som barnehagemyndighet. Inntil vidare har vi vurdert at rettleiing er best eigna som metode for denne lovparagrafen.

På opplæringsområdet som omfattar både skole og integrering, ligg risiko- og sårbarheitsanalyse til grunn for val av rett verkemiddel når vi legg verksemdsplanar for året gjennom. Her planlegg vi korleis vi skal følgje opp kommunar der det er avdekt risiko, men ikkje planlagt å gjennomføre tilsyn. Gjennom dialog med kommunane i februar sette vi fokus på område vi meiner kommunane bør vere særskilt merksame på. Her løfta vi mellom anna opp viktigheita av skolen sine plikter knytt til trygt og godt skolemiljø, internkontroll og FNT. Vi har også arrangert to webinar som omhandlar integreringslova.

Vidare har vi gjennom fagdag og webinar løfta fram funn frå tilsyn i skolemiljøsakar og formidla kva som er viktig for kommunane å sjå til at dei har på

plass. Samstundes har kommunane, på fagdagen, fått anledning til erfaringsutveksling og å stille spørsmål, og slik heva kompetansen sin knytt til regeletterleving.

På grunn av vakanse og sjukdom fekk vi ikkje gjennomført planlagt nasjonalt tilsyn med Fylkeskommunens ansvar for lærebedrifter. Dette tilsynet var eitt av oppdraga i tildelingsbrevet, men er ut i frå vår risikovurdering ikkje gjennomført. Vi har derfor ikkje følgd opp Fylkeskommunen og lærarbedrifter vidare.

Vi hadde også planlagt å gjennomføre tilsyn med fritak frå nasjonale prøver. Dette vart ikkje gjennomført på grunn av vakanse og sjukdom. Avdekka risiko vart følgd opp ved at vi hadde tett oppfølging av skoleeigar og private skolar i gjennomføringsperioden i september. Vi hadde fleire e-postar til sektor med informasjon og mykje telefonkontakt. Vi følgde også opp i PAS-prøver, mellom anna at alle elevvar påmeldte/gjennomførte, skåring av leseprøvene, «manglende besvarelse», ikkje deltatt og fritatt.

**Endring i praksis som ikke er i samsvar med regelverket (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for hvordan valgte virkemidler har ført til endring av praksis som ikke var i samsvar med regelverket.

På barnehageområdet erfarer vi at både tilsyn og rettleiing gir god læring som vi meiner bidrar til endring av praksis. Eit døme kan vere barnets beste vurderingar. Dette har vore eit punkt for lovbrøt i tilsyn, og ein grunn til oppheving av vedtak i klagesaker. Dette har vore tema i fleire samanhengar, både i møte med barnehagemyndigheit, barnehageeigar og PP-leiarar. Vi merker oss i møta med sektor, at bevisstheit, refleksjon og det å vere grundig i desse vurderingane, er meir solid no enn tidlegare. Der tilsyn blir spissa konkret mot ei kommune, vil rettleiing femne fleire. Vi har tidlegare invitert inn regionar til å delta på delar av formøte på tilsyn. Det har vi ikkje fått gjort inneverande år, men vurderer det som eit godt tiltak vi bør gjeninnføre.

Gjennom tilsyn på skoleområdet har vi brukt tilsyn med nytt FNT. Vi har i desse tilsyna funne at praksis i stor grad ikkje samsvarer med regelverket. Gjennom kommunen sitt arbeid med å rette opp brot, er sannsynligheita stor for at kommunen vil endre praksis i samsvar med regelverket. Samstundes erfarer vi likevel at det kjem nye brot på aktivitetsplikta gjennom klagesaker i den kommunen og skolen vi har ført tilsyn med. Vi er derfor opptatt av å kontinuerleg følge opp avdekka risiko med rettleiing, både til skoleeigar og skoleleder. Samstundes som vi også evaluerer og planlegg kva for verkemiddel må/skal brukast framover for at det skal føre til endring av praksis som ikkje samsvarer med regelverket.

I andre kommunar, der vi har hatt tilsyn, kan vi sjå at rettarbeidet fører til nye utarbeidde planar og rutinar. Her legg vi til grunn at tilsyn som verkemiddel har ført til endring.

Vi gjennomførte ein fagdag med skolefagleg ansvarleg i kommunane og kommunale innsatsteam mot mobbing. Her var agendaen; Korleis forebyggje og løyse kompliserte skolemiljø saker. Etter vår vurdering har denne fagdagen, der vi også fokuserte på funn og erfaringar frå tilsyn, vore med på å utvikle kompetansen til deltakarane og sett fokus på praksis som samsvar med regelverket.

I tilbakemeldinga etter fagdagen peikte deltakarane på at dei hadde nytte av å diskutere og å utveksle erfaringar på tvers av kommunegrensar og på tvers av sektorar/tjenesteområder. Her fekk deltakarane også mogleigheit til å kome med innspel til tema/fagleg oppdatering som dei meiner skolane/kommunane har behov for. Desse tilbakemeldingane bruker vi i vidare planlegging inn mot sektor, for å kunne finne kva verkemiddel vi vil fokusere på, for å sikre regeletterleving og endre praksis som ikkje er i samsvar med regelverket i kommunane/skolane.

**Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Vi viser til tabellrapporteringa under.

**Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 14	0				
Barnehageloven § 53	0				
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	0				
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
Barnehageloven § 35	6	3	0	3	0
Barnehageloven § 37	7	4	0	2	1
Barnehageloven § 38	0				
	13	7	0	5	1

**Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Skys, § 3-7	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	1	0	0	0
	2	1	1	0	0

**Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

**Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunkt i fag	26	0	9	17	0
Standpunkt i orden og oppførsel	1	0	0	1	0
Spesialundervisning, § 5-1	4	3	0	1	0
Skys, § 7-1	16	2	13	1	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	1	0	0	1	0
Skoleplassering, § 8-1	9	2	0	7	0
Sum	57	7	22	28	0

**Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)**

Type sak	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Spesialundervisning, § 5-1	2	1	0	1	0
	2	1	0	1	0

**Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordningen, jf. alle underpunkt i punkt 5 i de forskriftsfestede retningslinjene. I tillegg skal statsforvalteren vurdere hvordan samarbeidsforum har fungert og i hvilken grad kompetansetiltakene er forankret i en langsiktig felles plan i samarbeidsforum. Statsforvalteren skal gi sin vurdering av hva som karakteriserer barnehage- og skoleeiere som ikke deltar i ordningen.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for barnehage.

Då ordningane blei innført valde Møre og Romsdal å bygge vidare på dei eksisterande strukturane for kompetansearbeid i fylket. Fylket hadde allereie fire godt etablerte regionale kompetansenettverk. I fellesskap var det semje om å komplementere desse for å sikre representasjon i samsvar med retningslinjene for ordninga, og slik danna kvar region kvart sitt samarbeidsforum. I tillegg vart Møre og Romsdal fylkeskommune eit samarbeidsforum for dei vidaregåande skolane. Alle samarbeidsforuma har underliggende arbeidsgrupper. Statsforvaltaren har ein kontaktperson i kvart samarbeidsforum som ivaretar Statsforvaltaren sitt ansvar og oppgåver i ordninga.

I tillegg til samarbeidsforuma arrangerer Statsforvaltaren kvart år ei fylkessamling. Dette er ei fagsamling for felles saker, dialog og erfaringsdeling der alle deltakarar i alle samarbeidsforuma er målgruppe. I tillegg er barnehagemyndigheit, barnehagefagleg - og skulefagleg ansvarlege inviterte med.

Vi har erfart at vi har behov for nokre fleire treffpunkt for heile fylket og har 2-3 dialogmøte i året med leiarane av kvart samarbeidsforum, UH, KS, PBL og Statped. Til desse møta vil vi òg invitere inn Utdanningsforbundet og PPT for å sikre at representasjonen er ivaretekt.

Vi ser både styrker og svakheiter ved denne måten å organisere arbeidet på. Styrken ved ei slik organisering er at den er godt lokalt forankra og avgjerder blir gjort på lokalt nivå. Fleire blir delaktig i arbeidet i samarbeidsforuma. Ulempa er mellom anna at samordninga i fylket blir noko svakare og for aktørar som deltek i alle foruma som t.d. Statped, KS, UH, Statsforvaltar, blir det mange møter. Det er forskjellar mellom samarbeidsforuma – nokre fungerer svært godt, andre opplever arbeidet meir krevjande. Ein suksessfaktor er forankring, eigarskap og god leiing. Vi er i prosess og har vurdert å endre organiseringa vår, men inntil vidare har vi sett det som hensiktsmessig å gi ordninga litt tid.

Alle samarbeidsforuma har utarbeidd langsiktige planar og i stor grad legg ein opp til fellestiltak, der alle skolar og barnehagar blir inviterte med. Det fører til at ein både skaper felles arenaer, felles forståing og god utnytting av tilskotet.

Tiltaka byggjer på kartleggingar av behova i barnehagane og skolane. Samla leiargrupper har vurdert og prioritert tiltak. I desse prosessane er alle eigarar inviterte inn. Det betyr at det blir gjort prioriteringar som ein i fellesskap samlar seg om. Felles forankring og aktuelle tema er det viktigaste kriteriet for deltaking.

Det inneber òg at det kan vere enkelte tiltak som enkelte skolar eller barnehagar ønsker, men som ikkje blir prioritert først. Det kan vere årsaka til det i enkelthøve og periodar kan vere nokon som ikkje deltek. Eigar følger då eigne kompetansetiltak. Hovudtrekket for fylket er imidlertid høg deltaking av skolar og barnehagar, både offentlege og private.

Når det gjeld private barnehageeigarar har PBL meldt at dei ikkje har kapasitet til å stille i alle møta i samarbeidsforuma. Vi har hatt eige møte med dei for



å sjå på kva måte vi kan betre dette. I møtet fremheva PBL at deira inntrykk er at private barnehageeigarar i Møre og Romsdal er godt inkluderte i ordningane. Elles er private barnehagar ivarettatt på lik line som kommunale barnehagar gjennom barnehagemyndigheita sin representasjon i samarbeidsforuma.

Vi erfarer at det er noko krevjande å få korrekt rapportering på 30%-midlane. I tabellen er det lagt inn noko høgere sum enn det som er tildelt.

**Kompetanseutvikling i barnehage - deltakelse på andre kompetansetiltak**

	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra private barnehager	Antall deltakere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	12	4	16
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	61	6	67
Barnehagefaglig grunnkompetanse	136	316	452
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	320	169	489
<b>Totalt</b>	<b>529</b>	<b>495</b>	<b>1 024</b>

**Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak**

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	48 887	1
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	47 429	1
Barnehagefaglig grunnkompetanse	55 000	2
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	1 280 971	35
<b>Totalt</b>	<b>1 432 287</b>	<b>39</b>

**Rapportering på tilskuddsmidler fra statsforvalter**

	Navn og tema for tiltaket	Tilskuddsmottaker UH	Beløp	Tilskuddsmottaker eier/nettverk	Beløp	Tilskudd koordinator	Beløp
Regional ordning	Læringsløyper, leiaretting og deltaking i neste praksis + 30% andre tiltak	NTNU og DMMH	982 000	Region Nordmøre	833 000		0
Desentralisert ordning	Læringsløyper, leiaretting og deltaking i neste praksis	NTNU og DMMH	982 000	Region Nordmøre	725 000		0
Kompetanseløftet	Leiaretting - oppfølging etter kartlegging, faglig kompetanse frå UH og samskaping av framtidsbilde og etablering av KOMPIS-nettverk	NTNU og DMMH	1 007 000	Region Nordmøre	350 000		0
Regional ordning	Romsdalsmodellen + andre tiltak (30%)	Høgskulen i Volda	753 550	Region Romsdal	1 399 450	Koordinatorfunksjon	125 000
Desentralisert ordning	Romsdalsmodellen	Høgskulen i Volda	940 500	Region Romsdal	940 500	Koordinatorfunksjon	125 000
Kompetanseløftet	Analysearbeid og utviklingsplan	Høgskulen i Volda	650 000	Region Romsdal	650 000		0
Regional ordning	Læringsløyper + andre tiltak (30%)	Høgskulen i Volda	1 483 500	Region Nordre Sunnmøre	2 253 500		0
Desentralisert ordning	Læringsløyper	Høgskulen i Volda	1 721 500	Region Nordre Sunnmøre	1 721 500		0
Kompetanseløftet	Laget rundt barnet og planlegging og gjennomføring av dialog jf. funn i KOSIP analysen	Høgskulen i Volda	737 000	Region Nordre Sunnmøre	737 000		0
Regional ordning	Læringsløyper + andre tiltak (30%)	Høgskulen i Volda	691 500	Region Søre Sunnmøre	1 283 500		0
Desentralisert ordning	Læringsløyper	Høgskulen i Volda	869 000	Region Søre Sunnmøre	869 000		0
Kompetanseløftet	Laget rundt barnet/komplekse og samansette vanskar for barn i skule og barnehage	Høgskulen i Volda	650 000	Region Søre Sunnmøre	650 000		0
Desentralisert ordning	Arbeid med LK20, vurderingspraksis og elevmedverknad og læringsmiljø for inkluderande praksis	Høgskulen i Volda	2 271 000	Møre og Romsdal fylkeskommune	1 514 000		0
Kompetanseløftet	Kartlegging, analyse, informasjon og oppstart/implementering. Utvida analyse og igangsetting av tiltak vår 23.	Høgskulen i Volda	660 000	Møre og Romsdal fylkeskommune	640 000		0

**Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)**

**Rapportere på**

Viser til oppgave 5.1.2.7 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Dei to kommunane i Møre og Romsdal som deltek i oppfølgingsordninga blei rekruttert inn i 2022-uttrekket og er komet halvvegs inn i forfasen. Hensikten med forfasen er å kome fram til tiltak gir betre læringsmiljø og læringsutbytte for barn og unge.

Statsforvaltaren har delteke jamnleg på samlingane med kommunane og rettleiarane for å vere ei støtte til kommunane og rettleiarane. Med hjelp frå rettleiarane har kommuane arbeidt med å og identifiser kva dei er gode på og som vil kome til nytte i det vidare arbeidet og kva som er nødvendig å gjere for å få ønska utvikling. Det å danne og forstå eige utfordringsbilde har vore eit sentralt tema i arbeidet i forfasen.

Kommunane er no i slutfasen av analysearbeidet og vil legge fram tiltak som dei ønsker å gjennomføre i gjennomføringsfasen i slutten av februar. Kommunane vil då få hjelp til å prioritere tiltaka og lage ein plan for gjennomføringsfasen, som er skoleåra 2023/2024 og 2024/2025.

I arbeidet med forfasen har kommunene etter vår vurdering fått auka kompetanse om eget utfordringsbilde og med kartlegging og analysearbeid. Dette gir eit godt grunnlaget for arbeidet med tiltak for å bedre læringsmiljø og læringsutbytte i gjennomføringsfasen. Siden tiltakene enno ikkje er igangsett blir det for tidleg å vurdere effekten av tiltaka no, men vi forutsett at kommunane klarar å utvikle ny praksis som fører til at barn og unge får eit godt

læringsmiljø og bedre læringsresultater gjennom gjennomføringsfasen.

Viser for øvrig til rapportering på punkt 3.4.1.1.2. og 3.4.1.1.2.1.

#### Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

##### Rapportere på

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2022.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

#### Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2022.	15,8
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2022.	0,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2022 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.1.	3,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos SF i 2022 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt. 3.3.1.2.2.	0,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2022 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	10,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2022 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1.	0,0

#### Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

##### Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Alle kommuner i fylket fekk gjennomført periodisk ajourhald av AR5 i eit eige prosjekt for få år sidan.

Framover vil periodisk ajourhald følgje frekvensen for omløpsbileta. Heile Nordmøre blei fotografert i 2022, og kommunane her vil gjennomføre periodisk ajourhald i år.

Alle kommuner blei bedne om å sende inn rutiner for oppdatering av AR5 i 2022. Tre kommuner har ikkje returnert sine rutiner.

Statsforvaltaren v/landbruksavdelinga er representert i fylkesgeodatautvalet og arbeidsutvalet for basis geodata. Ein søker å ta vare på landbruksinteressene (m.a. AR5) i det regionale kartsamarbeidet som deltakar i desse utvala.

Nokre kommuner har utfordringar knytt til ajourføring av AR5 grunna desse forholda:

- manglande kompetanse og kapasitet
- feil og manglar i matrikkel
- fellesareal utan innbyrdes grenser
- store gebyr for retting og oppmåling gjer at grunneigar ikkje vil gjennomføre kartforretning

Fleire kommuner har byrja med weboppdatering av AR5. Det vil nok kunne føre til at AR5 vert meir oppdatert.

#### Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	3	0	26

#### Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

##### Rapportere på

Rapportere om antall saker på landbruks- og matdepartementets område der anmeldelse er vurdert, antall saker som er anmeldt og hvilket regelverk sakene gjelder.

I 2022 vurderte vi ikkje anmeldelse i nokon saker.

#### Utteksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)

**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Rutina er at Mattilsynet sender kopi til både kommune og statsforvaltar av vedtak som er av slik art at dei fell inn under avtalen mellom Landbruksdirektoratet og Mattilsynet.

Vi har årleg dialogmøte mellom Mattilsynet og SF, der alle berørte fag er med. I tillegg er det også møter lokalt mellom kommunar og lokalt Mattilsyn, men det er litt ulikt kor godt det fungerer.

Det er ikkje mange slike saker, og vi er av den oppfatning at kommunane følgjer opp slike saker på riktig og fornuftig måte.

SF har fleire gonger tatt opp temaet på fagsamlingar. Det er viktig med stadig påminning både om regelverket og at det er viktig for omdømmet til næring og forvaltning at saker om dyrevelferd blir gripe tak i.

I siste møte mellom Mattilsynet og SF vart det tatt opp det ikkje var ei einaste sak i 2022 som handla om brot på grunnvilkår for PT grunna dyrevelferd. Ein gjennomgang frå Mattilsynet viste at det er fleire saker i prosess, og at slike saker ofte går over fleire år.

**Utteksling av informasjon om dyrevelferd**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	1	0	0	1
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)	0	0	0	0
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3	0	0	0	0

Berre ei sak i 2022, som gjeld mosjonskrav. Ingen merknader til kommunen si behandling.

**Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidstavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	1	1	1	1

**Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)****Rapportere på**

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

I Møre og Romsdal har vi tidlegare behandla og utbetalt 8 saker om søknad om kompensasjon etter avvikling av hald av pelsdyr. Vi har i 2022 motteke 11 søknader etter nytt regelverk, som er pre-saksbehandla, og sendt vidare til Landbruksdirektoratet for saksbehandling.

Vi har motteke tilsaman 3 rivingssøknader, der to har fått løyving om tilskot i 2022, og ein var ferdig i 2020. Fleire søknader er under utarbeiding, men søkarane ventar avklaring om regelverket før innlevering.

Prosessene med pelsdyravviklinga har tatt svært lang tid, og er ein stor belastning for tidlegare pelsdyrhaldarar, i tillegg til statsforvaltarane som skal veilede pelsdyrhaldarane.

**Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhold**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avvikling	11	0	11	0
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	3	0	0	3
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	0	0	0	0

Vi reknar med at det med "kompensasjon etter avvikling" er ment søknader om "erstatning etter avvikling av hald av pelsdyr". Vi har presaksbehandla 11 søknader som no ligg til behandling hos Landbruksdirektoratet. Dei tre rivingssøknadane vi har behandla har fått løyving, men ingen av dei er sluttutbetalt enno.

**Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)**

**Rapportere på**

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

**Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.11 i TB)**

**Rapportere på**

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2022

I tillegg til dei sakene som følger av tabellane, har vi handsama saker som gjeld søknad om konsesjon etter konsesjonslova §1, lemping av vilkår om boplikt og tilbaketrekking av konsesjon.

**Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	0		
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	3	0	3
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	0		
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0		
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0		
Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9	2	1	1
Vedtak i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar – konsesjonsloven § 9	0		
Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd	0		
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7	0		

**Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	0							
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	3	1	0	2	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	5	4	0	1	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	2	1	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	2	1	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar - konsesjonsloven § 9	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0							
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0							

**Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	0		
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	0		
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	0		
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

**Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet
Vedtak	0		
Påklaget til Landbruksdirektoratet	0		

**Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	1	0	0	0
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	1	0	0	1	0
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0				

Vi varslet omgjøring av et nydyrkingsvedtak. Har ført denne under jordlovssaker.

**Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel**

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	10	6	0	4	0

Vestnes kommune blei pålagt rapportering av jordlovsvedtak i perioden 23. februar til 31. desember 2022.

**Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans**

Betegnelse på rapporteringskrav	Søknader i alt	Innvilget i alt	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs	Innvilget som følge av ivaretagelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn	Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer	Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått	Merknad
Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0							
Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0							

Vi har hatt 1 sak til klagebehandling der vi opphevet kommunens vedtak på grunn av saksbehandlingsfeil.

**Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt**

Betegnelse på rapporteringskrav	Omsøkt i alt	Omsøkt areal dyp myr	Omsøkt areal grunn myr	Innvilget myrareal i alt	Innvilget areal dyp myr	Innvilget areal grunn myr	Avslått myrareal i alt	Avslått myrareal dyp myr	Avslått myrareal grunn myr
Informasjon om omsøkt myrareal	0			0			0		

**Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent	Ferdiggodkjent myrareal i alt	Ferdiggodkjent areal dyp myr	Ferdiggodkjent areal grunn myr
Informasjon om ferdiggodkjente saker		0		

**Odelsfrigjøring**

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker i alt	Samtykke til odelsfrigjøring gitt	Avslag på søknad om odelsfrigjøring	Merknad
Saker om odelsfrigjøring	0	0	0	

**Arbeidet for utsatte barn og unge (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for effekten av det tverrsektorielle samarbeidet for utsatte barn og unge, og hvordan embetet vurderer hovedutfordringene knyttet til samordning når kommunene ses under ett.

Det er sett igang fleire satsingar i Møre og Romsdal for å legge til rette for betre samhandling. Helseforetaket leier to av desse - *Barn og unges helseteneste* etter modell frå Helse Fonna, og *Barnelikk* etter modell frå Familieambulatoriet i tidlegare Helse NordTrøndelag.

Vidare er det eit utstrakt arbeid med *BTI* i kommunane. Samarbeidsprosjekta gir gode samhandlingsarena for ulike tenester. Møtepunkta legg til rette for kompetanse og erfaringsdeling på tvers av kommunale tenester og regionale nivå. Statsforvalteren har og nytta mange møtepunkt med kommunane, både på helse- og sosialområdet og i oppvekst- og utdanningssektoren, for å informere om barnevern/oppvekstreform og ny velferdslovgiving knytt til samarbeid.

Det er etablert ei **Oppvekstgruppe** i embetet med representantar frå Helse- og sosialavdelinga og Oppvekst- og utdanningsavdelinga. Vi har identifisert tre område vi har jobba særskilt med i 2022. Desse områda gjeld: Vald i nære relasjonar, oppvekstreforma og psykisk helse barn og unge.

I tillegg har ein satsingar innanfor Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Hovudfokus så langt har vært å kartlegge behov og analysere resultat. Vi erfarer at overføring av oppgåver og ansvar frå Statped til kommunane skjer i raskare takt enn mange kommunar har kapasitet til å ta imot.

Vi ser eit stort ønske om å jobbe tverrfagleg i kommunane. Samstundes er ressursituasjonen i mange kommunar slik at dei fleste først må sikre ordinære driftsoppgåver. Det gir mindre rom for samhandling, som kan vere krevjande, spesielt i ein oppstartsfase. Det kan vere grunn til å løfte ei bekymring omkring dei ungane som har dei aller største behova for samordna tenester og tiltak.

Når vi ser kommunane under eitt, erfarer vi at ikkje alle desse barna i tilstrekkeleg grad, mottar den hjelpa dei både treng og har krav på.

Det er ingen tvil om at utsatte barn og unge fekk det ekstra krevjande under pandemien med strenge smitteverntiltak. Trykket på psykisk helsehjelp har ikkje vorte mindre. På statsforvaltaren sin besøksrunde til alle kommunane var det nettopp psykisk helseutfordringar hos ungdommen som leiarane av ungdomsråda trakk fram. Tilgang på helsepersonell på vidaregåande skular burde vore auka etter pandemien. Ei lengre skulestreik denne hausten var ikkje med å gjere situasjonen enklare for mange ungdommane i risikogruppera.

**Det todelt målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)****Rapportere på**

Rapporter på status i forvaltningen av det todelt målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

Sjå rapportering under kapittel 3.1.1.8.

**Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.2.2 i TB)****Rapportere på**

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, både på landbruks- og miljøområdet.

**UKL- områda**Vurdering av tiltak bidreg til å ta vare på verdiane, og om verdiane er styrka eller svekka:

Alle dei fire UKL-områda har hatt god aktivitet i 2022, og det er stor interesse for ordninga. Samla er det innvilga i overkant av 3,8 mill. kroner. Av dette er det innvilga 67 % til eingongstiltak/ investeringstiltak og 33 % til årleg skjøtsel og drift. Største miljøtema samla er; landskapsskjøtsel (49 %), kulturminne og kulturmiljø (22 %) og ferdsel og friluftsliv (22 %).

For Fjellgardan i Sunndal er årleg skjøtsel av areal og beiting prioritert (51 %). Dette inkluderer også skjøtsel av trua naturtypar som slåttemark og naturbeitemark. Den andre halvdelan av midla er fordelt på investeringstiltak, med hovudvekt på verneverdige bygningar og tiltak som tilrettelegg og fremmar beitebruk i området. Vi vurderer bruken av midla som tilfredsstillande.

For Alnes er så godt som alle midla brukt på investeringstiltak. Det største tiltaket har vore renovering av «Fjellvegen» på Alnes. Vegen bidreg til å styre ferdselen opp til fjellet, mellom anna gjennom eit beiteområde registrert som naturbeitemark. Fjellvegen er eit allmenntilgjengelig tiltak på Alnes, og er nedfelt som prioritert tiltak i forvaltningsplanen for området. Utover dette er det innvilga tilskot til restaurering av verneverdige bygg. Det er ønskeleg med fleire tiltak på årleg landskapskjøtsel og biologisk mangfald, spesielt skjøtsel av naturbeitemarka og kystlynghei. Dette føreset mellom anna fleire beitedyr i området. Per no er det kun ein brukar som har dyr i området og kun 1 % er brukt på årlege skjøtseltiltak. Vi vurderer at bruken av midla, sett opp mot måla i forvaltningsplanen, stort sett er tilfredsstillande.

For Hjørundfjorden og Norangsdalen er det innvilga 57 % til investeringstiltak og 43 % til årleg skjøtselstiltak. I 2022 vart det etablert arealtilskot for definerte område og tilskot for beitedyr. For investeringsstiltak er tiltak som fremmar beitebruk prioritert; transport av dyr, rydding av beitemark og tilskot til gjerdehald og Nofence. Det er gitt tilskot til tiltak innan alle miljøtema, og vi vurderer bruken av midla som tilfredsstillande.

Eikesdalen fekk status som UKL i desember 2021, og fekk ei mindre ramme til oppstart av området i 2022. Midla er nytta til utarbeiding av utkast til forvaltningsplan og studietur til UKL Norherad. Det er også prioritert å gi tilskot til nokon verneverdige bygningar og tiltak for å ta vare på og skjømte biologiske verdifulle areal. Området er for nytt til å vurdere om tilskotsordninga bidreg til å ta vare på verdiane, men skisserte prioriteringar i utkast til forvaltningsplan med alle deltema er omfatta av føremålet med ordninga.

Fordelinga/prioriteringa av miljøtema varierer naturleg nok mellom områda. Alle kommunane gjer ei god prioritering av tiltak i tråd med forskrift, forvaltningsplanar og lokale retningslinjer for områda. Prioriteringa er også avhengig av kva søknader dei faktisk får inn.

Alle tiltaka bidreg, i ulikt omfang, til å ta vare på naturmiljøverdier, kulturmiljøverdier og fortsatt jordbruksdrift, inkludert næringsutvikling basert på desse. Kommunane har blitt oppfordra til å rullere handlingsdelen i forvaltningsplanane kvart fjerde år og ha årlege retningslinjer, slik at ein får oppdatert kunnskap om behov knytt til alle deltema omfatta av ordninga. Vi meiner ordninga helt klart bidreg til å styrke kulturlandskapsverdiane i områda, eller som minimum halde dei stabile. Framover vil vi arbeide i lag med områda for å få synleggjort verdiane gjennom t.d. skilting og arrangement.

#### Truslar eller utfordringar:

Utfordringane variere noko mellom områda, men den største trusselen mot verdiane i områda er, som elles i fylket, nedgang i talet på bruk og beitedyr. Dette har potensielt fleire konsekvensar for landskapet, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø. Det er viktig for heile kulturlandskapet at jordbruksdrifta blir oppretthalde og utvikla. Foreløpig vurderer vi dette som ein potensiell trussel, og områda jobbar godt med tiltak som skal oppretthalde jordbruksdrifta.

Kommunane melder framleis at ordninga er tid- og ressurskrevjande. I kommunane er det ofte berre ein sakshandsamar som sit med det meste av landbruksforvaltninga, og ein risikerer at UKL blir nedprioritert i konkurranse med meir presserande og lovpålagte oppgåver. Ordninga har også ei krevjande saksbehandling, med mange søknader om varierte tiltak innanfor mange ulike fagområde. Til tross for dette erfarer vi at sakshandsamarane i kommunen er engasjerte i UKL, motiverte til å få til gode resultat og har eit godt oversyn over status og tiltak i områda.

#### Positive trendar:

Vi registrerer ei auka interesse for UKL-ordninga, der fleire grunneigarar/brukarar blir bevisst moglegheitene ein har ved å vere del av UKL. Det gjer også at grunneigarane/ brukarane får eit eigarskap til ordninga og forvaltninga av området som UKL. Det har vore ein spesielt god oppstart av UKL Eikesdalen, med svært godt engasjement frå grunneigarar og brukarar i området. Det er også ein betre dialog, samordning og erfaringsutveksling mellom områda, forvaltningsnivåa og fagmiljøa.

#### Næringsutvikling:

Vi har ikkje registrert at det er etablert ny næringsverksemd i 2022, men det er gitt tilskot til å oppretthalde og vidareutvikle eksisterande verksemd. Områda er interessert i å ta i bruk profilhandboka for UKL, og få knytt profilen opp mot lokal næringsutvikling og anna verdiskaping i områda.

#### Forvaltningsplanar:

Alnes og Hjørundfjorden og Norangsdalen har forvaltningsplanar på plass (begge frå 2020). Tilbakemeldingane er at desse fungerer på ein hensiktsmessig måte for å få prioritert dei viktigaste tiltaka. Fjellgardan i Sunndal er i prosess med å lage forvaltningsplan, der eit utkast er estimert ferdigstilt i februar 2023. Her har vi ikkje vore med i arbeidsgruppa og har p.t. ikkje oversyn over innhaldet.

For Eikesdalen har det vore jobba med utkast til forvaltningsplan i 2022, som blei levert direktoratet i desember. Forvaltningsplanen er no ute på høyring, med frist i mai 2023. Skisserte prioriteringar i utkast til forvaltningsplan har med alle deltema omfatta av føremålet med ordninga.

#### Samarbeid/samordning:

Arbeidet med UKL-områda ligg hos dei aktuelle kommunane, men dei treng i varierende omfang hjelp og støtte frå Statsforvalteren og regional kulturmiljøforvaltning for å forvalte områda. Vi tek aktivt del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. På slutten av 2022 vart «Regionalt forum for UKL-områda og verdsarvområdet i Møre og Romsdal» oppretta. Forumet skal styrke dialogen og stimulere til auka samarbeid mellom områda, forvaltningsnivå og fagmiljø.

Forumet består av kommunale saksbehandlarar for UKL og verdsarv og representantar frå regional forvaltning hjå statsforvaltaren si landbruksavdeling og miljøvernavdeling, og kulturmiljøseksjonen hjå fylkeskommunen. Andre deltakarar, som lokale arbeidsgrupper eller foredragshaldarar, kan bli invitert etter ønske og behov. Utover dette har vi jamnleg kontakt med kommunane etter høve. For 2023 planlegg vi å arrangere ei regional nettverkssamling for UKL og VAR,.

#### **Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden**

I verdsarvområdet er det innvilga 3,9 mill. kroner, der 47 % er gitt til investeringstiltak og 53 % til årleg skjøtsel og drift. I verdsarvområdet er største miljøtema; landskapskjøtsel (60 %) og andre næringsretta tiltak (29 %).

Av investeringstiltak er det prioritert å gi tilskot til investeringar på Herdalssetra. Her har det vore stor kostnadsauke på investeringane, t.d. material, reiskap som kan brukast for å drive tungdrivne areal, reiskap/utstyr som gjer det lettare å kome til areal utan vegsamband og opparbeiding av stiar/råser

der det er fare for utrasing. Tilskota sjåast på som særskilte viktige for å oppretthalde og styrke landbruket i området.

Det tradisjonelle landbruket i Geiranger har over tid vore under nedbygging. Ein har trass i dette i stor mon klart å halde kulturlandskapet relativt intakt ved bruk av tilskotsmidlar, men marginale areal er prega av gjengroing. Det er berre to aktive driftssenter med dyrehald att innanfor verdsarvområdet i sjølve Geirangerbygda, og perspektivet på vidare drift er usikkert. Samtidig er det fleire med driftssenter utanfor, som bidreg til skjøtte arealet innanfor.

Det er ikkje etablert ny næringsverksemd i 2022, men det er gitt tilskot til tiltak som kan sikre fortsett jordbruksdrift og næringsutvikling innanfor det tradisjonelle jordbruket. Det er mellom anna innvilga tilskot til større investeringar i driftsapparatet på Herdalssetra. Desse midlane er avgjerande for fortsatt drift.

I 2022 vart det utarbeida og vedtatt ein ny felles tiltaksplan for kulturlandskapa for dei to delområda i Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Hovudmomenta i den nye tiltaksplanen byggjer m.a. på eksisterande tiltaksplan, eit felles lokalt regelverk utarbeidd av delområda i fellesskap, og rapportar og analysar av erfaringar med ordninga (brukarundersøkingar).

Samarbeidet mellom dei ulike aktørane på lokalt og regionalt nivå fungerer godt. Stranda kommune er med i det regionale forumet for UKL-områda og verdsarvområdet. Vi har også dialog og samarbeid med Vestnorsk fjordlandskap - delområdet Nærøyfjorden i Vestland, som vi ser på som veldig positivt.

**Utvählte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen**

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse landbruksområdet	Beskrivelse miljøområdet
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Ja. Tilskotet bidreg til å ta vare på/styrke jordbruksdrifta og jordbruksrelatert næring i områda -som igjen bidreg til å sikre andre verdiar i kulturlandskapet (t.d. biologiske og kulturhistoriske).	Ja. Det blir innvilga tilskot til tiltak som tar vare på biologisk mangfald og kulturminne/kulturmiljø. NB: tiltak for biologisk mangfald blir ofte registrert under miljøtema «landskapsskjøtsel», og kjem derfor ikkje fram på statikken over miljøtema «Biologisk mangfald». Dette skal vi få ordna.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket? Er det positive trender i områdene?	Stabile til styrka  Auka interesse og engasjement rundt ordninga. Investering i driftsapparat og seterdrift (t.d. Gammelsetra i Sunndal og Herdalssetra Geiranger).	Stabile til styrka  Auka bevisstheit rundt miljøverdiene i områda.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdier eller jordbruksdrift i områdene?	Generasjonsskifte på fleire bruk. Usikkerheit knytt til vidareføring av drifta. Mangel/nedgang i talet på beitedyr i mange av områda Til tider mangel på tradisjonshandverkarar (som gjer at tiltak må bli sett på vent, ikkje blir gjennomført). Mangel på tid og ressursar i kommunane	Mangel på kulturminnefagleg- og miljøfagleg i kommunane.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdier og jordbruksdrift?	Det er ikkje oppretta ny næringsutvikling i områda i 2022, men det er gitt tilskot til å oppretthalde og vidareutvikle eksisterande verksemd.	Same svar.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Alnes- Ja. Hjørundfjorden og Norangsdalen – Ja. Fjellgardan i Sunndal – p.t Nei. Plan er under utarbeiding, der utkast er estimert ferdigstilt i februar 2023. Eikesdalen –p.t Nei. Plan er under utarbeiding, og på høyring til mai 2023.	Same svar.
Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	Alnes- Ja. Hjørundfjorden og Norangsdalen – Ja. Fjellgardan i Sunndal – Plan er under utarbeiding, der utkast er estimert ferdigstilt i februar 2023. Eikesdalen – Plan er ute på høyring til mai 2023.	Same svar.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørane på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	Ja. Regionalt nivå tek aktivt del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer /treng det for alle fagområde.	Same svar.

**Styrke arbeid og helse som fagområde (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)**

**Rapportere på**

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for kartleggingen av tjenestesamhandlingen som er etablert mellom NAV-kontor og kommunenes helse- og omsorgstjeneste
- Redegjøre for felles tiltak for å styrke og bedre tjenestesamhandlingen om tjenestemottakere/pasienter som har behov for tjenester fra NAV og helsetjenesten

Vi mottok kartlegging fra HOD og AID, gjort høsten 2021. Låg svarprosent på denne undersøkelsen gjer at ein må vere forsiktig med konklusjonar på bakgrunn av undersøkinga. Tre av fire av respondentane frå vårt fylke har svart at dei meiner det er behov for å styrke samarbeidet mellom NAV og kommunehelsetenestene. På spørsmål om kva som må til for å lykkast med samarbeidet er det i NAV flest som svarar auka kunnskap om tenesten, direktenummer og meir tid til samhandling. Når det gjeld samarbeid med fastlegane arrangerer vi, i samarbeid med legeressurs i NAV, trygdemedisinkurs kvart andre år. Vidare har vi etter den landsomfattande undersøkelsen om tilgjengelege tenester i NAV, sett at også dei kommunale tenestene ønska direktenummer til NAV Sluttrapporten frå Helsetilsynet har ført til at fleire NAVkontor har lagt til rette for at andre kommunale tenester kan ta direktekontakt med sitt lokale NAVkontor.

**3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk**



## Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2022	Fagdep. 2022	Kapittel 0525, 2021	Fagdep. 2021
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	1 665	2 160	2 063	1 604
Barne- og familiedepartementet	3 279	1 099	3 164	1 225
Helse- og omsorgsdepartementet	19 874	5 207	19 607	4 743
Justis- og beredskapsdepartementet	6 663	11 222	7 270	11 149
Klima- og miljødepartementet	12 211	8 274	13 832	6 712
Kommunal- og distriktsdepartementet	33 086	926	30 539	1 710
Kunnskapsdepartementet	8 619	3 451	8 542	3 565
Landbruks- og matdepartementet	13 687	363	12 677	160
Andre	145	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>99 229</b>	<b>32 702</b>	<b>97 694</b>	<b>30 868</b>

LDD: Har auka innsatsen for å tilnærme oss BDF-modellen. KDD: Auka i utgifter kjem som følgje av auke i fellesutgifter/husleie, organisasjonsgjennomgang, medarbeidarsamling, og reduserte prosjektmidlar,

### 3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Samlet sett meiner vi at Statsforvalteren i Møre og Romsdal leverer rimeleg gode tjenester til oppdragsgivere og innbyggere innanfor dei økonomiske rammene vi rår over i 2022.

Det er imidlertid fortsatt slik at det ikkje er samsvar mellom oppdrag og ressurser frå fleire av våre oppdragsgjevarar. Dette gjeld oppdrag frå HOD, JD og KDD. Vi har meldt tilbake at vi ikkje vil ha full måloppnåing både i vår tilbakemelding på foreløpig tildelingsbrev og i oversikt over vesentlege risikomoment som vil hindre måloppnåing.

I 2019 vart Statsforvaltaren si fellestjeneste oppretta. Vi opplever at STAF gjennomfører ei gevinstrealisering ved å tilbakeføre små og store oppgåver til statsforvaltarane. Flytting av oppgåver innfor staten er ikkje effektivisering.

Vi opplever manglande kommunikasjon ved opphør av tenester frå STAF, dette har blant anna ført til at vi har missa sakshandsamings-fristar.

DFØ har som oppdrag å sørge for at staten har tilgang til nødvendige datasystem innfor sine fagområde. Det er urovekkjande at DFØ har ei prismatrise som gjer at statsforvaltarane og andre i verksemdene i staten ikkje har økonomiske ressurser til å ta i bruk desse systema som ville ha ført til ei effektivisering med tanke på gjenbruk av data.

## 4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

### 4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Våre viktigaste styringsverktøy er tildelingsbrevet, hovedinstruksen og strategisk plan som vert operasjonalisert i kvar avdeling gjennom virksomhetsplaner for kvart enkelt driftsår.

Statsforvaltaren har mål- og resultatstyring som grunnleggjende styringsprinsipp, og nyttar i tillegg metode med målskjema for å løfte fram særskilte utvikling/utfordringsområde innfor våre oppdrag. Desse vert utarbeidd og godkjent i leiarmøtet etter at alle avdelingane har operasjonalisert tildelingsbrev og hovedinstruks for komande år. På denne måten sikrar vi eit meir heilskapleg leiarskap, kor alle er forplikta til å bidra. Budsjettet som SFMR får tildelt i tildelingsbrevet vert fordelt som rammer til våre avdelingar/stabar.

Embetsleiinga gjennomfører resultatssikringsmøter med alle direktørar/stabsleiarar 2 gonger i året for gjennomgang av status på oppdrag og økonomi.

Allmøter, og medarbeiderdag/samling er viktige arenaer for å bygge laget hos Statsforvaltaren. Likedan gjennom faste oppsette møter for medråderett, og møter i AMU.

I tillegg kjem tverrgåande gruppe. Til dømes Oppvekstgruppa og gruppa for KlimaSNU satsinga vår.

#### 4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Vi har ikkje gjort endringar i vår risikostyring i 2022.

I vår risikostyringspolicy har vi skissert korleis vi gjennomfører risikostyringa knytt til måloppnåing i embetet. Vi knytter risikostyring til virksomhetsplanarbeidet i embetet, og jobber med kontinuerleg forbetring av alle våre fagområde. Risikostyringa i embetet starter i strategisk ledergruppe på overordna nivå i oktober/november etter at vi har fått tilsendt foreløpig tildelingsbrev, og før fordeling av rammer til avdelingane. Avdelingane gjennomfører etter dette risikostyring på sine områder både i samband med virksomhetsplanarbeidet og gjennom heile året.

Strategisk leiargruppe går gjennom dei kritiske faktorane for at vi kan gjennomføre dei måla som er gitt statsforvalteren gjennom tildelingsbrev og hovedinstruksen.

I arbeidet med verksemdsplanlegging i avdelingane er det gjort risikovurderingar og utifrå desse er prioriteringane tilpassa situasjonen i vårt fylke, slik at ulempene vert minst mulig. Vi melder attende vesentlege risikomoment knytt til oppdrag i tildelingsbrev og hovedinstruks.

Embetsleiinga gjennomfører to resultatssikringsmøte i året med alle direktørar/stabsleiarar for status på oppdrag og økonomi, samt oppdatert risikovurderingar.

Trass i auka tildeling som følge av ny budsjettfordelingsmodell vil vi likevel måtte gjere prioriteringar av oppdraget då det ikkje er samsvar mellom ressursar som vert stilt til disposisjon og oppdraga gitt i tildelingsbrev og hovedinstruks.

#### 4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har internkontrollsystem for informasjonssikkerhet, HMS og kvalitetssystem for avdelingane. Vi bruker systemet Risk Manager som har funksjonar for dokumentforvaltning, rapportering, avvikshandtering og risikovurdering.

I 2022 har statsforvaltarane vorte samde om å ha eit felles leiarsystem for informasjonstryggleik. Dette fører til at vi må gjere noko tilpassing i vårt eige system.

#### 4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

I 2022 har også vi merka at arbeidsledigheita er lav og at det er kamp om arbeidskrafta. Vi har gjort eit lite tiltak i ft. lønnsnivået i eiga verksemd for kompetanse som det er knapphet på.

Vi har hatt tilstrekkeleg søkjarmasse på dei fleste av våre ledige stillingar i 2022, med eit unntak der vi avslutta tilsettingssaka utan tilsetting.

Vakanse i stillingar som følge av utfordring med rekruttering og sjukefråvær har ført til at vi ikkje har full måloppnåing på alle våre fagområde i 2022.

#### 4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Fagavdelingane har oversikt over eige utstyr for bruk i arbeidet utfor embetet. Eks. Herje genbank. Elles har vi ikkje egedelar av vesentleg verdi.

#### 4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2021.

Riksrevisjonen gjennomførte fysisk revisjon hausten 2022, der dei utførte revisjonshandlingar knytt til våre rutiner for handsaming av lønn, tilskudd og regnskap for regnskapsåret 2022. På avsluttande møte kunne dei ikkje hadde funne vesentlege feil eller manglar. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2023.

Status for informasjonssikkerheitsarbeidet:

Vi har hatt 9 avvik som gjeld informasjonssikkerheit i 2022. Avvika er handtert og rutiner gjennomgått for å unngå slike hendingar i framtida. 2 av avvika vart meldt til Datatilsynet. Det er gjennomført tiltak for å lukke dette aviket og begrense konsekvensane.

Vi har også i år gjennomført Nasjonal sikkerhetsmåned med opplæring av alle tilsette i informasjonssikkerhet.

Vi gjennomfører obligatorisk opplæring av alle nyttilsette i samband med underskriving av databrukaravtale.

## **4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende**

Likestilling:

I embetet er det no 90 kvinner og 40 menn, fordelinga mellom kvinner og menn er på same nivå som dei siste åra.

Også på leiarnivået er det ei overvekt av kvinner. Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born.

Sjukefråvær

Det normale for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er eit jamnt over lågt sjukefråvær, men med svingningar. I 2022 hadde vi eit høgare sjukefråvær enn 2021 som var historisk lågt.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal jobber systematisk med nærværarbeidet.

Vi har i 2022 hatt 16 HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til manglande temperaturstyring og ventilasjonsstøy.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

### 5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

#### Globale kriser

Både Covid-19 pandemien og krigen i Ukraina har medført store endringar globalt, nasjonalt og lokalt. E-tenesta, PST og NSM stadfestar i dei opne trugselvurderingane for 2023 at den tryggingspolitiske situasjonen for Noreg og Europa er varig endra som følgje av Russlands invasjon av Ukraina. Dette gjev oss eit endå tydelegare behov for å sette vidareutvikling av totalforsvaret på dagorden, og vi ser føre oss at dette vil bety ei auke i oppdragsmengda til Statsforvaltarane i tida som kjem.

I tillegg vil omsynet til klimaendringar, naturkrise og auka forventningar både frå kommuner og sentrale mynde gjere at arbeidsmengda på beredskapsområdet hos Statsforvaltarane ventas å auke.

Auka vern til lands og til havs vil krevje store ressursar framover. Situasjonen med å ivareta natur, og samtidig leggje tilrette for næringsutvikling, bosetting og nødvendige infrastrukturprosjekt, vil krevje tydelige rammer og utvikle nye måtar og jobbe langsiktig med desse utfordringane. Felles forståing og god dialog frå tidleg fase, er naudsynt for å lykkast i lag.

Vidareutvikling av totalforsvaret, og behovet for gradert kommunikasjon, gjer at infrastruktur må ervervast og vedlikehaldast. Dette fordrar auka budsjettammer, tilgang på H-rom og tydelegare oppdrag på området.

#### Klima og skogproduksjon

Den planta granskogen på Vestlandet har ein formidabel produksjonsevne. Omtrent 80 % av all hogst her skjer i hogstklasse 4. Ein konsekvens av dette er at vi går glipp av den verdiskapinga og karbonbindinga som vi ville oppnådd ved å vente til skogen nådde hogstklasse 5. Gran på Vestlandet kan lett doble volumet sitt i desse siste 20 åra av omløpet. Ved dagens praksis tapar dermed både skogeigar og klima.

For å ta ut potensialet til fulle, treng vi hjelp til å forbetre moglegheita for å styre skogeigarsamvirke si rettleiing av skogeigar. Denne rettleiinga finansierast med rentemidler frå skogfondet. Krava til korleis sogeigarsamvirke skal løyse oppgåva må bli strengare. Skogeigarsamvirke må få eit større ansvar for at hogst ikkje skjer før hogstklasse 5 og at planting er gjennomført innan tre år etter hogst.

#### Landbruk

Det er mjølkeproduksjonen som er den viktigaste produksjonsgreina i landbruket i fylke. Vi har framleis mange mjølkebruk som ikkje har lagt om til lausdrift. Dei vala som blir gjort på desse bruka vil bety mykje for kva type landbruk vi vil ha i fylket dei neste 10-åra.

I Møre og Romsdal er 96 % av arealet nytta til grasproduksjon. Korleis marknaden for mjølk og raudt kjøt utviklar seg er derfor av stor betydning for vårt landbruk.

#### Om verjemålsforvaltninga

Verjemål har vore eit prosjekt i 10 år, og er enno ikkje lagt inn i ramma frå Justisdept. Så lenge prosjektet er underfinansiert, kan ikkje dette bli overført til ramma. Å ta frå andre departement si bevilgning er ikkje lenger akseptert. Vi har finansiert 3,5 stilling på andre måtar. Dette skal vi ta ned i 2023, eller så snart det lar seg gjere utan oppsigelsar. Konsekvensane er ei svært høg arbeids-belastning på dei som arbeider med verjemål. Vi har hatt ein stor turnover og høgt sjukefråvær blant medarbeidarane. På sikt vil dette få konsekvensar med auka sakshandsamingstid.

#### Kompetanse og rekruttering

Intern i embetet arbeider vi no med ein framtidsretta rekrutterings-strategi, samt korleis vi skal bli enda betre til å vidareutvikle den kompetansen vi allereie har. Vi har tidlegare i årsrapporten vist til at vi har teke grep med å auke løna til juristane, men framtida vil nok også utfordre oss på korleis vi anvender kompetansen på ein betre måte.

### 5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

#### Kort oppsummert kva som er utfordrande for å nå mål på lengre sikt:

- Stadig nye oppdrag med gradvis reduserte rammer
- Manglande tilgang på kvalifisert arbeidskraft
- Auka lønnskostnadar for å rekruttere og behalde dyktige medarbeidarar
- Langtidsverknadar av at verjemålsprosjektet er underfinansiert
- Alt for stort press på helse- og sosialområdet, der oppgåvene og forventningane ikkje er i samsvar med den finansieringa som kjem frå HOD, Hdir og Helsetilsynet.

## 6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)

## 7 Vedlegg

### Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	1 004.0
Budsjettavvik (%)	1.0 %

Vi meldte attende prognose for årsresultat i 2. tertial eit mindreforbruk på 1 000.000,-. Regnskapsresultatet vart eit mindreforbruk kr. 1 004 000,-.

### Husleie

Husleie (tusen kr)	9 186 797.0
Husleie (% av driftsutgifter)	9.3 %

Auke i husleie kjem av eit høgare kostnadsnivå på alt som inngår her.

### Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	73 496	42 110	31 386

### Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2022
052501	99 906
052521	4 652
Post 01 (unntatt 052501)	18 049
Post 20-29 (unntatt 052521)	71 092
Post 30-39	8 880
Post 40-49	0
Post 60-69	52 131
Post 70-79	10 556
Post 80-89	4 730

### Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 726.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	5.4 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	366.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	3.7 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 360.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	6.1 %
Antall legemeldte sykedager for menn	245.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	2.5 %
Avtalte arbeidsdager for menn	9 776.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	939.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4.2 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	22 187.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	121.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.2 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	421.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.9 %

Vi har hatt ei auke i sjukefraværet frå 2021 til 2022. Sjukefraværet er over måltalet 4.0% som vi har satt sjølv. Vi har kontinuerleg fokus på nærvær.

## Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Arslønn kvinner	Arslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	98.0	71.0 %	40.0	29.0 %	680 330.0	638 352.0	106.6 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	9.0	81.8 %	2.0	18.2 %	1 057 755.0	923 500.0	114.5 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	9.0	75.0 %	3.0	25.0 %	820 433.0	840 767.0	97.6 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	51.0	72.9 %	19.0	27.1 %	651 320.0	644 932.0	101.0 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	25.0	73.5 %	9.0	26.5 %	582 088.0	606 867.0	95.9 %
Kategori 5: Kontorstillinger	4.0	66.7 %	2.0	33.3 %	492 874.0	513 550.0	96.0 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	5.0	100.0 %	0.0	483 369.0	0.0 %
Kategori 7: Lærlinger							

Andel kvinners lønn av menns lønn er 106,6%, litt høyere enn i 2021 og 2020. Elles så svinger tala for kategoriene frå år til år. I 2022 har kategori 1 og 5 hatt ei negativ utvikling, medan kategori 2, 3 og 4 hatt ei positiv utvikling frå 2021.

## Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2022
Totalt antall årsverk	126.0
Totalt antall årsverk for kvinner	86.5
Totalt antall årsverk for menn	39.5
Totalt antall årsverk for faste stillinger	120.5
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	5.5
Sum andel administrasjon	3.8 %
Økonomi	0.8
Lønn	0.4
Personal	1.3
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.3
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Innkjøp 0,2, Kursadministrasjon 0,5, Digital medarbeidar 0,5.

## Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2022
Turnover i prosent	5.5 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	145.0
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	8.0
Totalt antall ansatte som sluttet	25.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	6.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	19.0

Turnoveren i 2021 var ekstremt lav pga korona og det var forventet at denne skulle verte høyere i 2022. Vi er enno ikkje på nivået som vi var før korona. Færre midlertidig tilsette i 2022 enn i 2021.

## HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	98	40	138
Sum antall deltidsansatte	14	2	16
Sum antall midlertidige ansatte	2	1	3
Sum antall ansatte med personalansvar	13	3	16
Ufrivillig deltid			0

Færre tilsette enn i 2021, men fordelingen mellom kvinner og menn er som før. Nedgang i midlertidig tilsette. Vi har berre frivillig deltidsstilsette, og antalet er som i 2022.

## Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	99 229.0
Administrativ kostnadsdekning	4 785.0
Brutto driftsutgifter	104 014.0
Lønn 052501	86 686.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	83.3 %

## HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2022
Sum antall ansatte	138
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	4
Antall ansatte 30 - 39 år	24
Antall ansatte 40 - 49 år	43
Antall ansatte 50 - 59 år	41
Antall ansatte over 60 år	26
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	33
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	164
Antall kvinner i foreldrepermisjon	1
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	20
Dagsverk foreldrepermisjon menn	299
Antall menn i foreldrepermisjon	3